



Kunnskap Identitet Verdiskaping

KULTURMINNEPLAN
FORSAND KOMMUNE
2019





Kunnskap Identitet Verdiskaping

KULTURMINNEPLAN
FORSAND KOMMUNE



UTGITT AV FORSAND KOMMUNE 2019

KULTURMINNEPLAN FORSAND

Forsand kommune 2019

Prosjektleiar: Kulturleiar Eva Landre Meling

Arbeidsgruppe: Steinar Håland, Rune Idsøe,

Årstein Løland og Eva Landre Meling,

Tora-Liv Thorsen (Forsand sogelag)

og Åshild Hus (Lysefjorden Utvikling)

Prosjektmedarbeidar/forfattar: Roy Høibo

Fotograf (når ikkje anna er nemnt): Lise Bjelland

Kart: Ellen Jepson

Utforming: Ivar Oftedal

Trykk: Gunnarshaug

Ryfylkemuseet har stilt kontor, bil og utstyr til
rådvelde for arbeidet.

*Foto på framsida frå Flørli. Flørli overgår det meste
som historieforteljande og verdiskapande kulturminne.
Men her er òg store utfordringar.*



Innhald

| | | | |
|---|----|-----------------------------|-----|
| FORORD | 11 | Lysefjorden | 63 |
| DEL I - KUNNSKAPSGRUNNLAGET | 12 | Sørsida av Lysefjorden | 64 |
| EI MENNESKESKAPT HISTORIE | 14 | Fjerdingsskifta i fjorden | 65 |
| KULTURMINNE OG KULTURMINNEVERN | 18 | Bergsholmen | 66 |
| Kvifor ta vare på kulturminne | 20 | Fossmork | 67 |
| Arbeidet med planen | 22 | Kallali | 69 |
| Nasjonale føringer | 23 | Lyse og Auklend | 71 |
| Regionale planar | 23 | Nordsida av Lysefjorden | 73 |
| Kommunale planar | 25 | Håheller | 74 |
| Andre aktørar | 26 | Kallastein | 78 |
| Registrering av kulturminne frå nyare tid | 26 | Songesand | 78 |
| Sefrak-registeret | 26 | Fjellgardane | 78 |
| Institutt for landskapsarkitektur | 28 | Rossavik | 82 |
| FINK | 29 | Espedalen | 83 |
| Andre innspele | 29 | Helle | 84 |
| Verdisetting av kulturminne | 30 | Mæle | 84 |
| Alder, historie og autentisitet | 30 | Nedre Espedal | 85 |
| Arkitektur, form og estetikk | 30 | Øvre Espedal | 86 |
| Samanheng og heilskap | 31 | Øvre Espedalsstølen | 88 |
| Dokumentasjon og formidling (kjeldeverdi) | 32 | Byggeskikken | 90 |
| Utvila kulturminneomgrep | 33 | Stovehusa | 91 |
| Målet med planen | 33 | Uthusa | 97 |
| KULTURMINNE FRÅ FØRHISTORISK TID | 36 | INDUSTRISAMFUNNET | 100 |
| Tidlege spor etter busetting | 39 | Treindustrien | 102 |
| Første kjende bronsealderlandsby i Norge | 41 | Bygdekunstnarar | 104 |
| Landa | 42 | Båtbyggaren | 104 |
| Kulturminne frå nyare tid | 46 | Stein og sand | 106 |
| Bondesamfunnet | 48 | Sandindustrien | 106 |
| Forsand | 50 | Vasskrafta | 107 |
| Bergevik | 50 | Flørli | 110 |
| Fossanhagen | 53 | Lysebotn | 114 |
| Haukali | 54 | Andre kulturminne | 116 |
| Oanes og Meling | 56 | Bygningane til fellesskapet | 116 |
| Sisselhuset | 59 | Samferdslehistoriske minne | 118 |
| Meling | 59 | Gjenstandssamlingar | 120 |
| | | Privatarkivmateriale | 121 |
| | | Fotosamlingar | 122 |
| | | Folkemusikk | 122 |
| | | Namnegranskning | 122 |

| DEL II - HANDLINGSDELEN | 124 | DEL III - VEDLEGG | 147 |
|--|-----|--|-----|
| VIKTIGE KULTURMINNE I FORSAND | 126 | Bygningar regulert til spesialområde bevaring | 148 |
| KVA TRUGAR KULTURMINNA | 128 | Bergevik | 148 |
| Alminneleg forfall | 128 | Bygningar registrert i SEFRAK | 148 |
| Byggearbeid | 130 | Bygningar i vernekasse A | 148 |
| Andre trugsmål | 132 | Bygningar i vernekasse B | 149 |
| Brå hendingar | 132 | Informantar | 152 |
| Framandelement | 132 | Litteratur og kjelder | 153 |
| Tilgroing | 132 | Retningslinjer for tiltak innanfor spesialområder | 155 |
| VIRKEMIDDEL I KULTURMINNEVERNET | 134 | Noter | 156 |
| Legale virkemiddel | 134 | | |
| Retningslinjer | 135 | | |
| Andre virkemiddel i kulturminnevernet | 135 | | |
| Tilrettelegging, oppmuntring og formidling | 135 | | |
| Tilskottsordningar | 135 | | |
| STRATEGIAR OG TILTAK | 138 | | |
| 1.0 Allmenne tiltak | 139 | | |
| 1.1 Styrke medvitet om bygningsarven | 139 | | |
| 1.1.1 Publikasjonar | 139 | | |
| 1.1.2 Skilting | 139 | | |
| 1.1.3 Skjøtsel | 139 | | |
| 1.1.4 Utstillinger | 139 | | |
| 1.1.5 Arrangement | 140 | | |
| 1.1.6 Nettbaserte formidlingstiltak | 140 | | |
| 1.2 Kvalitet | 142 | | |
| 1.2.1 Kurs, seminar og foredrag | 142 | | |
| 1.2.2 Byggeskikkpris | 143 | | |
| 1.2.3 Hjelp og rettleiing | 143 | | |
| 1.3 Økonomisk støtte | 143 | | |
| 1.3.1 Eksterne tilskott | 143 | | |
| 1.3.2 Kommunale tilskott | 143 | | |
| 2.0 Tiltak for prioriterte kulturminne | 143 | | |
| 2.1 Lysefjorden | 144 | | |
| 2.1.1 Bergevik | 144 | | |
| 2.1.2 Landa | 144 | | |
| 2.1.3 Flørli | 144 | | |
| 2.2 Espedalen | 145 | | |
| 3.0 Styrking av kunnskapsgrunnlaget | 145 | | |
| 3.1 Administrative ressursar | 146 | | |



Forord

Kulturminne og kulturmiljø er viktige i vårt lokalsamfunn. Desse gir kunnskap som fortel oss om fortida slik at me betre kan forstå nåtida. Kommunen er ein avgjerande instans i arbeidet med å ta vare på dei lokale verdiane. Samstundes som kulturhistoria er ein ressurs for god verdiskaping og samfunnsutvikling i framtida. God forvaltning krev både kunnskap og oversikt.

Kulturminnearbeidet har fleire perspektiv i vårt lokalsamfunn både økonomisk, kulturelt, miljømessig og sosialt. Økonomisk ved at me kan gjenbruka gamle bygg til nye næringar. Dette kan gje unike opplevingar for turistar. I tillegg til å bygga identitet, formidla kunnskap og stimulera til gode nærmiljø med høg livskvalitet.

I kulturminneplanarbeidet har me lagt vekt på å visa eit representativt utval foto av våre kulturminne. Me er klar over at å ta vare på alt ikkje lar seg gjera. Med denne planen får me ei betre oversikt over kva me har av kulturminneverdiar og kva som er tenleg å ta i bruk. I planarbeidet held me fast på at kulturarven skal vera ei investering for framtida.

I kvar grend finst det spor etter menneske. Nye generasjonar kan gjennom det å sjå og bli fortald få kjennskap til korleis folk livnærde seg og budde før i tida. Å oppleva kulturminna i autentiske miljø har god effekt når det gjeld å vekka interesse og engasjement for kulturarven. Er dei lokalhistoriske spora å finna nærmiljøet, har dei verdi for identitetsbygging og oppleving av å høyra til i grenda. Slik kan barn og unge erfara at dei er eit verdifullt generasjonsledd på den store tidslina fortid, nåtid og framtid.

Parallelt kan kulturminne og friluftsliv sjåast i samanheng, og på den måten kombinera kultur- og naturopplevingar med kunnskapsformidling og fysisk aktivitet. Det er helsefremjande at me kjem oss ut i terrenget og samtidig får kjennskap til lokalhistoria. Kunnskap vil gje oss lyst til å ta vare på det som har vore viktig for levekår og næringsliv i Forsand. Samtidig kan det inspirera til å utvikla og skapa nye verdiar ved å ta i bruk det som er særmerkte kulturminne i Forsand kommune.

Kommuneplanen med arealdelen er styrande for administrasjonen i forvaltinga av kulturminne. Kulturminneplanen skal definera kva som er av størst verdi. Registreringsarbeid, kunnskap og kulturminneopplevingar er viktige element i arbeidet med å ta vare på kulturarven. Der me trur at beste vern er gjennom bruk.

Kulturminneplanen bygger på Sefrak-registreringane som blei gjort for mange år sidan. I forarbeidet til planen hadde me ei feltarbeidsveke for å få oversikt over tilstanden til desse ulike objekta. Som eit resultat av dette blir kulturminna følgde opp i planen i ein handlingsdel med strategiar og tiltak.

Kulturminneplanen er blitt ei fin historiebok om Forsand kommune. Mellom desse permane ligg viktig kunnskap som heilt sikkert vil bli til nytte etter samanslåing med Sandnes kommune 1.1.2020.

Takk til alle som velvillig tok i mot oss og som gav oss opplysningar, viste oss rundt og let oss få ta bilet som i planen er viktig dokumentasjon.

*Forsand den 18. mars 2019
Eva Landre Meling*



DEL I

KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Fotografiet er ei god kjelde til kunnskap om endringar i kulturlandskapet. Bildet er frå Øvre Espedal, og er eit av fleire i ei samling som Terje Nysted har levert inn til Ryfylkemuseet.



Ei menneskeskapt historie

I åtte tusen år har det budd folk i Forsand. Men grunnlaget for at folk kunne busetta seg i Forsand for 8 000 år sidan var spesiell, og var eit viktig grunnlag for forståing av istida.

For kring 13 000 år sidan starta ei klimaendring som gjorde at isen som låg over landet tok til å smelte. Under smeltinga pressa isen grus- og jordmasser framfor seg. I Forsand blei desse massane liggande att som ei enorm morene, 700-800 meter lang og 40 meter høg, og eit tydeleg element i landskapet. Det var dansken Jens Esmark som kom til å oppdage dette fenomenet på ei ferd til Forsand i 1823 for å sjekke opp utvegane til gruve drift. Oppdagninga ga grunnlaget for ny forståing av korleis landskapet var forma av isen. Morena ved enden av Haukalivatnet fekk namn etter oppdagaren, og er såleis kjent som Esmarkmorenen.¹

Då isen blei borte, kunne folk etter kvart finne livberging langs strandene, og etter kvart innover i dalane. Dei første spora etter folk er tidfesta til kring 6 000 år før vår tidsrekning.


Den tidlegaste historia blir kalla førhistorisk tid. Med det meiner ein tida før det finst skriftlege kjelder til kunnskap om historia. Dette er tida frå den siste istida og fram til kring 1000 e.Kr. Dei kjeldene ein då har å bygge på er restar etter menneskeleg aktivitet, som ofta gøymt under overflata. I Forsand er det registrert eit stort tal funn frå førhistorisk tid. Det er enkeltgjenstandar, fangstinnretningar, restar etter busettingar og gravminne. Det finst spreidde framstillingar av korleis desse funna er tolka. Til saman gir dei eit bilde av eit fangst- og jordbruksamfunn i sakte vekst.

- *Den førhistoriske tida blir delt inn i ulike periodar:*
- *Steinalderen, fram til ca. 1800 f.Kr.*
- *Bronsealderen, ca. 1800-500 f.Kr.*
- *Jernalderen, ca. 500 f.Kr. – 1050 e.Kr.*

I Forsand er det gjort særleg rike funn frå bronsealder og jernalder.

Etter denne tida får vi ein periode på kring 500 år som blir kalla mellomalderen, altså tida frå førhistorisk tid ca. 1050 og fram til reformasjonen i 1536. Frå denne tida har vi

Forsand er sjeldan rik på kulturminne frå førhistorisk tid. Under helleren på Håheller er det påvist busetting frå yngre steinalder (ca. 4200 år før nåtid).



inga samanstilt framstilling av utviklinga i Forsand, men må halde oss til meir generelle framstillingar av ei historie som handlar om framveksten av gardssamfunn og større samfunnsstrukturar fram til tilbakeslaga som følgde av dei store pestane mot slutten av mellomalderen.

Frå 1500-talet blir kjeldene til kunnskap om livet i bygdene meir mangfaldig. Sigrun Engen, som har skrive den store Forsandboka², reknar tida frå 1519 som den tida ein har meir sikre kjelder til kunnskap om gards- og bygdehistoria. Forsandboka er ein detaljert gjennomgang av gardshistoria bygd for bygd og gard for gard frå så langt tilbake som ein har skriftlege kjelder og fram mot vår tid.

Eit meir samanfattande verk er Kultursoga for Forsand³ som kom i 2002. Her får vi ei analytisk framstilling av liv og arbeid frå 1800 og fram til nåtid. Det er også frå denne tida vi i hovudsak kan vente å finne ståande byggverk som kan vera aktuelle å vurdere som verneverdige kulturminne.

Brandal skildrar 1800-talet som eit århundre i omforming. Det var eit jordbruks-samfunn som fekk ei sterk folketalsutvikling utetter hundreåret, og med dei følgjer det fekk for bruksdelinga og framveksten av husmannsplassar. Men Forsand har og ei fiskerihistorie med sterk deltaking i vintersildfisket, ei historie om fjordafiske til heimebruk, og ei historie om brislingsfiske i Høgsfjorden med sidearme Lysefjorden og Frafjorden.



Dei første tillaupta til industri var etablering av ein treindustri mot slutten av 1800-talet. Frå 1899 var det også stor aktivitet i steinbrotet i Eiane, og frå 1904-1905 starta uttaket av sand i Forsandhagen. Den store tilkopplinga til industrisamfunnet, og omforminga av Forsand til ein kraftkommune, kom med etableringa av kraftstasjonen i Flørli i 1918.

Men det skjedde meir på 1800-talet. Det første skulehuset kom på Forsand i 1869, seinare kom det mange. Det er ei samferdslehistorie som startar med rutebåtar og kaiar, og heldt fram med vegbygging. Arbeidet med Ryfylkevegen starta i 1936 etter initiativ frå forsandordføraren Torgeir Espedal. Vegen var ferdig fram til Sand i 1965. Først i 1997 fekk Forsand sjølv vegutlysing. Då blei Lysefjordbrua opna.

Ved sida av dei hovudverka om Forsand-historia som er omtala her finst det ein rik lokalhistorisk litteratur om Forsand. Mykje av denne litteraturen er brukt som støtte i arbeidet. Det blir vist til litteraturen i fotnoter undervegs i planen, og det er tatt inn ei samla litteraturliste bak i planen.

Dette er grunnlagsmaterialet for arbeidet med kulturminneplanen, og kjelder til utfyllande informasjon om ein vil vita meir, men det er stoff som berre i avgrensa omfang er tatt inn i planen. Ein kulturminneplan kan ikkje vera eit samlande historieverk, men ein plan for kva minne frå fortida ein vil arbeide for å ta vare på. Dess meir kunnskap ein har om eit kulturminne, til større verdi vil det ha, og til viktigare vil det vera å setta i verk tiltak for å verne det.



Grupper av bygningar som til saman dannar heilskaplege kulturmiljø blir høgt verdsette i kulturminnevernet. Her eit bilde frå Bergevik som er regulert for verneformål. Sjøhuset til høgre er ein bygning med ei lang og interessant historie knytt til seg.

Kulturminne og kulturminnevern



Gamle tresko i eldhuset
på Norland.

Etter formuleringa i Kulturminnelova⁴ er kulturminne «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». Kulturmiljø er «områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng». Omgrepene omfattar dermed også spor menneska har sett etter seg i produksjonslandskapet.

Kulturminne kan også omfatte munnlege, handlingsborne og litterære minnes⁵, det som blir kalla den immaterielle kulturen, men for praktiske formål i arbeidet med kommuneplanlegging har det i stor grad vore vanleg å avgrense arbeidet til dei bygde omgjevnadane, eventuelt stader som det knyter seg særlege historier til.

Plikta til å ta vare på kulturminne og kulturmiljø er nedfelt i Kulturminnelova. I formålsparagrafen til lova heiter det at «Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning».

Kommunen er plan- og bygningsmyndighet, og er dermed ansvarleg for at nødvendig arealplanlegging finn stad, og at kulturminneinteressene blir innarbeidde i planen. Kommunen skal sjå til at det blir gjennomført eit tilfredsstillande samarbeid med den regionale kulturminneforvaltinga og at kommunen handhever vedtatte planar.⁶

I gjeldande kommuneplan for Forsand⁷ er det delplanen for områda friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK)⁸ som er utgangspunktet for kulturminnevernet. Under kapittel 5.8.4 i kommuneplanen står det at det er aktuelt å stadfeste og utarbeide eit eige tema for kjende kulturminne i kommunen. Vedtak om igangsetting av arbeidet med ein kulturminneplan blei gjort i Formannskapet 19. mai, 2015 (sak 016/15).

KVIFOR TA VARE PÅ KULTURMINNE

Det er mange grunnar til å vurdere vern av kulturminne. Kulturminne er kjelder til kunnskap om liv og arbeid i fortida, dei er viktige innslag i det visuelle miljøet og grunnlag for opplevingar, dei er ressursar og dei er grunnlag for verdiskaping. Det er mange grunnar til å ta vare på kulturminna i landskapet.



Kulturminnevern er ressursforvalting, og ein naturleg del av planlegginga og utviklinga av samfunnet.

Gjennom utforming, plassering og spor etter bruk kan eit kulturminne gi kunningskap om det livet som har vore levd i og rundt kulturminnet. Saman med andre kjelder, som arkivmateriale, foto og munnlege overleveringar, kan kulturminna gi oss innsyn i og forståing av historia. Kulturminna skaper det fysiske miljøet vi lever i, og gir oss utveg til å kjenne oss att, knyte oss til og gi oss gode opplevingar.

Etter kvart er vi blitt medvitne om at gamle bygningar representerer store ressursar. I ei verd der vi ikkje lenger berre kan bruke og kaste, blir det viktig å bruke opp att, ta i bruk og nytte dei ressursane som finst. Historiske bygningar representerer ressursar fordi dei alt er bygde. I tillegg er dei berarar av kunnskap som kan vidareførast i arbeidet med ei berekraftig utvikling. Pleie, reparasjon og gjenbruk er betre enn bruk og kast. Kunnskapen om materialar og byggemåtar er viktige bidrag til diskusjonane om korleis vi kan vedlikehalde, gjenbruke og bygge klimavennlege og sunne hus.

Gamle hus går dessutan direkte inn i klimarekneskapen ved at dei bind CO₂. På nordisk nivå har det vore stor interesse for å forstå gamle hus i klimarekneskapen, og reknestykket har kome ut i pluss for bevaring framfor riving og nybygg.⁹

Endå meir interessant er det nok for nokon at gamle hus og andre kulturminne gir grunnlag for verdiskaping. Mest tydeleg og direkte er dette i reiselivet. Framståande arkitektur og folkeleg byggeskikk har til alle tider vore besøksmål og attraksjonar for reiselivet. Men det er interessant å vera vitne til at bygningar som ein trudde hadde gått ut på dato er i ferd med å få ein renessanse som forretningsbygg. I media og andre stader, m.a. hos Design og Arkitektur Norge (DOGA), har ein sett at kjøpesentra ikkje er den store lukka for alle, at nokon begynner å vende tilbake til dei gamle bysentra, at det samtidig er i ferd med å utvikle seg andre måtar å bruke bygningar på, og at dette i sum gir grunnlag for ei revitalisering av bysentra og tettstader der ein har begynt å venne seg til at gamle forretningar står tomme.¹⁰

For dei som eig gamle hus er det interessant å sjå at god bevaring aukar verdien av bygningen. Det er ein tendens til at huskjøparar er villige til å betale meir for ein godt bevart eldre bygning i eit bevart miljø, enn nye bygningar i eit miljø som ennå ikkje har fått nokon karakter.

Det er altså både kunnskapsmessige, estetiske og økonomiske grunnar til å ta vare på gamle bygningar og andre kulturminne. Kulturminnevern er derfor ressursforvalting, og ein naturleg del av planlegginga og utviklinga av samfunnet.

ARBEIDET MED PLANEN

Arbeidet med kulturminneplanen har vore leia av kulturleiar Eva Landre Meling. Til støtte i arbeidet er det sett saman ei administrativ arbeidsgruppe med Årstein Løland, rådmannskontoret, Steinar Haaland og Rune Idsøe, seksjon plan og forvaltning. I tillegg er Tora-Liv Thorsen frå Forsand sogelag og Åshild Hus frå Lysefjorden Utvikling inviterte til å vera med i gruppa. Første møtet i gruppa var 3. juli 2017.

I mars 2018 blei det inngått avtale med Roy Høibo, Ryfylkemuseet, om å utarbeide forslag til fagleg innhald i kulturminneplanen. Det blei gjort noko førebuande arbeid våren 2018, medan hovudarbeidet er gjennomført i perioden september – november 2018. Etter høyring sommaren 2019 blei planen lagt fram til politisk behandling hausten 2019.

Rammene for arbeidet med ein kulturminneplan vil vera slik at han i stor grad må bygge på sekundære kjelder, altså registreringar og litteratur som alt finst, og i mindre grad på nyregistreringar og gransking av primærkjelder. Det siste ville krevja tid og ressursar langt ut over det som er sett av til formålet. Men det betyr ikkje at vi har dårlig grunnlag for å utarbeide ein kulturminneplan. Vi vil nedanfor gjera greie for dei kjeldene som har vore til rådvelde for arbeidet.

Kunngjering om oppstart av arbeidet og invitasjon til innspel blei gjort på nettsida til kommunen 11. mai 2018. Det blei dessutan lagt ut ei kunngjering om at det ville bli gjennomført synfaringar til aktuelle objekt i veke 37, 2018.

Arbeidet er gjennomført etter retningslinjer og med økonomisk støtte frå Riksantikvaren.

NASJONALE FØRINGAR

Dei nasjonale føringane for kulturminnevernet og planlegginga av denne er nedfelt i ei rekke utgreiingar og stortingsmeldingar, seinast i Meld.St.35 (2012-2013): *Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken*. Meldinga vidarefører hovudmåla frå St.meld. nr. 16 (2004-2005): *Leve med kulturminner* om at det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø «skal minimeres», og at den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i dei varig verna kulturminna og kulturmiljøa skal bli betre. Ambisjonen var at både vedlikehaldet og breidda skulle vera på plass innan 2020.

Kommunane er peika ut som viktige aktørar i kulturminneforvaltinga. Kommunane skal ha ansvaret for å ta vare på eit representativt utval av kulturminne som ein felles kunnskaps- og erfaringsbank, og som ein møteplass mellom fortid, nåtid og framtid. Miljøverndepartementet minner om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar, og at dei er tapt for alltid dersom dei blir fjerna eller øydelagde. Kulturminne representerer viktige verdiar, og har betydning for identiteten, trivnaden og sjølvforståinga til folk. Dei kan også vera ressursar for ei god samfunns- og næringsutvikling. Målet med kulturminnepolitikken er derfor å forvalte dei kulturhistoriske verdiane på lang sikt som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Då Riksrevisjonen undersøkte saka i 2006 fann han at arealstatusen og arealutviklinga i Norge på fleire område ikkje ivaretar verdiar og prinsipp som Stortinget har vektlagt for å sikre ei berekraftig arealdisponering, m.a. ved at kulturminne og kulturmiljø blir borte. Riksrevisjonen meinte at kommuneplanlegginga måtte brukast meir aktivt for å sikre ei berekraftig utvikling, men peika på at aktiviteten i kommunane i stor grad var prega av behandling av private planforslag og dispensasjonssøknadar, i staden for overordna planlegging.

REGIONALE PLANAR

Den første *Fylkesplan for kulturminner i Rogaland* blei utarbeidd i 1989. Her er det tatt inn førebels lister over forminne og kulturminne i dei enkelte kommunane, og det er gjort greie for forslag til tiltak som hadde til formål å styrke kulturminnevernet i Rogaland.

I Forsand blei det tatt med 12 prioriterte, synlege fornminne, og 9 prioriterte kulturminne frå nyare tid:

*Forsand kyrkje
Håheller
Fylgjesdal, gardstun
Auglend, fjøs
Kallali
Espedal, del av løe
Fossmork, gardshus
Skinnvegen
Loland, gangsteinar i Espedalselva*



Håheller har vore med i alle planar for vern av kulturminne i Forsand.

Dette kan virke som ei nokså tilfeldig liste, og ho bygger ikkje på systematisk registrering av kulturminne, men fleire av stadene dukkar opp att i seinare registreringar av viktige kulturminne i Forsand.

I *Regional kulturplan for Rogaland* 2015-2025 er det eit kapittel om kulturarv der fylkeskommunen peikar på si sentrale rolle som rettleiar i kulturminnevernet. Fylkeskommunen har også delegert myndighet etter kulturminnelova.

Mellom hovudmåla i planen er at

- *Rogaland fylkeskommunen skal bidra til å forvalte vår felles kulturarv på en berekraftig måte i samsvar med nasjonale og regionale føringer.*
- *Kulturarven skal bidra til å skape bo- og kulturmiljøer som bidrar til livskvalitet og oppleves som attraktive.*

Fylkeskommunen understrekar behovet for eit godt samarbeid med kommunane. Det er ingen prioriterte tiltak som berre gjeld Forsand i handlingsdelen til kulturplanen.¹¹

I *Fylkesdelplan for kystsonen i Rogaland* er hovudmålet å sikre kulturminne og kulturmiljø i sjø og kystsone som viktige kjelder til kunnskap og opplevelingar «til beste for dagens og morgendagens menneske».¹² Det er m.a. vedtatt følgjande retningslinje for offentleg planlegging og forvalting av kystsona:

- *Kjente områder og enkeltlokaliteter i sjø og kystsone som er vernet etter kulturminneloven skal kartfestes i kommuneplanen. Unntak er marine kulturminner som oppnår bedre beskyttelse ved ikke å kartfestes.*



- Tiltak nær kjente områder og enkeltlokaliteter i sjø og kystsone som er vernet etter kulturminneloven skal ikke tillates dersom tiltaket er i strid med verneformålet.
- Andre dokumenterte kulturminneverdier i sjø og kystsone bør beskrives, kartfestes og beskyttes i kommuneplanen.
- Det skal legges til rette for vern av kulturminer og kulturmiljøer i sjø og kystsone gjennom å kombinere hensynet til vern med fornuftig bruk.
- Bygninger og konstruksjoner i kystsonen av kulturhistorisk verdi skal så langt som mulig vedlikeholdes i tråd med opprinnelige tradisjoner og materialbruk.

I planen er Lysefjorden markert som «Meget vakre landskap».

I *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* er det registrert ei rekke kulturminne og -miljø innanfor kommunegrensa til Forsand.¹³ Planen slår fast at ein må «søke å ta vare på kulturmiljøet gjennom kommuneplanleggingen». Kulturminne og -miljø skal vera eit sentralt tema i gjennomføringa av Heiplanen.

KOMMUNALE PLANAR

I eit overordna perspektiv slår kommunestyret fast at «Forsand kommune skal vere ein pådrivar for å utvikle samfunnet økonomisk, sosialt og kulturelt til beste for innbyggjarane».¹⁴ Vidare står det at «det skal arbeidast for ei berekraftig utnytting av naturressursane, takast vare på kvalitet og sær preg i landskap, natur og kultur».

Forsand kommune vil arbeide for ei berekraftig utnytting av naturressursane og ta vare på kvalitet og sær preg i landskap, natur og kultur.

I kommuneplanen har Forsand kommune slått fast at det er aktuelt å få utarbeidd ein plan for kjende kulturminne i kommunen. Utanom automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid (SEFRAK-registrerte kulturminne – sjå meir om dette nedanfor) viser kommunen til føringane for vern og omsyn i fylkesdelplanen FINK.

For planområdet Berge/Bergevik er det utarbeidd reguleringsplan der det er tatt inn verneføresegen for eksisterande bygningar.¹⁵ Innanfor dette området ligg det eit gammalt sjøhus med ei lang og innhaldsrik historie som er mellombels sikra gjennom ein leigeavtale med kommunen.

ANDRE AKTØRAR

Kulturminnevernet har like sidan dei første musea og Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring (Fortidsminneforeningen) blei etablerte i første halvdelen av 1800-talet i stor grad vore drive fram gjennom frivillig engasjement og frittståande institusjonar.

I Forsand er Forsand sogelag ein særleg aktiv aktør med eit breitt programtilbod. Laget har også engasjert seg i utgiving av publikasjonar, t.d. om anleggsarbeidet i kraftutbygginga, og det deltar i gruppa som støtter arbeidet med kulturminneplanen. I 2016 gav sogelaget ut boka «For din morgondag – Krigsåra i Forsand 1940-1945».

Fortidsminneforeningen i Rogaland var lenge eit fylkesomfattande lag med sete i Stavanger. I 2013 blei det skipa eit lokallag for Ryfylke. Laget har definert bygghandverket som eit prioritert arbeidsområde. I Forsand har laget engasjert seg sterkt i arbeidet med vern av Håheller, og starta hausten 2018 med å gjenreise løa på staden.

Arbeidet til Stavanger Turistforening og Ryfylke Friluftsråd omfattar også eit engasjement for vern av kulturminne.

Lysefjorden Utvikling AS er eit næringsutviklingsselskap som har til formål å utvikle Lysefjorden som eit attraktivt reisemål. Sikring og formidling av kulturminne er ein del av strategien til selskapet. Selskapet har eit sterkt engasjement for utvikling av Flørli som eit viktig reisemål i Lysefjorden. Arbeidet i Flørli skjer i samarbeid med Flørli Velforening.

Rogaland Folkemuseum blei i 1981 omgjort til regionmuseum for Ryfylke med namnet Ryfylkemuseet. Arbeidet i Forsand har omfatta innsamlingar, rådgiving om bygningsvern, tilbod om vandreutstillingar og utgiving av publikasjonar. Det er også utarbeidd ein museumsplan for Forsand. Det sterkeste engasjementet har vore knytt til utgjeiring om dokumentasjon, vern og formidling av krafthistoria i Lysefjorden.

REGISTERING AV KULTURMINNE FRÅ NYARE TID

Attåt dei planane som det er referert til ovanfor, ligg det føre fleire systematiske oversyn over kulturminne frå nyare tid. Med nyare tid meiner vi tida etter reformasjonen (1536). I praksis vil det i stor grad vera tale om bygningar frå dei siste par hundre åra, sjølv om ein nok også vil finne bygningar med tømmerkjernar som kan vera endå eldre, og det kan vera tufter etter bygningar og andre bygde former i landskapet.

Sefrak-registeret

Det beste oversynet over kulturminne frå nyare tid har vi frå den omfattande registreringa av bygningar frå før år 1900 som blei gjennomført i regi av SEkretariatet For Registrering

Av Faste Kulturminne (SEFRAK). Dette var ein institusjon som hadde ansvar for registreringsarbeidet, og som gjennomførte det i samarbeid med fylkeskommunane og kommunane. Arbeidet starta i 1975 og gjekk fram til 1995. I alt blei det registrert kring ein halv million objekt.

I Forsand blei det meste av jobben gjort i 1985 -1986. I alt blei det registrert 198 bygningar. Registreringa omfattar opplysningar om namn på eigedom, funksjon, konstruksjon, hovudmål, tidfesting og ei vurdering av tilstanden. Det var og plass til ei skisse av grunnplanet på registreringsskjemaet, og det blei tatt ein liten serie med fotografi.

Registrering i SEFRAK gir ikkje eit objekt nokon automatisk vernestatus, og det legg ingen spesielle restriksjonar på kva som kan gjerast med huset. SEFRAK-registeret seier såleis lite om verneverdien til eit objekt. På den andre sida kan det vera objekt som ikkje er registrerte i SEFRAK som kan ha verneverdi. Det er likevel slik at SEFRAK-registeret er blitt brukt på ein måte som gjer at det blir knytt særleg verneinteresse til hus som er med i registeret, kanskje fordi dette er hus som har ein hogare aldersverdi enn andre hus. Det er derfor grunn til å vera nokså medviten om kva ein kan bruke registeret til.

I etterkant er det gjennomført ei evaluering av registreringa for å identifisere mulege verneverdiar. Bygningane er då delte i tre grupper. Bygningar i vernekasse A er bygningar som kan ha høg verneverdi og nasjonal interesse. Bygningar i vernekasse B er bygningar som kan ha regional interesse, altså bygningar med verneverdiar som strekker seg ut over det lokale. Bygningar i vernekasse C er bygningar som det i kommunale planar kan vera aktuelt å regulere til spesialområde for bevaring. Av særleg verdi har registrerte bygningsmiljø med fleire bygningars, såkalla bygningsmiljø. I slike miljø kan bygningars i alle verneklassar inngå som viktige delar av heilskapen.

Evalueringa av SEFRAK-registreringa i Forsand førte til at 18 hus blei sett i vernekasse A. Dette er hus til ulike formål spreidd over heile kommunen. Mellom desse er eit par hus som Forsand kommune har lagt stor vekt på å bevare, det såkalla Sisselhuset på Levik og eit sjøhus i Bergevik.

Heile 96 bygningars er med på lista over bygningars i vernekasse B, mellom desse bygningsmiljø som Bakken gard, Fosmark, naustmiljøet i Bergevik, Mæle, Øvre Espedal, Nedre Espedal og Øvre Espedalsstølen.

Ein veikskap ved SEFRAK-registreringa er at ho begynner å bli nokså gammal. I Forsand er det over 30 år sidan registreringa blei gjennomført. På så lang tid vil det skje mange endringar med bygningane. Dette er ei problemstilling som også Riksantikvaren har vore opptatt av. For å få nærmare kunnskap om tapet av kulturminne, og årsaken til at dei gårapt, har NIKU gjennomført ei gransking for Riksantikvaren i eit utval kommunar. Resultatet var at 23% av dei registrerte bygningane erapt, ein liten del er delvis rivne, 14% av dei gjenståande bygningane er i dårlig eller svært dårlig tilstand, 46% er endra gjennom ombyggingar eller endring av fasadar. Verst har det gått ut over uthusa. Bustadhusa er i noko grad betre bevarte.¹⁶

Dei registrerte bygningane er altså i nokså stor grad utsette for tap eller endring, delvis gjennom planlagd riving eller endring, delvis som følge av forfall, men ofte utan at det er råd å få klare svar på kva som har skjedd. I landbruket kjem endringane ofte som følgje av omleggingar i drifta eller ved generasjonsskifte. Det er behov for modernisering og utviding av driftsbygningars, og bustadbehovet blir ofte løyst ved oppsetting av nytt bustadhushus, eller sterkt rehabilitering av det gamle. Både bygningane i seg sjølv, og omgjevnadane dei står i, kan følge av slike endringar få ein heilt ny karakter.

I arbeidet med dette forslaget til kulturminneplan har vi ettergått SEFRAK-materialet, utan at vi har hatt utveg til noko systematisk revisjon av registreringane. Vi finn då at det er bygningars som kunne vere med som ikkje er registrerte og at den verdivurderinga av

| BEWERTARKART P - REGISTRERING AV FASADE KULTURMINNE I NORGES - EKJØPNA 1 APRIL 1988 (SYNCHRON) | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|--|-------------------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|-------------------|-------------|--|-------------------|--|-----|--------|-----|--------|-----|--------|------|-------------|--------------------------|-------------------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--|--|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--|--|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--|--|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--|--|
| OBJEKT | L. GJØSE | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| FASADE (sted, numr, postadressen) | TOSUND HAUGEN, MHD FORSEND | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SØKNAD (sted, numr, postadressen) | TOSUND HAUGEN, MHD FORSEND | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| REGISTRERING AV HUS | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Foto for fotograf: | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Foto for prospektif (F) avskjot = 1 meter: | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Illustrasjon av huset: | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <table border="1"> <thead> <tr> <th colspan="2">MÅLENE VEDSI</th> <th colspan="2">EIGENDOMSINNDR</th> <th colspan="2">HØYDE INNDR</th> <th colspan="2">Bordringa utann p</th> </tr> <tr> <th>Høy</th> <th>Målest</th> <th>Høy</th> <th>Målest</th> <th>Høy</th> <th>Målest</th> <th>Dato</th> <th>Universitet</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input checked="" type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td><input type="checkbox"/></td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table> | | | MÅLENE VEDSI | | EIGENDOMSINNDR | | HØYDE INNDR | | Bordringa utann p | | Høy | Målest | Høy | Målest | Høy | Målest | Dato | Universitet | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | | | <input type="checkbox"/> | | | <input type="checkbox"/> | | | <input type="checkbox"/> | | |
| MÅLENE VEDSI | | EIGENDOMSINNDR | | HØYDE INNDR | | Bordringa utann p | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Høy | Målest | Høy | Målest | Høy | Målest | Dato | Universitet | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

For kvart hus som er registrert i SEFRAK-registeret ligg det føre eit tosiktig skjema med opplysningar om eigarforhold, alder, funksjon, byggemåte og tilstand. Det skal også vera ei stripe med foto av bygningen, og ei oppmåling av grunnflata. Dette dømet er registreringsskjemaet for løa på Gjøse, gnr. 40/01, frå 1986.

bygningane som er gjort i ettertid virkar noe tilfeldig. Det alvorlegaste er likevel at det er ein del av dei bygningane som blei registrerte for 25 år sidan som anten er tapt eller sterkt ombygde. SEFRAK-registeret er såleis ikkje noko oppdatert kjelde til kunnskap om mulege verneverdige bygningar i Forsand i dag.

Ein annan veikskap ved registreringa er at ho berre omfattar bygningar frå før 1900. Det betyr at alle bygningars som er knytt til kraftutbygging og industrireising fell utanom. Ein viktig del av historia til Forsand er knytt til kraftutbygginga. Det blir såleis meiningslaust å ekskludere det som er bygt etter 1900 frå lista over interessante kulturminne.

Under bruken av SEFRAK-registeret har ein også sannkjent at registreringane i fjellområda er mangelfulle. Stølsmiljø og andre spor etter bruken av fjellområda er ikkje godt registrerte.

Konklusjonen må likevel vera at SEFRAK-registreringane er den mest omfattande og mest systematiske registreringa av gamle hus vi har hatt til nå, men at materialet i dag berre kan vera ein indikator på kor ein kan vente å finne bygningar av historisk interesse.

Institutt for landskapsarkitektur

I Forsand ligg det føre ei spesiell kjelde til kunnskap om kulturlandskap og bygningar. I 1990 tok Institutt for landskapsarkitektur ved Norges Landsbrukshøgskole med seg alle studentane, 50 i talet, til Forsand for å studere kulturlandskaps-historie. Dei ville halde eit feltkurs der målet var å formidle korleis menneskeleg aktivitet har påvirkta landskapet. I tillegg til ei innføring i historia bak funna frå utgravingane på Forsandmoen, skulle studentane spreie seg på 10 ulike stader i kommunen for å gjennomføre sine studium.

Dette ført til eit eineståande materiale som ligg føre i form av ei samling semesteroppgåver. Ein del av materialet bygger på kjende kjelder, men det mest verdifulle er dei studia studentane har gjort i det fysiske landskapet, og dei intervjuja dei gjennomførte for å få kunnskap om landskapet. Ein del av det som blei dokumentert i 1990 ville det ikkje vore muleg å gjera i dag.



Skulehuset på Flørli.

Materialet omfattar følgjande oppgåver:

- Landskapsplanlegging av grustak i Forsand*
- Utviklingen av Forsand sentrum*
- Utmarksdrift i Røssdalen*
- Kålabygda*
- Fløyri – Utviklingen på Fløyri frå 1620 fram til i dag*
- Espedalen*
- Bratteli*
- Songesand*
- Songesandsbakken*

FINK

I 2007 vedtok Forsand kommune ein plan for Friluftsliv, Idrett, Natur og Kulturvern (FINK). Her er det tatt inn ei liste over 49 «lokalt viktige kulturminner i Forsand». I tillegg til bygningar som er omtala i andre registreringar, peikar FINK-planen på kulturminne knytt til steinbroet på Eiane, gruvedrift i Lastabotn, ei rekke ferdselsvegar, særleg dei som går austover frå Lyse, og sløene og gongsteinane i Espedalselva, Lona og Røssdalsvatnet.

FINK peikar og på nokre mål for verdisetting som går ut over dei verdiane som er knytt til kulturminnet i seg sjølv. Plasseringa av kulturminnet bør vektleggast i prioriteringa av kulturminna, slik at kulturminne som ligg i tilknyting til nærmiljø, «barnetråkk» og turområde elles bør få høg priorititet.

Andre innspel

Arbeidsgruppa som har førebudd arbeidet med kulturminneplanen har registrert ei rekke kulturminne som ein bør vurdere under arbeidet med planen. Dette er delvis kulturminne

som er registrerte andre stader, delvis kulturminne som har gått «under radaren» tidlegare. Gruppa har m.a. retta merksemda mot fellesskapet sine hus (hus til religiøse formål, ungdomshus, skulehus og andre forsamlingshus), byggverk for utnytting av vasskrafta, båtbygging, og vegar, bruer og kaiar.

Alt har ikkje kome med i denne første utgåva av ein kulturminneplan for Forsand. Både har det vore økonomiske og dermed tidsmessige rammer for arbeidet, og det har vore eit mål å komma fram til ein plan for kulturminne som blir vurderte som så viktige at det kan vera aktuelt å setta i verk tiltak for å verne dei, og eventuelt formidle kunnskap om dei på ulike måtar.

VERDISETTING AV KULTURMINNE

Riksantikvaren meiner vi bør skilje mellom følgjande grupper av verdiar i vurderinga av potensielle kulturminne¹⁷:

- Kunnskapsverdiar
- Opplevingsverdiar
- Bruksverdiar

For å identifisere eit bygg som kulturminne er det i tillegg ei rekke eigenskapar som kan bli vektlagde:

Alder, historie og autentisitet

Alder har alltid vore ein slik eigenskap, og ofte den viktigaste. Til eldre ein bygning er, til meir verdfull har han vore sett på. Dette er eit syn på kulturminne som har opphav i ei tid der det var viktig å synleggjera at Norge hadde ei historie å vera stolt av frå før dansketida. Slik er det ikkje nødvendigvis lenger, og etter kvart som interessa har utvida seg frå i stor grad å omfatte bondesamfunnet, til også å omfatte kyst- og fiskerisamfunnet, og etter kvart industrisamfunnet, må aldersverdien få mindre vekt.

Historia til bygningen er likevel ein del av aldersperspektivet som må tilleggast stor vekt. Ein bygning som er i ein slik stand at han framleis kan fortelja ei historie om opphav og bruk er eit viktig bidrag til både kunnskap om og oppleveling av det tidsrommet bygningen har stått.

Det følgjer av dette at bygningen har større verdi til lettare det er å forstå korleis bygningen har sett ut og kva han har vore brukt til. *Autentisiteten* til bygningen er derfor viktig, det vil seia i kor stor grad bygningen framstår som ekte eller opphavleg.

Arkitektur, form og estetikk

Lenge var det arkitektar og kunsthistorikarar som dominerte vernearbeidet. Og all ære til dei, men det kunnskapsgrunnlaget som desse la til grunn favoriserte fort byggverk som tilfredsstilte høge krav til god *arkitektur, form og estetikk*. Dette kunne også føre til at det sjeldne, det som peika seg ut som noko spesielt, blei høgare verdsett enn det alminnelege. Sjølv om det var mange gode grunnar til at det blei eit sterkt engasjement for å bevare stavkyrkjene, var det aparte med konstruksjonen og utsjånaden sterkt medvirkande til interessa for dei.



På Mele, gnr. 54/1, står det ei løe med fjos som skal vera frå 1600-talet. I så fall er det det eldste, kjente huset i Forsand.

Med blikket til arkitekten eller kunsthistorikaren er stilhistoria blitt ein viktig kunnskap for å forstå og forklare bygningane. Til betre ein kan lesa stilhistoria i ein bygning, og til betre dei stilhistoriske elementa er bevart, til større verdi har bygningen fått. Men sjølv om vi legg ei breiare verdivurdering til grunn, er det framleis slik at stilhistoria kan vera til god hjelp i arbeidet med å tolke ein bygning, og ho kan hjelpe oss til å forstå økonomiske og kulturelle føresetnadar for dei bygningane vi skal forholde oss til.

Samanheng og heilskap

Bygningar som del av eit miljø blir ofta vurderte som meir verdfulle enn enkeltståande bygningar. Dette gjeld både bygningar i jordbrukslandskapet, der bygningar i eit intakt gardstun byr på både større kunnskapsverdiar og opplevingsverdiar enn enkeltbygningar, og i urbane bygningsmiljø.

Utvegen til å overleve som del av ein heilskap er i stor grad knytt til bruksverdien. På gardane har bygningane gått ut av bruk ettersom driftsvilkåra har endra seg. Bygningar som var viktige i ei mangfaldig drift, blir unyttige på eit deltidsbruk med meir einsidig produksjon. Det klaraste uttrykket for bortfall av bruksverdi er likevel knytt til uteløene, som var ein viktig del av förberginga. Men også bygningar som høyrd til i tunet, som eldhus og smier, er ofte dei som forfall fortast.





Lensmannshuset på Forsand er eit hus som var ført opp i ein gjennomført Jugend-stil.



Dokumentasjon og formidling (kjeldeverdi)

Bygningar er kjelder til kunnskap om fortida, og grunnlag for formidling av denne kunnskapen. I forsking om fortida bruker vi ulike typar kjelder: Dokument, foto, munnlege minne, gjenstandar og bygningar. Kva som blir vektlagt er avhengig av kva problemstillingar ein arbeider med, men arkitekten Hans Jacob Hansteen er mellom dei som meiner vi ikkje må undervurdere bygningane som historiske primærkjelder. Samtidig minner han oss om at bygningar er eit av dei mest allment tilgjengelege historiske dokumenta vi har.¹⁸

Hansteen peikar på at ein ikkje kan tolke ein stad, og historia til staden, utan å studere det i samanheng med handlingane som det er eit resultat av. Av dette følger at bygnings- og busetnadshistoria i første rekke handlar om korleis og kvifor handlingar har gitt seg uttrykk i det han kallar «bygget form».¹⁹ Gjennom studiet av bygd form meiner Hansteen vi kan finne fram til viktige trekk ved det samfunnet ho representerer. Bygd form er direkte resultat av «byggende og brukende handlinger i fortid». Den bygde forma dokumenterer derfor historie, og er historieforteljande. Som allment grunnlag for oppleving av historie og tileigning av historiefortsæting, meiner såleis Hansteen at bygd form er mellom dei viktigaste dokumenta vi har.

Dette er eit syn som musea kjenner seg godt att i. Bygningar som blir verna av museum blir ofte tatt vare på fordi dei dokumenterer viktige forhold i fortida, og fordi dei er godt eigna som grunnlag for opplevingar av fortida. Bygningar som held fram med å vera i bruk kan miste noe av dokumentasjonsverdien om ein ikkje er medviten om dei vala ein gjer i vedlikehaldet av bygningen, eller når det er behov for tilpassingar til ny bruk.

Somme brukar uttrykket pedagogisk verdi om den verdien ein bygning har som historieforteljande objekt, eller som bakgrunn for forteljingar om fortida. Vi forstår at den verdien ein bygning måtte ha i pedagogikken heng nøyne saman med dei eigenskapane vi elles har omtala ovanfor.

Utvida kulturminneomgrep

Det er muleg å spesifisere endå fleire verdiar, og det kan, ikkje minst, vera nyttig å vekte, eller prioritere verdiane. I Forsand kan det vera aktuelt å vekte høgt kulturminne som representerer ein viktig fase i historia (førhistorisk tid, det førindustrielle landbruksamfunnet), eller verksemder med særleg vekt i historia (krafthistoria). Eit anna kriterium kan vera verdien kulturminne kan ha som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping (reiselivet). Men kva er det som gjer ein bygning eller eit bygningsmiljø til kulturminne?

Vi har referert definisjonen i kulturminnelova ovanfor. Eit kulturminne er altså eit objekt som det knyter seg historiske hendingar til. Ein bygning er ikkje nødvendigvis eit kulturminne i seg sjølv, men han kan bli tillagt verdiar som gjer han til eit kulturminne. Dette kan gjelde enkeltbygningar, eller det kan gjelde typar av bygningar. Stavkyrkjene er det fremste dømet på korleis ei gruppe bygningar kan bli tillagt verdi som kulturminne etter at dei blei frigjorde frå sitt opphavlege formål og gjorde til gjenstand for beundring av byggemåte, utforming og detaljering.²⁰ Av nasjonalpolitiske årsaker, eller vi kan kalle det nasjonalromantiske årsaker, blei bondesamfunnets bygningar løfta fram som særleg verdfulle på slutten av 1800-talet, spesielt gjennom at dei eldste og mest særprega bygningane blei plasserte på ei rekke nye folkemuseum som blei etablerte rundt inngangen til 1900-talet.

Industri som kulturminne er noko nytt. Ideen oppsto først på 1980-talet. Då fekk vi dei første industrimusea, Riksantikvaren tok til å interessere seg for tekniske og industrielle kulturminne, Kulturrådet gav støtte til dokumentasjonsprosjekt, og Museumsforbundet prøvde å utforme ein strategi for innsamling, dokumentasjon og formidling av industrisamfunnet. Fram til då var oppfatninga av industri noko som var knytt til framtida, men så endra altså oppfatninga seg, slik at industri kom til å bli oppfatta som noko historisk, og noko som det var knytt verdiar til som det var viktig å ta vare på. Industrien blei tillagt verdiar som gjorde bygningar og tekniske innretningar til kulturminne.

Det er ikkje noko nytt at endringar skaper interesse for kulturminnevern. Endring kan føre til tap av noko menneske opplever som verdfullt, og som det blir viktig å passe på når det kan vera fare for at det blir borte. På denne bakgrunnen ser vi at mange verneprosjekt knytt til industri og kraftutbygging er blitt utløyst av nedleggingar og opphør av drift, med påfølgande fare for at bygningar og miljø kan bli rivne, ombygde eller transformerte til helt andre formål (forretningar, restaurantar, kulturformål, bustader).

MÅLET MED PLANEN

Kulturminne er kjelder til kunnskap, opplevelingar og verdiskaping. Kulturminnevern er derfor ressursforvalting, og ein naturleg del av planlegginga og utviklinga av samfunnet.²¹

Planen har til formål å fremje ei forvalting av kulturarven som legg vekt på desse verdiane. Han skal vera styringsreiskap for kommunen i kulturminneforvaltinga, og skal leggast til grunn for saksbehandling og vedtak som vedrører registrerte kulturminne og kulturmiljø.



Det er relativt nytt å sjå på industrien som kulturminne. Ideen oppsto først på 1980-talet og er ei følge av at industri ikkje lenger berre høyrde framtida til, men også fortida. Bildet er frå kontrollrommet i Flørli kraftstasjon.

Ein kulturminneplan kan fungere som grunnlag for utarbeiding av arealplanar, dokumentasjonstiltak, forskingsprosjekt og tiltak for formidling av kunnskap og opplevingar. Kulturminnepolitikken blir synleg gjennom ein slik plan, og han kan fungere som ein kunnskapsbank eller bli ein bindande del av planstrukturen i kommunen.

Omsynet til kulturminne, kulturmiljø og landskap skal vera forankra i samfunnssdelen til kommuneplanen gjennom mål og strategiar. Kulturminneplanen er ei utdjuping av det som er nedfelt i samfunnssdelen av kommuneplanen.







Kulturminne frå førhistorisk tid

Forsandmoen.



Då isen trekte seg tilbake for om lag 10 000 år sidan tok det ikkje lang tid før menneska begynte å utnytte utvegane til livberging på det landet som kom til syne. Spora etter menneska ligg der dei blei gravd ned, kasta eller mista. Gjenstandar, bygningar, hustufter, rydningar og gravminne er kjelder til kunnskap om desse menneska. I Forsand har ein funne dei tidlegaste spora etter menneske i to viktige periodar: Frå tida rett etter at isen blei borte, og frå bronsealderen. Gjennom undersøkingar av forhistoriske kulturminne har Forsand skrive seg inn i Norges-historia.

Fornminne, fortidsminne, eller mest brukt nå: Automatisk freda kulturminne, er minne etter liv og arbeid frå før reformasjonen (1536). Det er eit stort tal slike minne i Forsand. Søketenesta *Kulturminnesøk*²² gir eit godt oversyn over kulturminna. Her er det registrert i alt 318 kulturminne. Det er hellerar, gravrøyser, tufter etter bygningar og gardsanlegg, steingardar, vegfar og driftleger, og spor etter busettingar og fangsplassar. Søketenesta har eit klikkbart kart for nærmare opplysningar om dei kartfesta objekta. For nærmare opplysningar om fornminne kan ein også bruke *Askeladden*²³, som er databasen til Riksantikvaren over freda kulturminne og kulturmiljø. Askeladden er eit verktøy for kulturminneforvaltinga, der ein må registrere seg for å få tilgang.

For planleggarar er det enkelt å finne ut kor det er registrert fornminne, og også for den alminnelege brukar er det enkelt å gå inn på søketenesta for å finne stadene, men det skal ofte eit trenauge til for å sjå spora, om det då er spor, og ikkje berre staden for eit lausfunn som er registrert. Ståande bygningar ser vi utan vidare, men gravhaugar, gardfar og svake spor etter busetting kan vera vanskelege å sjå utan hjelp. For fornminne, som er automatisk freda er det altså ikkje vernet som er utfordringa, men korleis dei kan brukast som grunnlag for kunnskapsformidling og opplevingar.

Gjennom undersøkingar av forhistoriske kulturminne har Forsand skrive seg inn i Norges-historia.

TIDLEGE SPOR ETTER BUSETTING

Lenge trudde ein at busettinga i det som nå er Forsand kommune kom nokså seint, og at det var buplassfunna frå bronsealder og tidleg jernalder som var dei viktigaste bidraga til kunnskapen om fortida frå Forsand, men undersøkingar i samband med planlegging av kryssinga av Høgsfjorden og tilleggsoppdemming av Store Flørlivatnet viser at busettinga i Forsand kom oppsiktsvekkande tidleg.²⁴

Det ein fann ved Høgsfjorden var spor etter ein buplass på Oanes, rett opp for ferje kaia. Med grunnlag i gjenstandsfunn og funn av trekol slår Arkeologisk museum i Stavanger fast at buplassen sannsynleg er noko eldre enn 9500 år før nåtid. Buplassen på Oanes er den einaste preboreale²⁵ buplassen som er påvist i låglandet, men Arkeologisk museum meiner at det ganske sikkert vil bli funne spor etter like tidleg busetting også på stader som sjølve Forsandneset og på Helle/Mæle i utlaupet av Espedalen som danner ein naturleg tilkomstveg inn til dei vide fjellområda langs sørsida av Lysefjorden.

Endå meir oppsiktsvekkande var funna som blei gjorde ved Store Flørlivatn. Etter utgraving av ei rekke steinalderbuplassar kunne ein slå fast at ein her sto føre dei mest opplysende og sikrast daterte spor som til nå (1996-1999) var blitt påvist etter menneske i Norge frå perioden 10000 – 9000 før nåtid. Arkeologisk museum tolka funna som buplassar brukt i sesongprega villreinjakt, med utgangspunkt i faste buplassar i låglandet.

Frå eldre steinalder (før år 4000 f.Kr.) er det funne spor etter buplassar på Mæle,

*Utgravingane på
Forsandmoen avdekkja
den første kjende bronse-
alderlandsbyen i Norge.*



Helle, i Rossavik, på Oanes, Lerang og Erevik. Buplassane blir meir talrike i yngre steinalder (4000 – 1700 f.Kr.) og ein har gjort funn i andre delar av Forsand som i Øvre Espedal og Byrkjeland. Ein viktig funnlokalitet er Håheller, der det er påvist djupe kulturlag under helleren. Her er det funne store mengder bein og skjell. Håheller var i bruk for ca. 4200 år sidan, det vil seia i siste halvdelen av yngre steinalder. Det er også gjort funn frå andre hellerar, som i Vika, i Skinnhedler på Helle og i Fantahedler i Øvre Espedal.²⁶

Det er i yngre steinalder at jordbrukskulturen blir introdusert. Folk går over frå å berre hauste av naturen til å drive med fe- og åkerbruk, men det er først i siste del av perioden, frå ca. 2300 – 2000 f.Kr. og inn i bronsealderen at det er gjort funn av gjenstandar som vitnar om ein jordbrukskultur.



Det rekonstruerte bronsealderhuset
på Forsandmoen.

FØRSTE KJENDE BRONSEALDERLANDSBY I NORGE

I starten av bronsealderen, ca. 1800 – 1500 f.Kr., er jordbruket i vekst på Forsandmoen, og det er frå denne tida og frametter at ein har gjort dei store funna som har gitt Forsand ein plass i Norges-historia. Her dreiv Arkeologisk museum i Stavanger (nå: Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger), utgravingar i ti år frå 1980 til 1990. Utgravingane avdekkja eit stort bustadområde med kring 250 hus som har vore i bruk over lang tid. Det mest spektakulære resultatet av utgravingane var avdekkinga av den første kjende bronsealderlandsbyen i Norge (ca. 1700 – 500 f.Kr.).

Den mest varige og omfattande busetting blei etablert midt på moen, men det var

og ei busetting lengst sør-aust på moen. Begge stader blei det bygt langhus, og ein fekk permanente åkerområde. Husa var ganske store, opp mot 23 meter lange og 8 meter breie. Mot slutten av bronsealderen reknar ein med at det kan ha vore 6 – 8 gardar på Forsandmoen med eit folketal på 40 – 60 menneske og ein stad mellom 60 og 90 storfe.

Det ser ut til at bøndene på Forsandmoen må ha vore rimeleg innovative. Alt frå tidleg i jernalderen (etter 500 f.Kr) er det gjort funn av reiskap av jern. Desse er mellom dei eldste funn av reiskap av jern i Norge. Gravfunn som er gjort elles i landet frå denne tida viser at jern mest blei brukt som smykemetall.

Talet på gardar på Forsandmoen aukar etter at jernet blei introdusert, og det er påvist ei kontinuerleg busetting frå bronsealderen og gjennom heile eldre jernalder (500 f.Kr. – 550 e.Kr.). Kring starten på vår tidsrekning skjer det ei endring i byggemåten. Nå blir det eit klart skilje i husa mellom menneske og dyr, og husa blir mykje større. Talet på gardar ser ut til å auke til kring 10, og opp til 16 mot slutten av perioden.

Etter ei busettingshistorie som strekte seg over meir enn 2000 år, startar ein nokså rask reduksjon i busettinga frå ca. 400 e.Kr, og dei siste gardane blir fråflytta i første halvdelen av 600-talet. Trond Løken, som leia utgravingane på Forsandmoen, tenkjer at det kan ha vore ulike årsakar til dette: Langvarig utarming av ressursane, klimaendring, samanbrot i den politiske organiseringa, eller pest.

Då er det interessant å sjå at det like i nærliken var livskraftige samfunn som heldt oppe busettinga lenger enn på Forsandmoen. Med bakgrunn i planlagd bustadbygging i Bergevik blei det i 2013 gjennomført undersøkingar og utgravingar på eit område som omfatta vel 4000 m², berre ein brøkdel av Forsandmoen, rett nok, men med interessante resultat.²⁷

Undersøkinga førte til påvising av ni sikre hus frå bronse- og jernalder over eit tids-spenn som varte frå overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder (ca. 1800 f.Kr) til og med vikingetid (ca. 1000 e.Kr), altså eit vidare tidsspenn enn for busettinga på Forsandmoen. Arkeologane peikar på den dominerande visuelle plasseringa desse husa måtte ha i fjordlandskapet, og den strategiske posisjonen i forhold til trafikken på fjorden og kontrollen med nettverket av handelsvegar som gjekk inn fjordane og over fjellet til bygdene austanfor.

Andre utgravingar har påvist to andre busettingsområde på Forsandøyren. Men det har også vore viktige busettingsar andre stader i Forsand mot slutten av jernalderen, m.a. i Espedal, Kolabygda og Lysebotn. Trond Løken konkluderer med at det kan ha vore nesten 25 gardar i bruk mot slutten av jernalderen, i tillegg til landsbyen på Forsandmoen.

I middelalderen (etter 1050 e.Kr.) og fram til Svartedauden ser det ut til at talet på gardar kan ha auka til kring 50. Det kan bety at det tidleg på 1300-talet kan ha budd ca. 600 personar i bygdene.

Landa

Med bakgrunn i den nye kunnskapen som utgravingane på Forsandmoen ga, blei det semje mellom Arkeologisk museum og Forsand kommune om å arbeide for ein måte å formidle resultata på. Dette førte til etablering av fortidslandsbyen Landa med rekonstruerte hus frå bronsealder og jernalder. Det første huset sto ferdig i 1995.

Arbeidet med rekonstruksjon av husa var ein milepel i arkeologien i seg sjølv. Det ga høve til det som arkeologane kallar eksperimentell arkeologi og arkeobotanisk forsking, der ein med grunnlag i den kunnskapen ein hadde vunne gjennom utgravingane sökte å rekonstruere det ein ikkje visste så mykje om. Det var nødvendig å utvikle både ei ny

Jernalderhuset på Landa.





materialforståing og kunnskap om bruk av forhistorisk verktøy (bronseøkser). Til hjelp i arbeidet med å utvikle kompetansen hos dei som skulle gjera jobben fekk ein hjelp av Arbeidsmarknadsetaten.²⁸

Prosjektet blei organisert som ei stifting, Stiftinga Landa – Fortidslandsbyen på Forsand, etablert 22. mars 1995. Til reising av husa fekk stiftinga støtte frå Ryfylkefondet, Norsk Kulturråd, Rogaland fylkeskommune, Forsand kommune, og ein ganske betydeleg sum frå private sponsorar. Med hjelp frå Heritage Limited i York blei det utarbeidd ein plan som omfatta 13 førhistoriske bygningar plassert inn i eit miljø prega av førhistorisk jordbruksverksemnd. Ein lukkast med rekonstruksjon av 4 hus, bronsealderhuset som var ferdig i 1995 og eit lite lagerhus frå same tidsrommet ved sida av, ein gildehall som var ferdig to år seinare, og ei smie frå folkevandringstida.

Det var nok lettare å få midlar til reising av husa enn til vedlikehald og drift av dei. For å styrke næringsdelen av prosjektet fekk stiftinga støtte av bygdeutviklingsmidler til reising av smia. Tanken var å drive med smiing av jernreiskap, støyping av bronsesmykke, spinning, vevning og leirkarframstilling, treskjering, dreiling og matlagning. Dette skulle drivast av lokale handverkarar og husflidsinteresserte med sikte på sal av produkt. Tilleggsverdien var eit levande miljø som styrka opplevingsverdien for publikum.²⁹

Men Landa blei ingen god butikk i seg sjølv, og omgjevnadane såg ikkje den verdien Landa kunne vera for utvikling av reiselivet i regionen. I 2001 sette Forsand Næringsforening i gang ein underskriftsaksjon mot ytterlegare løyvingar til Landa.³⁰ I første omgang ser det ut til at Landa blei redda av Rogaland fylkekommune og Ryfylkefondet³¹, men Fortidslandsbyen blei snart eit privat foretak som i 2018 blir marknadsført som «Landa Park – Levende historie». Det er kombinasjonen med uteleige og drift av campingplass som gir eit visst økonomisk grunnlag for drifta. Det er likevel ei drift som må bygge på ein stor porsjon idealisme hos eigarane, og som ikkje gir overskot til nødvendige investeringar.

Det alvorlegaste er tilstanden til dei rekonstruerte husa. Gjenreisinga var ei eksperimentering i mulege byggemåtar, alle løysingar var ikkje like vellukka, men utviklinga er ikkje følgt opp verken med registreringar, vedlikehald eller utbetringar. Resultatet er ein bygningsmasse i forfall, der akutte løysingar har vore nødvendige for å hindre samanbrot.

Det kan sjå ut til at Fortidslandsbyen har falle mellom fleire stolar der krava til kommersiell drift og krava til museal forvalting har kome i skvis. Ein skulle tru at forteljinga om Landa var sterkt nok til å tiltrekke seg eit stort publikum, men det ser ut til å vera tyngre å selja bronsealder og jernalder enn vikingtida som er svært i vinden mange stader.

Landa balanserer i dag på ein knivsegg, der utvegane til kollaps er overhengande. Skal ein ikkje berre redde det som er der i dag, men også bygge ut publikumsformidlinga, krevst det både organisatoriske og økonomiske grep av grunnleggande karakter.³²

Jernalderhuset/smia skulle vera eit hus for demonstrasjon av handverk og eigenaktivitet.



Det er registrert ei rekke gravhaugar i Forsand. I samband med uttak av grus og sand er ein del av dei undersøkte. Arkeologane meiner funna i gravene vitnar om ein jamm bondestand.



Naustet i Rossavik blei restaurert for ti år sidan, der materialet blei brukt om att og helletaket supplert med nye heller.



Kulturminne frå
nyare tid

Med bakgrunn i dei registreringane som det er gjort greie for her, har vi gått etter det vi kunne vente å finne av kulturminne frå nyare tid i Forsand, og vi har prøvd å vurdere verneverdiane etter dei kriteria som vi gjorde greie for tidlegare, slik dei registrerte objekta framstår i dag. Nedanfor følgjer eit oversyn over det vi har sett. Til slutt i dette kapittelet prøver vi oss på eit bygningshistorisk oversyn.

Men så er det altså slik at dei registreringane som er gjort tidlegare berre omfattar kulturminne frå før 1900. Vi har derfor delt oversynet i to, første delen handlar om dei eldste bygningane, dei som vi kalle kulturminna frå bondesamfunnet, medan andre delen handlar om industrisamfunnet. I Forsand var det særleg kraftutbygginga som tok bygdene inn i industrisamfunnet, men vi skal heller ikkje gløyme steinindustrien, treindustrien og nokre få minne etter den viktige båtbygginga.


BONDESAMFUNNET

Bondesamfunnet er eit nokså grovt og upresist omgrep, og nokon vil hevde at det i altfor stor grad peikar mot landbruket som kjerna i historia, og gløymer den viktige rolla som t.d. fisket har spelt. Men det er ikkje til å unngå at det er garden og husmannsplassen som er utgangspunktet for å forstå det gamle samfunnet, med sine hus, grunnar og det kulturlandskapet som høyrdet til. Og går ein til folketellingane finn ein at eit overveldande tal innbyggjarar har oppgitt «Landbonæring» som sitt erverv. I 1900 var det berre nokre ganske få som oppga fiske eller noko form for industri som sitt inntektsgrunnlag.³³ Det er såleis grunn til å tenkje at det er bondens og husmannens landskap vi ser når vi reiser rundt og tar inn over oss det førindustrielle landskapet i Forsand.

Nedanfor skal vi gjera greie for det vi har sett, og kva vi, ut frå allment aksepterte kriterium, meiner er kulturminne som i særleg grad kan bidra til å formidle kunnskap om og opplevelingar av det historiske grunnlaget for ein bygdeidentitet. Eventuelle forslag til tiltak for å sikre, vedlikehalde eller formidle kunnskap om desse kulturminna vil vi komma tilbake til i handlingsdelen av kulturminneplanen.



Hovudbygningen på Fossan, gnr. 41/3, har spesiell historisk interesse fordi det fungerte som posthus like fram til 1961.



FORSAND / BERGEVIK / FOSSANHAGEN



FORSAND

Vi startar i sentrum, der vi finn det nærmaste ein kan kalle ein tettstad i Forsand, sett bort frå Flørli og Lysebotn, og kanskje Helle. Her låg gardane solvende og fine på neset som er danna mellom utlaupet av Lysefjorden og Høgsfjorden. Somme kallar det for Forsandneset, for å skilje det frå Forsand kommune, men det handlar eigentleg om tre område for tidleg etablering av gardar: Berge, eller Underberge, i nord, Gøysa i midten (kring kyrkja), og Forsand i sør. På desse stadene blei bygningsane organiserte i klyngetun med jordvegen omkring. Det er ikkje så lett å få auge på restane av denne strukturen i dag, men framleis er det linjer i landskapet skapt av steingjerder, geiler og kantvegetasjon som kan gi oss ei oppleving av korleis det ein gong såg ut.³⁴

Under SEFRAK-registreringa var det eit tredvetal bygningar på Forsand som blei funne verdige til å bli registrerte, og så ei handfull til i Fossanhagen. Langs strekket frå kommunehuset og nord til Berge er det fleire bygningar som peikar seg ut i eit kulturminneperspektiv.

Ein av dei meir interessante er hovudbygningen på Forsand-garden, gnr. 41/3, som ligg rett sør for kyrkja. Det er eit stort og romsleg Ryfylke-hus (meir om byggeskikken lenger bak). Tidfestinga av huset er noko usikker, men det kan ha gjennomgått ei større ombygging i 1895, og så er det nok utført diverse arbeid på huset etter det. I tillegg til å vera hovudbygningen på garden har huset ein tilleggsdimensjon ved at det har fungert som postopneri. Forsand fekk postopneri i 1871. Det var Jakob B. Forsand som tok det på seg, og opna postkontor i sitt eige hus. Der blei postkontoret verande til i 1961. Dette er altså eit hus som har aldersverdi, som er ein viktig del av historia til Forsand-garden, og som har kulturhistorisk interesse som posthus. Ombyggingar og fasadeendringar har gjort at noko av autentisiteten i detaljane har gått tapt, men hovudtrekka i bygningen er framleis godt lesbare.

Vest for kyrkja ligg husa på Gøysa, og på nordsida Berge. Her er det bygningar som er viktige for å forstå strukturen i gardslandskapet, men fleire av bygningane er såpass sterkt ombygde at bygningane i seg sjølv gir eit svakt grunnlag for å forstå korleis den opphavlege gardsbusetnaden såg ut. Det er dessutan fleire bygningar som er erstatta av nye på 1900-talet, utan at desse «nye» har kome med i registreringane. Eit godt eksempel på ei slik utvikling finn vi på Berge, gnr. 37/1, der det står eit praktfullt hus i sveitserstil som er oppført kring 1917/1919. Huset er velhalde og detaljeringa godt ivaretatt. Det høyrer også løe til, medan eit eldre Ryfylke-hus som sto mellom løa og det «nye» huset er rive.

Bergevik

Den største interessa for bevaring er knytt til det tette og eksotiske sjøhusmiljøet i Bergevik, der gardane på Berge hadde nausta sine. Her er vi i eit område som er underlagt den





Sjøhusmiljøet i Bergevik er verna gjennom regulering til bevaringsformål.

einaste reguleringsplanen i Forsand med verneformål, og her har også Forsand kommune engasjert seg i museal aktivitet.

I reguleringsplanen som blei vedtatt av Kommunestyret i september 2012, er naustområdet lengst vest i planområdet, mot Joker, regulert til spesialområde for bevaring. I dette området skulle det ikkje vera tillatt å rive eksisterande bygningar, men slike bygningar kunne settast i stand dersom «målestokk, takform, fasadar, vindaugeinndeling, dør- og vindaugeutforming og materialbruken er den same, eller mest mulig tilbakeførast». Trass desse føresegnene står det i dag eit nytt naust midt i det verna bygningsmiljøet.

I tillegg til dei kvalitetane dei opphavlege bygningane har i seg sjølv, og det miljøet dei er ein del av, er det også knytt kulturhistorisk interesse til dei, ikkje minst til det huset som ligg lengst ut i sjøen, og som Forsand kommune har gjort avtale om å kunne bruke




Fossanhagen er ein idyll med godt bevarte hus, nokre av dei i SEFRAK-registeret, og med ein del ganske vellukka tilpassingar av nybygg.

til museale formål. Huset blei reist som sjøhus kring 1850, og det var krydding av brisling til ansjos, salting av agnskjell og konservering og salting av sild i tønner som var hovudaktivitetane i starten. Huset er slik eit minne om sjøbruket i Forsand. Men det kom etter kvart til å ha fleire funksjonar som gjer det interessant. Då folk i Lysefjorden skulle til kyrkje kom dei gjerne dagen før, og sjøhuset blei brukt til overnatting før messa på søndag. Men det blei også brukt som fast bustad, og tente ei tid som fattighus. Ved folketellinga i 1900 var det 9 fastbuande i sjøhuset. Den siste som budde i sjøhuset døydde i 1971. Det har også vore drive trevareverkstad i huset.³⁵

Sjøhuset i Bergevik er eit hus som rommar interessante kapittel i Forsand-soga, og som saman med nabohusa, i eit av dei sto ein skomakerverkstad som nå er i eiga til bygdemuseet, utgjer eit bygningsmiljø som både gir grunnlag for kunnskap og for opplevingar. Den smale vegen mellom bygningane er blitt døypt for «Skomakargata». Dei nærmaste bygningane på oppsida av vegen er også bygningar som er oppførte før 1900, og såleis ein del av den gamle busetnaden i Bergevik.

Fossanhagen

Langs sjøen mot aust, vend mot Høgsfjorden, ligg Fossanhagen som ein bortgøymd idyll. Her har vore mye bygglede dei siste åra, men under SEFRAK-registreringa blei det funne ei handfull bygningar frå før 1900, mellom desse eit par hus med interesse ut over det alminnelege.



HAUKALI



HAUKALI

Forbi Esmarkmorena og nesten til endes på Haukalivatnet ligg Haukali. Her står eit av dei best bevarte gardshusa i heile Forsand. Når eldste delen av det gamle våningshuset på gnr. 33/1 er bygt har vi ikkje opplysningar om, men den nåverande utsjånaden fekk det ved ei påbygging i 1913. Det er eit midtgangshus i 1 ½ etasje, ei stove i kvar ende, gang og kjøkken på midten. Utvendig er dei gamle empireglasa i behald, det står liggande kledning med staff på veggane, og huset er tekt med skifer. Ved påbygginga i 1913, der hovudgrepene var å bygge på den austre stova, fekk det trekk frå den tids mote. Takutstikk og listverk vitnar om påverknad frå sveitsertilen. Men på baksida, i det gamle kammerset, står eit originalt glas med midtpost og åtte små ruter i kvar rame.


Det ekstraordinære med våningshuet på Haukali er at det heller ikkje er gjort store endringar inne. Berre eit lite tilbygg på baksida blei i 1987 sett til for å dekke moderne sanitærfunksjonar. Huset var i bruk som våningshus på garden til i 1994/95.

Løa på garden har ei usikker tidfesting på 1800-talet ein gong. Den «nye» delen blei bygd på i 1937 etter at eit uver hadde tatt i ferde med den gamle løa. Det er i utgangspunktet ei grindaløe med fjos. Mykje av kledningen ser ut til å vera original, men den siste kledningen er av det slaget som blir kalla villmarkspanel.

Dei to registrerte husa på Haukali er godt vedlikehaldne, gamle delar er reparerte og vidareført, delar som måtte skiftast er i hovudsak erstatta med gode kopiar. Våningshuset på Haukali er eit godt referanseobjekt for byggeskikken slik han var ved inngangen til det 20. hundreåret.



Den gamle hovedbygningen på Haukali, gnr
33/1, er kanskje det best bevarte huset i sitt
slag i hele Forsand.



OANES OG MELING

På vestsida av Lysefjorden, og på nordsida av Høgsfjorden, ligg Oanes og Meling (Kolabygda). Fem av husa ytst på Oanes er registrerte som bygningar med høg kulturhistorisk interesse. Fremst mellom desse er hovudbygningen på gnr. 8/1, lengst sør på neset, som er eit fint og velhalde Ryfylke-hus i 1 ½ etasje med ein liten veranda på framsida, og ein kvist og eit bislag på baksida. Truleg bygt ein gong i første halvdelen av 1800-talet, men ombygt og heva i 1895. Det var truleg då det fekk preg av sveitserstil. Seinare er det nennsamt modernisert, men med god vilje til å ta vare på den opphavlege utsjånaden. Det hører eit eldhus, ei løe og eit naust med til gardsmiljøet. Som heilskap, og som eit landemerke ved innseilinga til Lysefjorden, er dette eit godt synleg og viktig kulturminne.



Husa på Oanes er viktige landemerke ved innseilinga til Lysefjorden. Våningshuset på gnr. 8/1, som er bygt i 1863 og ombygt i 1895, er modernisert på ein måte som gjer at det framleis er eit funksjonelt og godt hus, samtidig som viktige trekk ved byggeskikken er tatt vare på.





Sissel-huset på Levik er interessant fordi det er eit av svært få hus att der våningshuset er bygt saman med løa. Huset er innreidd på tidsriktig vis og framstår som det nærmaste ein har eit museumshus i Forsand.

Sisselhuset

På toppen av Levikbakken ligg «Sisselhuset», eller «Sisselstova», tidlegare «Torsteinhuset» etter første brukaren, som ei påminning om meir nøkterne måtar å ordne seg hus på. Andre, og siste brukaren var Sissel Ivarsdr. som budde i huset til i 1935. Huset høyrdet til ein plass under garden Levik. Det er truleg bygt i 1842, og påbyggt kring 1880. Det spesielle med huset, og som gjer det unikt, er at det er eit samanbyggt hus med stovehus i eine enden og løe i andre. Det er taket som bind dei to delane saman. Stovehuset har ei lafta stove og kammers, gang og kjøkken. Løa er bygt i stavkonstruksjon. Eit rom er delt av med ein sleppverkskonstruksjon, det er ein sjeldan bevart konstruksjon. Det har nok vore ein del slige hus i Ryfylke, men det er svært få av desse som nå er bevart.

Huset er sett i stand med støtte frå Forsand kommune, og økonomisk tilskott frå Rogaland fylkeskommune (RUP), Fylkesmannen (SMIL) og Ryfylcefondet. Det er tidsmessig møblert og framstår nå som eit museumshus.

Meling

Kolabygda er namnet på skulekrinsen mellom Høgsfjorden og Lysefjorden, men ser og ut til å ha vore brukt i ei snevrare tyding om bygda med gardane Skeivik, Lerang, Meling og Nordland. Her ligg gardane med iaugefallande tun opp frå lune viker langs Høgsfjorden. Mange turistar finn vegen opp frå rundkjøringa på Oanes, og har glede av å sjå både den småkuperte naturen med vekslande skog, fjell og dyrka mark, dei fine gardane, og vikene med naust og andre sjøhus.

Det første bygdelaget er Erevik. Her var det registrert fire hus under SEFRAK-registreringa i 1985, men berre to står att i dag, våningshuset i «gamletunet» på gnr. 7/5 og på gnr. 7/4. Det første blei tillagt høg verneverdi i 1985, og er i form eit typisk Ryfylke-hus i 1 ½ etasje med eit bislag på baksida. Men huset har gjennomgått ein del endringar, som gjer at autentisiteten ikkje lenger er så god. Nabohuset er endå sterkare modernisert.

I neste vik, i Ytre Skeivik, finn vi eit hus som er mellom dei mest autentiske i Forsand. Det er det opphavlege våningshuset på gnr. 6/2. Huset ser ut til å ha både den gamle glattkant-kledningen i behald, dei gamle glasa, inngangsdøra og listverk og andre detaljar frå ei forsiktig påvirkning av sveitserstilen. Huset skal vera bygt i 1860, men har nok gjennomgått ein del endringar etter det. Hovudinngangen på framsida er borte, og det har fått tak av betongstein, men har elles mykje av det gamle intakt.

På dei to neste gardane er det registrert ei rekke bygningar som blei vurderte til å ha høg verneverdi. Først Meling der det gamle våningshuset på gnr. 4/1 er under rehabilitering. Ein trur huset kan vera bygt tidleg på 1800-talet, men seinare påbyggt. Ein kan sjå det på glasa. Her står det framleis glas på framsida av huset, som var typiske i klassismen (1780-1810), småruta glas i torams innfatning, to glas i breidda, fire i høgda. På denne sida av huset ser også den originale kledningen ut til å vera i behald. Det er original teglstein på taket.

Ørlite grann lenger ned mot sjøen ligg våningshuset på gnr. 4/12, nå feriehus. Huset skal vera bygt kring 1885, og har preg av sveitserstil, men har gjennomgått ein del endringar. Her har det opphavleg vore empireglas, med tre glas i høgda i kvar rame. Glasa



I Ytre Skeivik finn vi eit av dei meir autentiske husa i Forsand. Huset ser ut til å ha både original kledning og originale glas med listverk og detaljar i god behald, men det har fått betongstein på taket.



I den gamle hovudbygningen på Meling står det framleis glas som var typiske i klassisismen, med 4 glas parvis i høgda.



Nausta på Meling. Det eine av dei som var registrerte som verneverneverdige (det nærmaste) er rive og erstatta av eit nytt, det andre er redda av eit bølgeblekktak.

er under utskifting, men med nokså god tilpassing til den gamle inndelinga og dei gamle dimensjonane. Her er ny og gammal kledning med staff og originale teglpanner på taket.

På Meling var det og to naust som var registrerte med høg verneverdi. Dei ligg i ei naustrekke der det i dag står fire naust i alt. Det eine av dei registrerte nausta er rive og erstatta av eit nytt, det andre er redda av eit bølgeblekktak. Det best bevarte i naustrekka er naustet til bnr. 3, som ikkje er registrert, men som står i si opphavlege form med umåla, ståande kledning og panner på taket.

På nabobrukot mot nord, Nordland, finn vi den sterkeste opphopinga av registrerte bygningar i den høgaste verneklassen i heile Forsand. Her var det ei omfattande oppbygging av bygningsmasse i åra 1877- 1880, og husa står om lag som dei blei bygde den gongen.

Hovudbygningen er eit staseleg, vel utvikla sveitsarhus med frambygt veranda, staffa kledning, krysspostglas med tre ruter i høgda. ein overflod av snikkardetaljar, og raudt pannetak. Alt er ikkje gammalt. Eigentleg er det meste nytt. Men utskiftingane er gjort med stor sans for den opphavlege utsjånaden. Eit tilbygg er sett til på baksida.

Det eldste huset på garden skal vera eldhuset, truleg bygt tidleg på 1800-talet, eit hus sett opp av steinblokkar mot eit fjell nord i tunet. Her er stor grue og rom for oppbevaring og bearbeiding av råvarer. Det var rom for mjøl og korn på loftet. Eldhuset fungerte altså også som eit stabbur. I tunet står og ei diger løe som er fornya med både ny kledning og





Hovudbygningen på Nordland blei bygt kring 1880 og har fått sterkt preg av sveitsarstil med framtrekt kvist og rike detaljar.



Sveitsarstilen er kjenneteikna ved vertikale former og stor snikkarglede. Her frå kvisten på Nordland.





Det høyrer fleire verneverdige hus til garden på Nordland, m.a. eit godt bevart naust.

platetak. Eit stort folgehus er under rehabilitering. Nede med sjøen står eit grindbygd naust med ståande kledning og panner på taket.

Ved sida av at husa på Nordland, trass i visse ombyggingar, utskiftingar og utbetingar opp gjennom åra, framstår som ganske autentiske, finst ein unik dokumentasjon om dei. Det er få stader ein finn utfyllande opplysningar om byggearbeida og kven som utførte dei. På Nordland har ein denne dokumentasjonen. Det gjer at bygningane i større grad enn andre stader kan bidra til kunnskap om byggesikken.



LYSEFJORDEN

Lysefjorden er indrefileten i reiselivet i Ryfylke. Fleire hundre tusen besøker fjorden kvart år. Dei fleste vil til Preikestolen eller Kjerag, mange ser Lysefjorden frå dekket på ein cruisebåt. Dei fleste kjem for å sjå naturen, men vi kan vel tenkje oss at synet av bygningane langt oppe i fjellsidene får ein og annan til å utbryte eit «amazing» eller «incredible». Det mest overraskande er truleg at det har budd folk innetter fjorden. Minna etter dei som har budd der finst ennå, men dei er under harde angrep frå ver og vind. Nokre stader blir tatt vare på som feriebustader, andre som lekk i forsøk på næring, men det finst ingen samla plan for vern og bruk av minne som kan bidra til kunnskap om og ei større oppleving av fjorden for dei som besøker han.

Andre stader har ein lukkast betre med dette. Stjerneeksemplet er fjordsystemet kring Storfjorden på Sunnmøre, der Storfjordens venner har stått bak istranssetting av i alt 130 bygningane, og arrangerer turar og seminar i eitt sett. Det skjemte nok ikkje ut at Dronning Sonja og Kong Harald valde ein av gardane, Skageflå, som feststad for sølvbryllaupet sitt i 1993.³⁷



Lysefjorden har eit potensiale. Fjorden er alt verdskjend og lett tilgjengeleg, vi lærer at folk spør etter meir mangfaldige opplevingar, djupare forståing og eit differensiert aktivitetstilbod. La oss prøve oss på eit statusoppdatering.

Sørsida av Lysefjorden

På sørsida av Lysefjorden er det registrert nyare kulturminne på Eiane, Fosmark, Kallali og Flørli. Men i litteraturen og i manns minne er det mye meir. Ettersom vi ikkje har systematiske registreringar å bygge på, og det ikkje ligg i ramma for kulturminneplanen å drive med nyregistrering og kjeldegransking, må vi gå litt lett over ein del av dette. Men noko bør likevel nemnast.

I Lastabotn, på innsida av Bergsholmen, var det ei viss gruvedrift på 1700-talet, men ho blei ingen varig suksess. På 1800-talet blei det gjort forsøk på å ta opp att gruvedriften. I 1881 kom engelske interesser inn i bildet, men det gjekk heller ikkje så godt. Siste forsøket på å hente ut malm frå Lastabotn blei gjort i 1915. Då blei det tatt ut 100 tonn malm, men det blei ikkje meir enn det.³⁸ I manns minne blir det fortalt at Lastabotn blei brukt som koloni for spedalske.³⁹

Skreddaren er namnet på eit nes litt lenger aust. Neset har vel fått namn etter ein skreddar som heldt til i eit lite hus nede ved sjøen. Huset står ennå, men i dag er det hyttefeltet lenger bak som dominerer landskapet. Her, som andre stader langs fjorden, blei det tatt ut granitt, og det står ennå ei fin brygge der bygd av kilt stein.

Vika var ein av plassane der dei dreiv med såkalla toflefabrikk, dei produserte botnar til tresko. Det var fleire slike, og dei var del av ein treindustri som fekk eit stort omfang, særleg på Helle.

Vidare kjem vi til Dørvika, som i dag er badeplass, men der ein og kan finne tufter. Under Nedre Eiane var det ein stusseleg husmannsplass kalla Pannevik. Tuftene etter denne viser og godt att i terrenget. Eiane skal vi koma tilbake til, men neste vik innafor heiter Aslaksråvika. Her skal det ha vore drive med båtbygging.

Og så er det Mulen. 200 meter opp i lia låg Mulen, som var plass under Forsandgarden. Plassen blei seinare ein sjølvstendig eigedom. Det kan nok ha budd folk der, men i manns minne er det skogen som først og fremst har hatt verdi. Eit naturfenomen i form av ein høgreist stein, eller klippe litt opp i lia har fått namnet Giskå, også kalla Jomfru Maria med barnet. Det er rimeleg å tru at plassen Giskasedet har namn etter Giskå. Dette var endå ein nokså stusseleg plass i skiftet mellom Fossmork og Kallali. «Når ein fer med båt framom Giskasedet, skulle ein ikkje tru at det har budd folk her,» skriv Sigleif Engen i Forsandboka.



Det er 15 registrerte
fjerdingsskifte for rotuen
på Lysefjorden.

«Plasset låg på ei lita slette øvst på ei rås som stikk ut som eit lite nes i Lysefjorden». Men ser ein godt etter kan ein finne tufter etter eit samanbygd hus med stove i eine enden og løe og fjos i andre enden, truleg av same slaget som Sisselhuset på Levik.

Og det er meir, det er ei rekke hellerar, i Vika, Litla Dørvika og Aslakskårvika, i Kvassnesli, ved Galtasteidn, det er misjonsåkrar, t.d. på Little Bergsholmen, ei drypp-steinsgrotte ved Holmen Grå, ein fin landingsplass i Katthabn og ein god opplagsplass for jekter i Jektajuvet. Før ein kjem til Flørli passerer ein Urnes Her budde familien til Pilt-Ola ei stund (sjå meir om det seinare), og det er restar etter steinbrot her. Det er historier knytt til Gullkista, Tjuvhola, Eilevsjuvet og Geitaneset. Ikkje minst er det fjerdingsskifta.

Fjerdingsskifta i fjorden

Før det kom båtruter på Lysefjorden måtte dei ro. Dei fekk ikkje båtruter før i 1887, men trafikkgrunnlaget var skralt, og det var ein kamp for å få støtte til å oppretthalde eit minimum av dampskipsfart på fjorden. Dei rekna at det var seks gamle mil frå Lyse til Stavanger - det er Sigleif Engen som skriv om «gamle mil» - ei norsk mil var før 1889 rekna til 18 000 alen, 11 295 meter. Det måtte vera hardt å ro så langt. Fjorden var derfor delt inn i skifte, så alle visste kor dei skulle bytte om å sitja med årene. Det var rekna 22 skifte frå Lyse til Stavanger, 15 ut til Forsand.⁴⁰

Namna på fjerdingsskifta festa seg naturleg nok i minna til folk, og mykje tyder på at dei hadde høg alder, viktig som Lysefjorden hadde vore i lange tider som ferdselsåre ikkje berre for dei som budde langs fjorden, men også for folka austan til.

Fjerdingsskifta følgjer nordsida av fjorden ut til Tålschedleren, rett nedom Bakken. Rekna frå Lyse er det skifte ved Skomagarsholet, ei hole rett inn i bratte fjellet, Dyrablod, Pigsteidn (mellom Sabakken og Håheller), Krossnes, Skjebastyret, Kåsaklobben (under Kåsen), Bispaskjevå (mellan Kallastein og Songesand), og altså Tålschedleren. Herifrå følgde ein sørsida av fjorden og hadde skifte ved Bådabekkjen (ved Mulen), Fossåå (nedom Fossmork), Kvassnes, Holmengrå, Godlurå (litt utanfor Vika), Giskalineset og Forssanøyren.

Lysefjorden har lag på lag med minne etter dei som har brukta han og skapt seg ein leveveg i dei bratte liene. Mykje har gått tapt, og mange stader er det ikkje anna enn veik kunnskap om namna att. Det vil likevel legge verdi til opplevinga av fjorden om nokre av desse minna kunne løftast fram og gjerast til gjengelege. Men vi er ikkje ferdige med sørsida av Lysefjorden. Vi må sjå nærmare på dei stadene som tidlegare er registrerte, og der det faktisk står synlege kulturminne att i landskapet.



På Bergsholmen står eit våningshus, ei løe og nokre hus nede ved sjøen. Våningshuset kan ha sitt opphav frå 1700-talet, men framstår i dag som det gjorde etter ei ombygging kring 1920. Empireglas og små teikn til sveitsarstil vitnar og om det.

Bergsholmen



Midt i innseglinga til Lysefjorden ligg Bergsholmen. Bergsholmen var opphavleg plass under Underberge. Sigleif Engen trur det var den første plassen under denne garden som blei tatt i bruk. Men i 1867 var plassen matrikulert som sjølvstendig gard. Når den første brukaren sette seg til på Bergsholmen, eller Kuholmen som han skal ha vore kalla, er noko usikkert, men det var i alle fall på 1600-talet ein gong.

Under SEFRAK-registreringa er det oppgitt at det nåverande våningshuset skal vera sett opp på slutten av 1700-talet, og ombygt kring 1920. Huset er eit fint døme på lokal byggeskikk med ei stove i kvar ende, gang og kjøkken på midten, kammers og ein lem med soverom i kvar ende. Dersom det er ombygt så seint som i 1920 kunne ein ha venta eit større innslag av sveitsarstil, men det finn ein fint lite av, bortsett frå noko listverk som har umiskjenneleg sveitsarpreg. Glasa er ordinære empire-glas med tre ruter i kvar ramme, glattkanta kleddning og panner på taket. Huset har stor grad av autentisitet, og staden er lett å forstå som ein sentral plass i fjorden for dei som ferdast der i ulike ærend. Sigleif Engen skriv litt om det i Forsandboka.

Rett ovanom våningshuset står ei intakt løe, og nede ved sjøen er det eit utval sjøhus av ulike slag. Det er også ein fint oppmura sjøveg frå nausta og opp i tunet.



Fossmork ligg høgt og fritt i enden av Eidadalføret. Fire av husa på garden er registrerte i SEFRAK. Eldste delen av løa, fjoset, er frå 1700-talet. Våningshuset fekk si nåverande form i 1878.


Fossmork

Fossmork, eller Fossmork, ligg i enden av Eidadalføret, opp frå Eiane på sørsida av Lysefjorden. Vi skal ikkje gløyme Eiane, men kjem tilbake til staden under omtalen av steinindustrien lenger bak.

Heilt øvst i dalen, på bruk nr. 1B, «der oppe», er det registrert fleire bygningar i høg verneklass. Her har det vore drive gardsbruk lenge. Våningshuset som står der i dag er bygt i 1878, etter ein katastrofal brann som tok det gamle gardshuset. Rominndelinga er i stor grad slik som ho var, med midtgang, kjøkken og ei stove i kvar ende. I perioden 1947 – 1974 var det Martin Fossmork som var brukar på garden. Han var og ein framifrå målar, rose målar og treskjærar. Han måla stovene i Fossmork med sjablondekor som framleis er der.

Utvendig ber huset preg av stor grad av autentisitet, sjølv om det kom nye glas i huset da det kom veg til Fossmork på slutten av 1970-talet. Også løa er godt bevart, og eit eldhus og ein utedo hører og med i tunet.

Tunet i Fossmork ligg høgt og fritt i dalen, med utsikt like ned til Lysefjorden og Prekestolen på andre sida fjorden. Husa blir tatt godt vare på og er viktige for opplevelinga av kulturlandskapet i dalføret. At det også var heimen til Martin Fossmork gjer ikkje staden mindre interessant.







Våningshuset i Fossmork ber sterkt preg av målaren og treskjeraren Martin Fossmark. Marta Haukelid Thu, som nå har Fossmork, er niesa til Martin Fossmark.

Kallali

I Kallali er det to bygningar som er registrerte med høg verneklass, våningshuset på gnr. 26/2 i verneklass A, og løa på gnr. 26/1 i verneklass B.

Eldste delen av våningshuset skal vera frå kring 1750. Det er såleis mellom dei eldste ståande husa i Forsand. Det passer såleis bra at det er utstyrt med småruta glas, nye rett nok, men kopla og godt tilpassa den opphavlege utsjänaden. Kledningen er også skifta, og taksteinen. Det er eit hus som er godt stelt med, og sjølv om noko av autentisiteten går tapt når alt utvendig blir skifta, er dette eit godt døme på byggeskikken i fjorden frå eit tidlegare tidspunkt. Det står att ei lita løe vest for våningshuset, og ein stor grunn etter ei tidlegare løe på auststida.

Våningshuset på nabobrukет, gnr. 26/1, er eit etterkrigshus, oppført i 1947. Det er stort, påbygd på eit tidspunkt, og velhalde. Den registrerte løa skal vera oppført ca. 1850 og framstår som nokså autentisk med ståande tømmermannskledning og pannetak. Løa står på ein fin tørrsteinsmur, som det elles er fleire av i området. På vestsida står det eit eldhús. Nede ved sjøen står eit mindre naust.

Husa i Kallali er kvitmåla, velhaldne og godt synlege for folk som fer innetter fjorden. I dag er dei feriestader, og dei har fått eit naboskap av fleire hytter i utkanten av bøane, men formidlar godt korleis det har sett ut og kva grunnlaget for levemåten var.



Husa i Kallali er viktige for opplevinga av Lysefjorden.
Dette er hus som blir haldne godt i stand.

Lyse og Auklend

Lysebotn blei etter krigen omforma til eit kraftverkssamfunn. Vi kjem tilbake til kraftverks-samfunna i Flørli og Lysebotn nedanfor. Men det er og to grupper av eldre bygningar opp frå Lysebotn der det er gjort registreringar med tanke på verneverdiar: Lyse og Auklend.

Øvst ligg Auklend, langs vegfar som har røter tilbake til dei gamle ferdslevegane, «Skinnvegen», frå Setesdalen. Her er det tre bruk, på to av dei er det registrert bygningar av kulturhistorisk interesse. Våningshuset på gnr. 24/1 er bygt ca. 1845, og liknar mykje på våningshuset på Bergsholmen, men vedlikehaldet er nedslept. I tunet ligg også ei løe frå ca. 1889 og eit eldhus. Dette er hus med noko meir av det opphavlege i behald, men også desse er prega av manglande vedlikehald.

Våningshuset på gnr. 24/3 er i den andre enden av vedlikehaldsskalaen. Det er oppgitt at huset er bygt ca. 1750, men det er modernisert etter det, og framstår i dag med empireglas og sveitsardetaljar. Det høyrer løe og eldhus også til dette bruket.

På det tredje bruket, gnr. 4/5, er ikkje bygningane registrerte. Våningshuset er eit fint, lite hus i 1 ½ etasje av det slaget med to stover mot framsida, empireglas, kledning med staff. Bygd i 1924 og godt vedlikehalde. Løe ved sida av, med eit fjos som ser ut til å vera i ein meir kritisk tilstand. I fjosveggen er årstalet 1903 rissa inn.

Husa på Auklend utgjer eit interessant bygningsmiljø med hus frå ulike tidsepokar, men forvaltinga av husa er såpass ulik at heilskapen i miljøet er svekka.

Då er det eit sterkare miljø på Lyse-gardane, der fem hus er registrerte som kulturhistorisk interessante, av desse tre i vernekasse B. Lengst aust, på gnr. 23/13 står eit våningshus med usikker datering ein gong på 1800-talet. Det har fått ny kledning, nye glas med utanpåliggende sprosser og plater på taket.

Nabohuset mot vest, på gnr. 23/12, er datert til ca. 1870. Det er same type hus, 1 ½ etasje, gang på midten, eit stove i kvar ende. På eit tidspunkt er dei fleste av glasa skifta ut med funkisglas, med det står fortsatt kledning med staff på veggane, og det ligg ruteskifer på taket. På baksida er eit dårleg tilpassa tilbygg. Det står ei intakt løe attmed huset.

På gnr. 23/11 står eit større hus. Det er i to etasjar, oppført 1889, opphavleg med klar påverknad av sveitserstilen. Det er seinare modernisert og påbygt, men godt vedlikehalde.

Det mest interessante huset på Lyse-gardane er våningshuset på Hauane, gnr. 23/01. Huset er bygt i 1855, truleg som eit typisk Ryfylke-hus. Taket blei løfta i 1922, og det var venteleg då det fekk sveitserstilen, m.a. med frambygd kvist med veranda. Nåverande eigar tok over drifta i 1999 og har gjennomført omfattande reparasjon av huset, men med stor vekt på å ta vare på dei historiske detaljane. Glasa mot sør er framleis dei opphavlege, medan det elles er bytta glas. Innvendig er det berre gjort nødvendige endringar for å få plass til sanitær- og kjøkkenfunksjonar. Stova er vakkert dekorert av ein Ola Sirdøl.

Det interessante på Hauane er at våningshuset inngår i ei ganske vellukka satsing på reiseliv. Hauane får topp score på tilbakemeldingane frå gjestene sine, og har oppnådd pris som beste B&B hos Tripadvisor. I tilbodet til gjestene inngår ei nokså kreativ rehabilitering av dei nyare uthusa, særleg løa, der det er eit bade- og sanitæranlegg i underetasjen som gir folk som ventar å finne ein hevdakjellar hakeslepp. Kulturhistorisk interessant er det også at Hauane truleg var sete for forhandlingane då Heiberg ville kjøpe heia til jaktformål. Mellom dei celebre gjestene har vore den finske feldmarskalk og seinare president Carl Gustaf Mannerheim.

Samla sett framstår Lyse-gardane med eit bygningsmiljø som både gir forståing av produksjonslandskapet, og ei oppleving av den gamle byggeskikken. Men også her har forvaltinga av bygningane såpass ulike mål at heilskapen i opplevinga av miljøet blir noe svakare enn han kunne vore.



På Hauane har dei greidd å kombinere rimeleg bra vern av dei opphavlege kvalitetane ved bygningane med kreativ utnytting av sekundære rom i bygningane.

Nordsida av Lysefjorden

Vi skal ut fjorden att, og skal gjera nokre grundigare stopp undervegs, men også på nordsida av fjorden er det ei rekke kulturminne som har gått under radaren for systematiske registreringar, eller som har mangelfulle opplysningar i forhold til situasjonen i dag. Vi skal minne om nokre av dei her før vi går i land på Kallastein, Håheller og Songesand. Men før vi går om bord i båten frå Lysebotn må vi minne om Store Nedrebø, som var garden der Lyse Kraft etablerte seg, på den nordre delen av sletta ut mot sjøen i Lysebotn, og der bustadområdet til kraftselskapet er nå. Store Nedrebø, eller Nerabø. Det var dette som var den første garden i Lysebotn, og som har bruksnummer 1 i matrikkelen.

I skiftet mellom Store Nedrebø og Sabakken låg plassen Dyrablad. Det var ein liten plass, og i dag er det ikkje stort anna enn nokre kydlestuvor ein ser ved første augekast, men ser ein nærmare etter kan ein finne hellerar og andre spor etter korleis folk har livberga seg på plassen.

Sabakken, som er lettare å sjå, og ligg rett før ein kjem til Håheller, var ein større plass, og eit sjølvstendig bruk da heimehuset bles ned og garden blei fråflytt i 1936. Det kan ha vore eit stort hus. Ein husgrunn på plassen måler 30 meter. Det kan tyde på at det var eit samanbygt hus, altså eit hus med våningshus og løe under same tak. Namnet kjem nok av at det blei drive sagbruk ved hjelp av vatnet i elva på Sabakken. Det var folka på Håheller som dreiv saga. Også på Sabakken er det funne hellerar som kan ha vore brukte både til lagerformål og som búplassar.

Vi går forbi Håheller i denne omgangen, og får heller ikkje med oss historia om husmannsplassen Håhellerliå, eller Djupaliå, som låg ned mot fjorden utanfor Håheller, der det skal ha vore drive med handel, eller Håhellerneset, eller berre Neset, som låg på ein berggrygg på austsida av Håheller, altså mellom Håheller og Sabakken. Tuftene etter Neset er godt synlege, og det er nokre imponerande steingardar der etter ryddinga av jordvegen på plassen.

Nå kan vi snart sjå husa på Kåsen langt oppe i lia, og under Kåsen, i skiftet mot Håheller, låg husmannsplassen Skjerliå og Tuftene heilt nede ved sjøen. Dette var heller ingen feite plassar, men ein kan ennå sjå ein nokså stor husgrunn i Skjerliå. Og sjølv om det ikkje var så mange tustene å berge høy frå, og husmannsfolka neppe hadde meir enn dei måtte ha, hadde hovudbruket på Kåsen også ei høyløe på Tuftene. I dette området, i Kåastoa, ligg og naust og brygge og veg opp til Kåsen. På Kåsen står eit våningshus frå tidleg på 1800 talet som i 1985 blei registrert i vernekasse B, men seinare sterkt ombygd.

Rett før vi kjem til Kallastein passerer vi Austre Vika, der det var husmannsplass som ser ut til å ha vore busett ei tid på 1700-talet. Sigleif Engen er i tvil om kor denne plassen kunne vera, men i manns minne er han lokalisert til Austre Vika. Der er det og fleire båstører.

Forbi Kallastein kjem vi til ein heller kalla Fiskehedler. Det var ein heller som blei brukt av øybuar som var på fiske og låg under helleren når dei var i fjorden. Rett ovanom er ein av dei mange stadene i fjorden der det blei tatt ut stein.

Ved elva i Songesand ligg Sandvik der Pilt-Ola sette opp smie med vasshamrar og bustadhus for smedar for å drive spikerfabrikk. Det skulle bli industri. Det skulle bli slutt på navar og trenaglar. Nå var det ei ny tid med spiker og hammar. Det brenn og bankar i fabrikken ei tid, men Ola Songesand er ein mann med fleire jarn i elden, og heller ikkje spikerfabrikken blir nokon varig suksess.⁴¹

Vi forlet dei nesten gløymde plassane langs fjorden, og skal gå i land på nokre av dei plassane der det framleis står hus.

Håheller

Det er eventyr over Håheller. I litteraturen blir garden framstilt som storgarden i Lysefjorden, ja i heile Forsand med. For riktig å understreke det store blir garden kalla grevskap somme stader. Og det var ein stor gard, ikkje i utstrekning kanskje, men i rikdom. Skogen var ein viktig del av grunnlaget, og det var sag på nabogarden, Sabakken, som tidlegare hadde vore eit underbruk eller ein støl under Håheller. Det blei relativt tidleg opna brevhus der (1919) – postkontor frå 1935 til 1965 – og sjølv om det ikkje var det einaste postkontoret i Lysefjorden, var det med og la verdi til staden. Ein periode på 1880-talet dreiv Jonas Olson Arnø handel. Det var frukthage framom hovudhuset, på sørsida mot fjorden.⁴²

Det var ein stad folk overnatta på veg ut og inn Lysefjorden. Då kunne dei få høre at folket på Håheller var av dansk slekt. «Det var dei byrge av», skriv Sigleif Engen i Forsandboka.⁴³

Vi har sett at det i helleren på Håheller var spor etter busetting tilbake til eldre steinalder. Sigleif Engen trur den første busettinga i nyare tid skjedde i andre halvdelen av 1500-talet. Og så har det vore ein brukar like fram til i dag, bortsett frå ein liten periode med to bruk på 1870- og -80-talet.

Det mest iaugefallande med Håheller, bortsett frå den spektakulære lokaliteten på ei frodig, grøn slette nedunder bratte og høge fjell, er det digre hovudhuset på garden. Det er uvanleg stort, og plassert med breisida mot sjøen. Det må ha vore Kristoffer Kristoffersson (1762/64 – 1843) som har bygt det, meiner Engen. Han gifta seg med Kirsten («Kristi») Olsdt. Gøysavik same året. Ho var dotter til Ola Olsson Byrkjeland frå Forsand. Han hadde kome frå Vikedal. Kanskje Kristoffer tenkte seg til med gjestgivardrift, spekulerer Engen, og kanskje ideen til huset kom frå Vikedal, frå Hogganvik, som var storgarden i den delen av Ryfylke.

Kristoffer og Kirsten fekk berre ei dotter, men dei heldt stort hus, med fleire tenrar og innerst. I bygdeboka er det i tillegg nemnt tre husmannsplassar. I seinare slektledd kom det fleire barn, Kristi Torgrimsdt. (1820 – 1872) og Jonas I. Jonson (1812 – 1875) fekk 11, og det kunne vel i periodar vera trond for eit romsleg hus.

Huset er i hovudsak lafta og er sett saman av fleire laftekassar. Likevel kan det sjå ut til at heile bygningen er reist i same periode. Inndelinga av huset er såleis ikkje eit resultat av ulike påbygg, slik ein ofte kan finne.⁴⁴

Trass i storleiken, har huset fleire trekk frå tradisjonelle Ryfylke-hus, samtidig som det har ein barokkprega, symmetrisk fasade med takoppløft mot sjøen. Det siste var svært moderne for si tid. Huset er sentrert rundt eit stort kjøkken med to gruer – også nokså uvanleg. På kvar side av kjøkkenet er det stover, ei mot aust og ei mot vest. På baksida, nordsida, er det fleire kammers og siderom, og dessutan gang med ytterdør. På loftet er det fire rom, også her eit rom (bur) med grue. Det er altså eit hus som ikkje kan vera bygt berre for å gi rom til ein huslyd med kjernefamilie, tenarskap og andre losjerande, slik ein finn mange stader, men eit hus som også signaliserer velstand, eit positivt sjølbilde og ei trygg forankring i tida.

I tillegg til bustadhuset var det lœ og naust på garden, eit mindre bustadhus som nå er borte, og støl i heia.

Det er ikkje til å undrast over at dette er eit hus og ein plass og ei historie som har skapt både undring og forvitenskap. Og da ideane om bygningsvern også tok til å nå inn i fjordane, var Håheller mellom dei stadene som tidleg kom med på oversyna over verneverdige bygningar. Det har vore andre idear og, om å bygge ut Håheller som eit turistanlegg, men ingen ting er blitt noko av, huset er blitt ståande tomt, og ver og vind og farande folk har tatt seg til rette.



Håheller har ei sentral og spektakulær plassering i kulturlandskapet i Lysefjorden. Gjennom eit samarbeid mellom Fortidsminneforeininga avd. Ryfylke og eigaren har det sidan hausten 2018 gått føre seg eit restaureringsarbeid på staden. Første resultatet er gjenreising av løa (øvst til høgre på bøen). Foto: Rune Idsøe.





Det er rause dimensjonar på Håheller, og ei nokså påkosta detaljering. Staden byr elles på interessante forteljingar om livet i Lysefjorden.

Slik såg løa på Håheller ut. Nå er ho borte, men Fortidsminneforeninga avd. Ryfylke, er i arbeid med rekonstruksjon av løa. Ho vil bli sett opp att på Håheller i 2019. Foto: Privat.



Ingebjørg Øveraasen, som gjennomførte ein tilstandsanalyse av hovudbygningen på Håheller i februar 2018 konkluderer med at bygningen har store eller alvorlege skader, at det er stor fare for katastrofal funksjonssvikt, og behov for å få til omgåande sikringstiltak.

Der kunne historia om Håheller slutta. Ein vinter til, så var det kanskje ikkje meir å ta vare på. Men Ryfylke avdeling av Fortidsminneforeningen ville det annleis. Foreininga har gått tungt inn i arbeidet med å redde Håheller som eit kulturminne, og er hausten 2018 i full gang med å rekonstruere løa som vil bli sett opp i 2019. Samtidig gjennomfører eigaren sikringstiltak for å hindre vidare forfall av hovudbygningen. Han har og gjennomført tiltak etter ein skjøtselsplan som er utarbeidd for garden.⁴⁵

Det er eit omfattande restaureringsarbeid som må gjennomførast før hovudbygningen kan takast i bruk att. Øveraasen tilrår ein restaureringsprosess i fleire faser, der ein først tar seg av tak og konstruksjon. Får ein til eit breitt samarbeid mellom interesserte partar

Kallastein ser framleis ut som ein kjekk plass sett frå sjøen, men ved nærmare ettersyn viser det seg at tilstanden er i ferd med å bli kritisk dårlig.

Håheller kan bli det store restaurerings- og kulturminnevernprosjektet i Forsand.

og velvillige støtteordningar, kan Håheller gjenreisast som eit vitnemål om optimisme og pågangsmot både i fortid og nåtid. Det som Fortidsminneforeininga har starta hausten 2018, etter årevis med mismot og motgang, kan bli det store restaurerings- og kulturminnevernprosjektet i Forsand.

Kallastein

Kallastein ligg på eit nes eit stykke vest for Håheller, og med ei god hamn ytst på neset, men her står det heller ikkje så bra til. Våningshuset er sett opp kring 1825, løa i 1943. Huset har i dag ei blanding av empire- og funkisglas, staffa kledning og eternit-plater på taket. Det er i dårlig stand, men ennå ikkje til nedfalls. Da er det verre med løa, som er i ferd med å rase saman. Det står eit naust og eit par små hus elles ned mot sjøen. På austsida er det restar etter ein frukthage. Området rundt husa er nokså attgrodd.

Kallastein er godt synleg frå fjorden. På avstand ser det ut som ein idyll. Det er ein viktig del av dokumentasjonen av busettinga langs fjorden. Opplevinga av fjorden blir fattigare utan Kallastein. Men det hastar om Kallastein skal reddast.

Ryfylke Friluftsråd er i dialog med eigaren om bruken av Kallastein og har fått arkitektkontoret Schjelderup & Gram til å utarbeide ein tiltaksplan med forslag til korleis bygningane kan utformast for å legge til rette for samlingsplassar for folk som kjem sjøvegen.⁴⁶ Det er ein ambisiøs plan med ei kostnadsramme som overstig det ein så langt har sett for seg i kulturminnevernet i Lysefjorden, men sett i samanheng med pågåande arbeid på Bakken og Håheller, og planane for utvikling av Flørli, teiknar det seg eit bilde av ei kultursatsing i Lysefjorden som omfattar ein ny måte å sjå potensialet for utvikling av Lysefjorden på.

Songesand

Songesand ligg som eit lite sentrum i Lysefjorden. Her er gammal anleggsveg opp gjennom dalen og like til Auklend i Lyse, og vestover til Bakken og Bratteli. Nordover er det veg til Årdal. Her var eit viktig fjerdingsskifte for dei som rodde fjorden, og her kom tidleg brygge, postopneri og telefonstasjon. Ein kuriositet er ein liten jordflekk rett ovom kaien som blir kalla Danmark etter ballastjord som kom med båtane frå Danmark.

Det sto eit staseleg gardshus frå 1863 opp frå kaien i Songesand, men det har brunne ned, nå står det berre eit lite uthus att bak murane etter våningshuset.

Opp i dalen, på Hatleskog, er våningshuset registrert som eit kulturminne i verneklasse B, men det er nok ei stund sidan det gjorde seg fortent til slik klassifikasjon.

Meir interessant er Songesand skule, som ligg endå eit stykke lenger opp, på Solheim, men den vil vi komma tilbake til i ein samla omtale av skulehusa i Forsand.

Fjellgardane

Den mest spektakulære busettinga i Lysefjorden finn ein på platået over dei bratte fjellsidene. Det er ikkje så veldig høgt, gardane ligg på kring 150 m.o.h., men det er bratt opp. På rekke og rad utetter frå Songesand ligg Bakken, Bratteli og Hengjane.

Bakken, eller Songesandsbakken, fordi det var plass under Songesand, er først og fremst kjend fordi det var heimen til Pilt-Ola. Foreldra, Ola Andersson (1742 – 1817) og





Songesand er ein god innfallsport til Lysefjorden, og utgangspunkt for fotturar, t.d. til Bakken. Men staden har mista delar av den bygningsarven som gjorde staden i seg sjølv interessant.

Ei lite område på 5 - 6 mål vest for kaien i Songesand viser tydeleg det møysame arbeidet med å rydde jorda for stein og legge opp fine rydningsrøyser.
Foto: Tora Liv Thorsen.

Siri Halvardsdtr. (1748 – 1815), som hadde gifta seg i 1772, budde mange stader, og fekk mange barn før dei kom til Bakken. I Lysefjorden skal dei ha budd både i Songedalen, under Skaffarshidlaren, eventuelt Smiehidlaren, seinare nemnt Pilt Ola-hidleren, og i eit hus på Urnes, før dei kom til Bakken i 1789, eventuelt i 1792 - det blir brukt ulike årstal og nemningar i ulike kjelder.⁴⁷ Men i 1792 ser det i alle fall ut til at dei fekk bygd seg ei lœ på Bakken, og venteleg eit bustadhus ikkje så lenge etter det. Ole var født i 1779 som den sjette av i alt 13 barn. Han var altså ikkje lenger eit småbarn då han kom til Bakken, men han blei ikkje konfirmert før i 1797. Då var han 17 år gammal.

Men det er ikkje berre Pilt-Ola som har gjort Bakken kjend. Siste brukaren var Johannes Bakken (1898 - 1982). Han var gjestfri, historieinteressert, ein god forteljar, han las mykje og han skreiv. Han skreiv livsverket sitt i eit diktverk som fylte tre kladdebøker. I 1973 fylte han 75 år. Då reiste han frå Bakken.

Det huset som Ola Anderson fekk bygt på Bakken er borte. Det nåverande våningshuset er bygt av Johannes Bakken i 1929/30. Uthusa er eldre, og i SEFRAK-registreringa er dei registrerte i verneklass B, eller, for lœa, i verneklass A. Her er båsane i fjoset framleis på plass. Den eldste delen av lœa er venteleg frå den gamle lœa som blei bygt i 1792, og så er det eit hønsehus, eit lite verkstadbygg, eit sauefjos og eit maskinhus for taubanen.

Same året som Johannes reiste frå Bakken testamenterte han Bakken og alt som var der til Forsand kommune. I tillegg til husa var det ei stor samling ilåt, utstyr og reiskap som blei ein grunnstamme i samlinga til Forsand bygdemuseum. Han ønskte at garden framleis skulle vera open for folk som gjekk i fjellet. Forsand kommune har tatt vare på både husa, inventaret og ønskja til Johannes etter det. Frå 1. januar 2019 disponerer Stavanger Turistforening tunet på Bakken, der garden kjem til å gå inn i turistløypa «Lysefjorden rundt» som frå Forsand går opp Vinddalen og over til Flørli, vidare til turisthytta ved Langavatn, Kjerag og Lysebotn, over Fylgjesdalen til Songedalen, Bakken og til slutt Preikesolen fjellstove. Ruta er under utvikling, og kan bli ei fin vandring, ikkje berre gjennom overveldande natur, men også gjennom ei interessant kulturhistorie. Her skulle det ligge til rette for ei historisk vandring.

Stavanger Turistforening har lansert omfattande planar for utbygging av våningshuset på Bakken til turisthytte. Dei planane som er offentleggjorde så langt viser god forståing for dei tradisjonane som ligg til grunn for modernisering av gardshusa. Det er grunn til å tru at ein framleis vil kunne få ei oppleveling av det opphavlege bygningsmiljøet på Bakken. Litt lenger nord ligg Myrå som opphavleg var plass under Bratteli, men som i 1910 kom i eiga til dei på Bakken. Eldste delen av huset der skal vera av eit hus som er flytta frå Urnes, innanfor Kallali. Våningshuset på Myrå er klassifisert i verneklass A.

Bratteli er den ytste av fjellgardane. Garden var eitt bruk fram til i 1790-åra, då blei det etter kvart husmannsplassar på Myrå, Hengjane og Øvre og Midtre Bratteli, fire i alt. Alle plassane blei seinare sjølvstendige bruk. Siste brukaren, Lars Bratteli, flytta frå Bratteli kring 1970.

Ingen av desse stadene er det registrert eldre hus, men det er eit stort tal tufter etter eldre hus, og Arve Notvik har funne ikkje mindre enn 40 oppmurte hidlarar på Hengjane og Bratteli. Dei vitnar om ei intensiv utnytting av areala. Alle hidlarar er ikkje like enkle å lesa, men nokre må ha vore brukte til fôrberging, andre til dyr, kanskje endatil som bustad. Funna av alle hidlarane på Hengjane og Bratteli, og ein del spreidde hidlarar andre stader, tilseier at det truleg har vore ei mengde slike ly i bruk til ulike formål i heile Lysefjorden. Likeeins vitnar kartleggingar av åkrar og kydlestavar på plassane om ei høg utnytting av naturressursane til beite og försanking.

Fjellgardane i Lysefjorden dokumenterer sterk vilje og evne til å utnytte sparsame ressursar, og sjølv om det er nyare, og delvis moderniserte hus som står att på plassane nå,



Bakken er den best kjende av fjellgardane på nordsida av Lysefjorden. Her er det bevart eit komplett gardstun med våningshus og uthus. Frå 1. januar 2019 er Bakken ei av hyttene i rutenettet til Stavanger Turistforening. Det betyr at overnattingstilbodet på vandreruta «Lysefjorden rundt» etter kvart får ei vesentleg kvalitetshøving. Foto: Kjell Helle-Olsen.

Under ein av hidlarane på Bakken var det smie.
Foto: Kjell Helle-Olsen.

er gardane ein viktig del av den visuelle opplevinga av fjorden. Både for forståinga av leve-måten, og opplevinga av han, er det viktig at både bygningane og landskapet blir forvalta slik at ein framleis kan få eit bilde av korleis det såg ut.

ROSSAVIK

Det andre fjordløpet i Forsand er Høgsfjorden sør-austetter til Rossavik og Helle. I Rossavik er det registrert eit dusin hus frå før 1900, mellom desse 7 hus i verneklasse B. Det mest samanhengande og tydelege miljøet er husa i Nedre Rossavik. Her har Tanke og Torunn Levik tatt godt vare på våningshuset på gnr. 42/1. Det er i utgangspunktet eit hus i 1 ½



I Rossavik står det fleire generasjonar våningshus. Det eldste, som vi har tatt med her, er delvis frå 1776. Eigara er Tanke og Torunn Levik.

etasje. Den eldste, austre delen er truleg bygd i 1776, der er i alle fall eit årstal på ei dør frå den tida, medan resten skal vera påbyggt i 1850-åra. Huset har gjennomgått endringar både inne og ute etter det. Ved sida av står eit nyare uthus som har romma vedaskut og do.


Våningshuset på nabobrukет, gnr. 42/14 er frå ca. 1850, og løfta i 1900, samtidig som det fekk sterkt preg av sveitserstil. Detaljane er godt tatt vare på. Det er kledning med staff på vegane og skifer på taket.

Litt lenger aust står hovudbygningen på gnr. 43/05. Eldste delen av huset er bygd i 1885, modernisert i 1934 og 1950. Det er eit stort hus, 14 x 8 meter, men opphavleg truleg også dette ei midtgangshus.


Nede ved sjøen var det tre naust som blei registrerte i verneklasse B i 1986. To av dei står ennå, det tredje er til nedfalls, men har nå fått støtte til restaurering både frå Kulturminnefondet og SMIL. Best står det til med naustet lengst vest i Rossavika. Her gjennomførte Tanke Levik eit restaureringsarbeid for ti år sidan der materialar blei brukt om att og helletaket blei supplert med nye heller. Resultatet er blitt eit godt døme på korleis eit naust i grindakonstruksjon såg ut. I tillegg til å bidra til heilskapen i bygningsmassen på ein gard, og til eit bygningsmiljø ved fjorden, viser det og korleis fiske var ein del av livsgrunnlaget. Her blei det oppbevart både laksenøter og notbruk som garden hadde i lag med Øvre Rossavik.

ESPEDALEN

Espedalen er såpass eksotisk at det er funne plass til soger og minne frå Espedalen i mange lokalhistoriske bøker, som t.d. i årbökene til Rogaland folkemuseum (nå: Ryfylkemuseet).⁴⁸ Under arbeidet med SEFRÅK-registreringane er det registrert ganske mange hus både på Helle og Mele, i Nedre Espedal, i Øvre Espedal og på Øvre Espedalsstølen.



ROSSAVIK



Helle

Alt før vi kjem inn i dalføret, møter vi eit bygningsmiljø med både kulturhistoriske og estetiske kvalitetar på Helle, i Dalbuvika. Her var det naustplass for gardane oppetter dalen og her var det ein naturleg bryggested. Helle blei handelsplass i 1870-åra, her stoppa dampbåten og her kom Helle meieri i 1911. Ein del av dette miljøet er der ennå.

Det gjeld for det første tre naust som ligg lengst vest i Dalbuvika. Vi har inga sikker tidfesting, og veit ikkje så mykje om desse nausta, men to av dei, dei to ytste, står der på same måten som på foto frå tidlegare tider, det tredje er til nedfalls, og det fjerde, som vi kan sjå på gamle foto, er borte. Det er tydelege båtstører ut i sjøen på framsida av nausta. Det er attgrodde og därleg miljø for bevaring av bygningar på staden, men dette er enkle og lite kostnadskrevjande bygningar, som det ikkje skal så mykje til for å tilbakeføre til tidlegare standard.

Rett sør aust for naustrekka ligg ein velhalden forretningseidedom, «Strandheim», med bustadhus, forretningslokale i underetasjen, og med tilliggande varelager og bakstehus. Eideomen blir i dag brukt som fritidsbustad, og blir halden i god stand.


Bak desse husa, på øvre sida av vegen, ligg nyare bygningar som har vore ein del av eit lite sentrum ved Dalbuvika. Helle meieri var den store og viktige verksemda, men etter kvart som meieriet trong større lokale, og til slutt blei avvikla, gav bygningane både rom for eit handelslag og ein trevarefabrikk.

Dalbuvika har historiske verdiar, og bygningar som kan gi ei oppleving av fortida. Ei medviten haldning til vedlikehald og bevaring av gjenverande bygningar, ville kunne gi både ei betre forståing av bygdehistoria, og ei sterkare oppleving av å komma til bygda.

Mæle

Mæle er ein stor gard på sørsida av Mælsåna. Garden har fått over hundre sider i Forsandboka til Sigleif Engen. Det er berre dei sentrale gardsområda på Berge og Forsand som kan slå det. Men her er ikkje mange bygningar att av dei som var så gamle at dei kunne ha kome med i SEFRAK-registreringa.

På hovudbruket, gnr. 54/1, er det registrert ei lita løe med fjos som skal vera frå 1600-talet (sjå foto side 31). I så fall er det det eldste, kjente huset i Forsand. Det er ein bygning som er samansett av fleire delar, 13 m lang og snautt 4 m brei. Vi har ikkje høve til å studere konstruksjonen nøyare, men veggane er i sleppveggskonstruksjon, eller det som også er kalla lavegg, og kanskje med ein grindakonstruksjon i vestre enden. Det er såleis eit interessant hus også byggeteknisk. Veggane er konstruerte med ståande stolpar med uthogne spor der det er lagt ned planker horisontalt. Dette er ein byggemåte som har vore lite påakta, og det er ikkje mange døme ein finn av slaget. Men Svein Molaug, som studerte tundanning og byggeskikk



HELLE OG MÆLE





I Dalbuvik på Helle er det eit bygningsmiljø som formidlar viktige forteljingar om det historiske Helle.

lengen før han blei direktør på Norsk sjøfartsmuseum, meinat at slike hus var heller vanlege i «søndre Ryfylke».⁴⁹

Andre bygningar på Mæle er nyare, eller er sterkt moderniserte eller ombygde. Den gamle løa inngår såleis ikkje i noko antikvarisk miljø.

Nedre Espedal


Vi har tidlegare nemnt at gardane på Forsand var organiserte som klyngetun. Ein kan ane strukturen av denne måte å organisere busetnaden på ennå, men han er svak. I Espedalen er det annleis. Der er strukturen frå klyngetuna godt lesbar ennå, både i Nedre og Øvre Espedal. Klyngetun fann ein over heile landet, men særleg på Vestlandet. I dag er det svært få att, mellom desse dei kjende tuna på Aga i Hardanger og på Havrå på Osterøy.

Det har nyleg kome ei bok om klyngetuna der forfattarane har registrert i alt 39 gjenverande tun. Men det er ei bok som er prega av at ho er finansiert i Hordaland. Forfattarane har ikkje oppdagat Espedalen. Det er likevel interessant at det kjem ei bok som løfter fram kunnskapen om ei tunform som var den vanlege, men som dei fleste stader blei borte etter utskiftingane frå siste halvdelen av 1800-talet.

Når vi brukar nemninga klyngetun har det gjerne med det å gjera at vi oppfattar dei mange husa som står saman som ei klynge, men dei er ikkje tilfeldig plasserte. Svein Molaug ser mønster som gjer at han vil bruke nemninga rekketun på samlinga av hus. Han finn at husa er plasserte nokså nøyne i forhold til nabohusa, og slik at det danna seg ei gate

Den gamle løa på Mæle kan vera det eldste, ståande huset i Forsand. Eldste delen skal vera frå 1600-talet.





NEDRE ESPEDAL



«stort negativt omfang» for kulturminna i området, det vil i praksis sia dei SEFRAK-registrerte bygningane.

Klyngetunet i Nedre Espedal har stor verdi som ei sjeldan overlevning av ei gammal form for busetting, både som historisk kjelde og som grunnlag for kunnskapsformidling og oppleveling av bygningane i kulturlandskapet. Forvaltinga av bygningane har svekkautentisiteten til enkeltbygningar, men strukturen er intakt, og det skal berre enkle tiltak til for å rehabilitera bygningsmassen.

Øvre Espedal

Inst i Espedalen, ved enden av Espedalsvatnet, er Øvre Espedal. Også her er gardshusa i stor grad organisert som eit klyngetun. I det mest sentrale området, kring krysset mellom

i rommet mellom husa. Oppfatninga av at rekka var ein overordna struktur, finn han dess meir belegg for på Øvre Espedalsstølen, som vi skal komma tilbake til nedanfor.

I det sentrale området i Nedre Espedal, er det ei rekke registrerte bygningar, 8 i verneklasse B. I tillegg kjem bygningar på moen og Kjærholen. I SEFRAK-registeret er det registrert i alt 18 bygningar i Nedre Espedal, og sjølv om eit par er rivne sidan registreringsarbeidet gjekk føre seg, er det mange att. I Forsandboka reknar Sigleif Engen opp i alt 34 bygningar i området. Her finn ein altså ei sjeldan overlevning frå den gamle måten å organisere busettaden på, med bustadhus og uthus samla, og med jordvidda i kring.

Det er miljøet, meir enn enkeltbygningar, som gjer Nedre Espedal interessant i ein kulturhistorisk samanheng, sjølv om her også er fine enkeltbygningar, både bustadhus, lører og andre uthus. Men det er og eit miljø med ein del forsømt vedlikehald, skjemmande påbygg og uheldige utskifting av bygningselement som glas, dører og taktekking.

Men det er andre faktorar enn forsømt vedlikehald og uheldige ombyggingar som også trugar bygningsarven i Nedre Espedal. Her er stor interesse for å utnytte grusressursane i området. I ein studie utført ved Norges Landbrukshistorie i 1991 blei det konkludert med at «på Nedre Espedal gjør bebyggelsen større deler av forekomstene uaktuelle for uttak».⁵⁰ I dag har ein eit meir liberalt syn på omforming av landskapet, og gammal busettad treng ikkje vera til hinder for å vurdere utnytting av grusforekomstene.

Alt i 2013 gav Forsand kommune klarsignal for utgreiing av utvida massetak i Espedalen. Dette løyste ut behov for ei konsekvensutgreiing. Slik utgreiing låg føre i 2017.⁵¹ Det som i utgreiinga er definert som «Område 2» omfattar dei sentrale delane av Nedre Espedal, der busettaden ligg. Utbyggingsplanane foreset at alle bygningane blir fjerna, og at det ikkje vil vera aktuelt å bevare bygningar og tilbakeføre klyngetunet slik som det er i dag. I tillegg er det eit potensiale for funn av forminne under overflata. Konklusjonen er at dette vil gi

⁵⁰ See Norges Landbrukshistorie (1991) s. 116.

⁵¹ See Forsand kommune (2013) s. 10.



Klyngetuna i Nedre og Øvre Espedal er mellom dei få att av dette slaget i Norge. I tunet i Nedre Espedal er det registrert 8 bygningar i verneklasse B.

Espedalsvegen og Stølsvegen, er det registrert 12 eldre bygningar, og så nokre på sørsida av elva og på Hestevoll, 20 bygningar i alt, av desse 5 i verneklasse B.


To av bygningane i verneklasse B står på gnr. 48/12, på nordsida av vegen i det nemnte krysset. Særleg har løa her fått stor merksemnd fordi ho er så stor, over 23 meter i lengda og over 8 meter brei. Eldste delen skal vera frå 1862, men det er gjort tilføyinger og utbetringar etter det. Gardshuset er tidfesta til 1877, men har gjennomgått store endringar.

Eit einaste naust står att i Naustrevika, tett attmed vegen. Det er ein intakt grinda-konstruksjon, kledd med plater både på veggar og tak. Då det blei registrert i 1986 var det kledd med ståande bord og det var tegl på taket. Naustet er ikkje tidfesta.


På gnr. 48/11, Hestevoll, står ein interessant skut. Huset skal vera bygt ca 1750, og flytta frå garden til Hestevoll i 1891. Det spesielle er at veggan er kledd med ståande supanel, og lagt slik at regndrevet frå vest ikkje skal trenge inn i veggan. Hovudbygningen på garden er bygd ut i fleire etappar, og sterkt modernisert. Eldste delen er frå 1891, men ombygd både i 1963 og 1991. Ei modernisert løe, eit skjul og eit eldhus høyrer også til bygningsmiljøet på Hestevoll.

Også i Øvre Espedal er det bygningsmiljøet, som ei overlevning at klyngetunet, som vekker større interesse enn enkeltbygningane, og også her finn ein ei forvalting av bygningar som bygger på nokså ulike prioriteringar. Men som eit samla miljø må kunnskaps- og opplevingsverdien bli sett høgt.

Klyngetunet var ein vanleg måte å organiser gardsbygningane på, og det var fleire tusen slike bygningssamlingar her i landet. Nå er det berre nokre få att, og to av dei finst altså i Forsand.⁵²



ØVRE ESPEDAL



Øvre Espedal fotografert frå stølsvegen til Espedalsstølen. Landsbypreget er ei sjeldan overlevning frå den gamle måten å organisere gardsbusetnaden på. Dei fleste stadene blei husa flytta ut frå klyngetunet etter utskiftingane som starta kring 1860.

Øvre Espedalsstølen

Det er ein del stolar og stølstufter som er registrerte i SEFRAK, men vi kjenner ikkje tilstanden til desse, og det er openbart at det må vera mange stolar som ikkje har kome med. Men støling var ein fast del av husdyrhaldet i ein heiakommune som Forsand. Mykje av grunnlaget for det høge husdyrtalet i bygda låg nettopp i stølinga og heiabeita. I kultusoga har Trygve Brandal utarbeidd ei liste over stolar i Forsand. Han har funne 120 stolar i Kolabygda, Lysfjorden, Forsandlandet, Espedalen, Frafjord og Dirdal.⁵³ Brandal reknar med at så godt som alle gardar i Forsand hadde tilgang til støl, anten dei hadde stolar sjølv, slik dei fleste hadde, eller dei måtte leige hos andre.

Men om registreringa av stølane, og kunnskapen om dei er mangelfulle, er det ein støl som har fått stor merksemd, det er Øvre Espedalsstølen. Der er det registrert 11 bygningar, av desse 8 i vernekasse B. Berre 2 bygningar ser ut til å ha vore utelatne frå registreringa.

Øvre Espedalsstøl er støsgrenda til gardane i Øvre Espedal. Stølen blei truleg etablert sist på 1700-talet, og støsmiljøet fekk raskt den karakteristiske utsjånaden der stølshusa var samla på tre samanhengande rekker på stølsvollen. Rekkene var organiserte slik at annakvar bygning var eit stølshus med ei løe imellom. Dei fleste av dei bygningane som står på stølen i dag blei bygt opp att etter ein brann kring 1860. Støling med mjølkekryr heldt fram til 1912.

Fleire stølshus er seinare ombygde, har gjennomgått fasadeendringar, er flytta eller har falle ned, men tre av bygningane står på same plassen ennå, og det er framleis muleg å sjå restar av den gamle byggemåten med stølshusa i rekker.

Dei største endringane kom på 1980-talet, da det var behov for ei modernisering for fritidsformål, og da tankar om vern sto svakt. I dag er det eit større engasjement for å verne det som er att, og tilbakeføre det som er muleg. Det er endatil tankar om å gjenreise ei av løene, både for å styrke formidlinga av historia til stølen, men òg for å kunne tilby fotturistar eit tak over hovudet. Men nye brannforskrifter gjer at det er utfordingar knytt til rekonstruksjon av dei tette husrekrene.



På Øvre Espedalsstølen kan ein framleis sjå mørnsteret etter bygging i rekker, slik som i klyngetuna nede i dalen.





Opphavleg var stølen bygd ut med rekker av hus der det veksla mellom stølsbuer og løer som høyrdde dei ulike gardane til.

Øvre Espedalsstølen inngår i Frafjordheiane landskapsvernområde, og bygningsmiljøet på stølen blir tillagt høg verneverdi. Føreskrifta til landskapsområdet skal hindre at det blir gjort inngrep i bygningsmiljøet eller landskapet som kan endre eller virke inn på arten eller karakteren til landskapet. Det er og minne etter setervollar frå førreformatorisk tid på Øvre Espedalsstølen, som er automatisk freda.

BYGGESKIKKEN

Gjennomgangen av ståande bygningar i Forsand viser at vi, om vi ser bort frå den eksperimentelle rekonstruksjonen av hus frå bronsealder og jernalder på Landa, har dokumentert ei bygningshistorie som strekker seg om lag 350 år bakover i tid. Det er ikkje mange bygningar frå den eldste tida, dei fleste er frå siste halvdelen av 1800-talet, men vi tenkjer det kan vera nyttig å prøve oss på ei bygningshistorisk framstilling, med grunnlag i det vi har sett, og det som er registrert som verneverdige bygningar i kommunen.

Går vi tilbake til 1600- og 1700-talet finn vi at det var mange hus på gardane. Kvar funksjon hadde sitt hus. I ein ofte referert «Beskrivelse over Stavanger Amt i Norge» frå 1770, skriv prost Hans Arentz at det var vanleg med sju hus på garden: Stovehus, bu, løe, fjøs, hevdaskut, hestestall, sauehus og geithus. I kultursoga for Forsand lurer Trygve Brandal på om han ikkje også burde hatt med eldhuset. Elles kunne det vel variere kor mange hus ein hadde, men poenget er at det var mange hus, ulikt i dag, da funksjonane er samla under færre tak. Ikkje minst er historia til stovehuset interessant i så måte.



Stovehusa

Svein Molaug, som vi har referert til ovanfor, reknar eldhuset som det eldste våningshuset. Til støtte for dette viser han til at dei i Espedalen kalla opphaldsrommet på stolane for eldhuset. Elles er det vanleg å rekne røykstova som den eldste stoveforma. Det var ei tømra stove med røykomm i eine hjørnet, og med ljore i taket til å sleppe røyken ut gjennom. Det var ope heilt opp i mønet. Som regel var det eit lite kammers og ein gang framom stova, og i alle fall gangen var som regel i ein reisverkkonstruksjon, medan stova var tømra. Dermed har ein eit treroms hus, men der stova var den dominante, og der dei aller fleste aktivitetane gjekk føre seg.

Eilert Sundt, som reiste landet rundt for å studere folkelivet, ga i 1862 ut ei bok om byggeskikken. Sundt hadde også vore i Ryfylke, og han meiner å ha funne at Ryfylke var det sørlegast området for bruk av røykstover. «Selv på bedre gårde» finn han at det ikkje er tale om anna til stovebygning enn den enkle vi har skildra ovanfor, og at dette må vera «den ældste form» for ei norsk stove.⁵⁴

Etter kvart som dei gamle røykommene blei erstatta av jarnomnar, var det muleg å legge ein lem i stova, husa kunne byggast høgare, og det blei betre plass. Sund viser til at røykomnen blei bytta ut med jarnomn frå kring 1800 og frametter.


Vi har ikkje funne røykstover i Forsand, men vi har døme på enkle våningshus med ei inndeling i tre rom. Våningsdelen av Sisselhuset på Levik er eit slikt hus, men vi finn det og på mindre plassar elles.

I tillegg til stovehuset kunne det vera ei bu på garden, også dette eit tømra hus, som kunne tene som gjestehus, og til oppbevaring av både gangkled og senkekled. På dei beste

Våningshuset på Bergsholmen er eit av dei som er minst påvirka av sveitsarstilen. Huset er bygt på slutten av 1700-talet, og ombygd i 1920, men er altså ikkje modernisert heilt etter moten på den tida. Det har fått empireglas for det meste, men det er framleis småruta glas på begge sider av inngangsdøra. Kledningen er utan staff, og det er eit relativt smålåte takutspring. Dette er eit nokså karakteristisk Ryfylke-hus. Her er det stove i eine enden, bu, eller finstove i andre enden, gang og kjøkken på midten, og truleg kammers bak dei to stovene.



Våningshuset på Håheller er det store Ryfylke-huset med tydelege spor etter stilretninga Louise seize. Huset er truleg bygt i 1789. Her er både søyler og gesimser og doble glas med fire doble ruter i høgda i kvar ramme.







Sveitserstilen viser seg både i smått og stort. Her med knektar og forsegjort listverk rundt glaset. Glaset er framleis empire, seinare kom det krysspostglas i husa. Bildet er frå Ytre Skeivik.

gardane blei buene rikt dekorerte og framsto som praktrum og markørar for velstand og rikdom.

Så skjer det noko interessant, og det er nå vi får Ryfylke-huset, slik vi kjenner det gjennom skiftande motar frå starten på 1800-talet og frametter. Eilert Sundt «traf endog til at se hin forandring foregå så at sige for mine øine». Og kva var det han såg? Jo, at bua blei flytta inntil stovehuset, og at gangen og det han kallar forstova, blei eit mellombyg Mellom dei to tømra romma. Altså ei stove i eine enden, ei bu i andre, og kjøkken og gang i mellom. Etter kvart, eller samtidig, kammers bak både stova og bua.

Frå Espedalen fortel Gudtorm Mikkelsen om korleis dette skjedde på heimegarden hans. Der hadde det vore ein brann i 1750-åra, og fleire av småhusa strauk med då, men ei bu sto att. Denne blei sett inntil stovehuset, og blei kalla nyastova. Det var ingen omn der, og stova blei brukt til gjestebodsrom. Langs veggene sto det kister, og der hang og helgakleda. Austmenn som for forbi kunne bli hyra til å stase opp kister, dører og lister med rosemaljing, dermed framsto buene, eller nyastovene, som stasstover. Det var omkring 1800 folk her tok til å bygge ei stovelengd innåt husa, fortel Mikkelsen.⁵⁵

I dag ser nemninga bu ut til å vera gløymt i Forsand, men i andre delar av Ryfylke er nemninga framleis i bruk om det som er stasstova i huset.

I dei gamle røykstovene var det ikkje anna lys enn det som kom inn gjennom ljoren. Men så kom glaset i bruk, først som små ruter innfatta i bly, men utover på 1700-talet som større ruter, gjerne sett parvis inn i ei treramme, slik at kvar ramme hadde 4, 6 eller 8 ruter. Og med innverknad frå stilmotane ute i Europa følgde det eit listverk med søyler og gesimsar. Då er vi i overgangen mellom 1700- og 1800-talet. Stilen blir kalla Louise seize, etter den franske kongen på den tida. Eit strålande døme på denne stilarten i Forsand er våningshuset på Håheller. Det er bygt i 1815 og framstår som eit fullt ferdig Ryfylke-hus med liggande, sua kledning, doble glas med midtpost og åtte ruter i kvar ramme i kvar av stovene, kvist med flat ark og heller på taket slik det er fotografert for årssheftet til Stavanger Museum i 1940-41. Taket blir avslutta på linje med vegglivet i gavlane, og har heller ikkje noko særleg utstikk på langsidene.

Never og torv var lenge den vanlege måten å tekke taket med. Dette var ei taktekking som både var billig og god. Eit godt nevertak kunne ligge i mange ti-år. Var ein riktig god, hadde gode materialar og gode folk til å hjelpe seg, kunne det vare i hundre år. Overgangen til tegl kunne ha samanheng med nedgang i tilgangen på bjørkenever. Teglpanner hadde vore tilgjengelege frå 1600-talet, men blei vanleg på tak i Ryfylke først på 1800-talet. Det var uglaserte teglpanner frå teglverk i Sandnes, Stavanger og på Sand som blei brukta. Side om side med desse hovudmaterialane har det vore brukta skiferheller der dette har vore tilgjengeleg, særleg i Hjelmeland, men så ser vi altså at det også var heller på huset på Håheller.⁵⁶

Utetter på 1800-talet er det stilretninga Empire som set preg på bygningane, etter kvart Seinempire, eller Biedermeier. Nå blir rutene større, og vi finn dei glasa som er mest vanlege i eldre hus, torams glas med tre ruter i kvar ramme. Seinare kjem det krysspostglas med fast midtpost og losholt som dannar ein kross, med to små lukkeglas oppe. I taket blir det lagt inn bjødnar på langs, gjerne forlenga slik at dei er godt synlege i gavlens. Takutspringa blir trekte ut både i gavlens og på langsidene, og kvistane får mønt tak.⁵⁷

Når dei store europeiske moteretningane blir omsette til folkeleg byggeskikk i Ryfylke, er det ikkje alltid så tydeleg kva som har vore førebildet, overgangen mellom stilretningane kan vera flytane, og stiltrekka er gjerne forenkla. Men sveitserstilen er ikkje til å ta feil av. Det var ein stilretning som blei svært populær, sjølv om han og kunne bli sett på som vulgær. Lenge etter at sveitserstilen hadde gått av mote, skreiv Svein Molaug at etter Louise seize «gjekk det raskt nedetter igjen».⁵⁸





Lensmannshuset på Forsand kan vera eit døme på kor vanskeleg det er å få det til. Bestillinga av det nye glaset til høgre var sikkert at det skulle vera likt det til venstre, men så blei det eit glas med heilt andre proporsjonar. Attåt den forsøplinga ein rørningsveg som sikkert er eit resultat av krav ved ny bruk av huset fører til, bidrar det nye glaset til ytterlegare forringing av dei opphavlege kvalitetane ved huset.

Stilarten henta inspirasjon frå gotikken med vertikale linjer som skulle understreke store høgder. Løvsaga blei tatt i bruk til å lage utskjeringsar av dekorelement, høgda på husa kunne bli understreka av utskorne spir på gavlar og kvister. Glasa var nå krysspostglas, gjerne med tre rammer. Det nedste feltet var heil rute. Listverket rundt dører og glas blei trekt ned- og oppover, gjerne med ein knekt i kvar ende, og med god gesims eller vannbord som toppa det heile. Dobbeltfalsa panel avløyste den enkle kleddningen med staff som hadde vore i bruk like opp til 1870-talet. På 1900-talet kom det gjerne skifer på taka.

Sjølv om vi så bikkar over til 1900-talet, og registreringsmaterialet blir meir skrint, har vi eit godt døme på neste stilretning, Jugend, i Lensmannshuset på Forsand, men ein finn nok element av Jugend også i andre hus som blir bygt tidleg på 1900-talet, før nyklassisismen og seinare funksistilen overtok. Men det som skjedde på 1900-talet er ikkje så godt dokumentert.

Forma på huset, taktekkinga og detaljeringa i glas, dører og listverk heng saman og gir eit forståeleg og harmonisk uttrykk. Den beste forma for bygningsvern er å vedlikehalde og reparere det som er frå før, om nødvendig erstatte därlege bygningsdelar med kopiar. Når element frå andre tidsperiodar blir sett til, vil det fort framstå som ei forsøpling av bygningen. Men så er det eit problem at sjølv dei beste intensjonane kan føre til eit därleg resultat. Kopiering blir ikkje alltid ein kopi. Dette ser ein særleg ved skifte av glas, der det som skulle vera kopiar av gamle glas blir noko heilt anna fordi materialar og moderne produksjonsmåtar manglar føresetnadane som skal til for å gjenskape den originale måten å produsere glasa på. Isolerglaset, som er fantastisk i store flater, går ikkje i hop med dei smekre sprossene i empire-, biedemeier- og sveitserglas.



Uthusa

Vi såg at det kunne vera mange uthus på ein gard. Somme kunne vera lafta, andre i grinda-konstruksjon, og dei aller eldste i lavegg- eller sleppveggkonstruksjon. Men her er det ikkje slik at den eine konstruksjonen avløyste den andre, sjølv om laveggkonstruksjonane ser ut til å ha vore eit eldre fenomen. Lafting blei brukt der det var behov for å ta vare på varmen, t.d. i fjosa, medan grindaverk, eller stavkonstruksjonar, var ein dominerande konstruksjon i løer, naust og andre hus der det godt kunne vera litt luftig. Truleg har konstruksjonen ein forlaupar i dei forhistoriske byggverka som arkeologane finn stolpehol etter. I så fall kan vi snakke om ein samanhengande byggetradisjon på meir enn 3 500 år.

Prinsippet for stavkonstruksjonen er to *stavar* som er bundne saman av ein dragar som i Ryfylke blir kalt for *slinder*. Dette dannar eit *reis*. Reiset er stiva av med *kroband* som går frå stav til slinder. Stavbygget kan vera sett saman av fleire slike reis. Reisa blir bundne saman med *stavlegjer*, dragarar, som blir lagde opp på slindrene. Langsidene blir stiva av med *kvarkaband* som går frå stavane opp i slindra, eller med *krossband* eller *skrāband* som går frå stav til stav. Nedst og øvst på stavane er det felt inn *neglingar*. Dette er spikerslag for bordkledningen, på same tid som dei fungerer som avstiving.

Det vanlege på desse bygga er at taket er eit sperretak. Sperrene er felt ned i stavlegja, i mønet er dei felt saman med not og penn. Om det blir lagt tro kan vera avhengig av kva taket skulle tekkast med.

Kledningen skulle helst vera av adla furu, men andre treslag blei og brukte. På stavbygg brukte ein ståande kledning med over- og underslag. Kledningen blei lagd margside

Stavkonstruksjon (med nogo attåt) i naustet på Norland.
Legg også merke til at sutaket er «sua», dvs at det er
liggende sutak.



mot margside med rotenden ned. På dei eldste bygga er kledningen festa med naglar.

Uthus er sjeldan måla. Men det er ikkje det som tar knekken på dei. Om dei ikkje blir rivne, startar forfallet ofte med lekkasje i taket. Men det kan og vera grunnen somlear seg, eller at stavane er plasserte på eit underlag som ikkje er tørt og luftig nok, slik at tilførsel av fukt skaper grobotn for rote. Takmaterialane følgjer den taktekkinga vi finn på stovehusa, men som redningsaksjonar finn ein oftare at det er lagt plater av ulike slag på uthusa. Det har redda mange hus.

Mellom uthusa høyrer òg hus som står utanom gardstuna: Naust, kvernhus og korntörker, sager, buhus, utelører og stolshus. Ein del slike er registrerte i SEFRAK og avmerka på karta. Dette er bygningar som i endå større grad enn husa i gardstuna er utsette for forfall og tap. Det hadde vore ønskjeleg om det hadde vore muleg å etablere ordningar som i større grad kunne støtte og oppmunstre til bevaring av fleire slike bygningar. Dei er viktige for den visuelle opplevinga av kulturlandskapet, og dei er vitnemål om ei tid da berekraft-omgrepet hadde eit meir reelt innhald enn i dag.







Industrisamfunnet

Per Hagen har halde snikkarverkstaden til faren i hevd.
Mellan det mest populære som blei produsert på
snikkarverkstadene var lampar og lampettar.

Bygdene kring Lysefjorden og Høgsfjorden var lenge landbruks- og fiskerisamfunn. Det var primærnæringane som ga livsgrunnlaget. Men ved folketeljinga i 1920 var 46 menn klassifiserte som industriarbeidarar i Forsand, det utgjorde 8,3% av alle yrkesaktive menn, og var ikkje så reint lite i Ryfylke-samanheng. I tillegg var det telt opp 30 handverkarar og 36 anleggsarbeidarar. Kvar femte mann i Forsand henta levebrødet frå industri, handverk eller anleggsarbeid. I realiteten var det endå fleire. Det var ikkje så få som blei rekna som gardbrukarar eller heimeverande søner i folketeljinga, men som arbeidde mykje i industri og anlegg gjennom året. Kva var det dei heldt på med? Stikkorda er tre, sand og stein, og, størst av alt, kraftproduksjon.⁵⁹

TREINDUSTRIEN

Frå slutten av 1800-talet hadde det vokse fram fleire mindre verksemder som dreiv med ulike former for treindustri. Det var sagbruk, produksjon av botnar til tresko, verkstader som dreiv med møbel- og lampeproduksjon og verkstader som produserte glas og dører. Det dukka opp verksemder mange stader der 4-5 mann, og av og til fleire, kunne få arbeid. Den største satsinga ser ut til å ha skjedd på Helle, i Melsosen. Her hadde Mikal Helle starta «Trebundsfabikk» i Dalbuvika i 1890. I 1897 var det fleire som gjekk saman om å starte Melsosen Trevare- og Leiketøyfabikk. Men det var ikkje berre nede ved fjorden dei kom i gang, også i Øvre Espedal blei det starta fabrikk for produksjon av trebotnar.

Utan forkleinelse for alle dei andre stadene der dei dreiv med trevareproduksjon, ser det ut til at Helle/Mele og Espedalen blei eit sentrum for treindustrien. Rundt fabrikken i Melsosen blei det utover 1900-talet etablert fleire verksemder. Fabrikken brann i 1953, men produksjonen heldt fram andre stader ennå ei tid. Den viktigaste etableringa skjedde i 1948 då Gilje trevarefabrikk blei starta i Dirdal. Dei greidde omstillinga til nye tider, og er i dag ein suksessrik produsent av glas og dører.

I Forsand er det få spor av denne industrien i dag, men på Helle held Per Hagen verkstaden etter far sin, Alfred Hagen, i hevd. Bestefar til Per, Karl Hagen, var ein av dei som var med og starta trevarefabrikken i Melsosen. Då fabrikken brann, sette faren opp att ein mindre verkstad i hagen heime og produserte lampar, rammer, flaggstongkuler og møblar av ulike slag. Verkstaden står der framleis, full av innkjøpt og sjølvkonstruert verktøy, utstyr



På Stein er det ein lang tradisjon for båtbygging. Dette er den siste båten Ingebret Stein bygde. Både båten og verktøyet han brukte er å sjå i nausten som blei brukt til båtbygginga på Stein.

og maskiner. Per Hagen har og ei god samling av det som blei produsert på verkstadane. Andre som starta for seg sjølv var Arne Byrkjedal som starta i eit gammalt hønsehus og laga salongar og andre møblar, og som seinare blei storprodusent av kister, Monadalen tre-industri som spesialiserte seg på småmøblar og lampar, og Helle treindustri som berre laga lampar.

Bygdekunstnarar



Hardingfele laga av Leiv Mæle.
Foto: Anders Rosén/Ryfylkemuseet.

Det var fine ting som blei laga på verkstadane, men somme dreiv det endå lengre og har etterlate seg gjenstandar som minner om ei tid med høgt utvikla dugleik i arbeidet med tre og måling. Tre av desse nådde særleg langt med kunsten sin, og dei levde samtidig.⁶⁰

Leiv Mæle (1890-1971) var den eldste. Han vokt opp på Mele, men utvikla kunsten sin gjennom utdanning på Kunst- og handverksskulen på Voss, og ved studieopphald i Telemark og Setesdal. Han var både rose målar, treskjærar og felespelar. Det største verket hans var ei altertavle han arbeidde med i mange år, delvis finansiert med eit stipend. Etter å ha vore på utstilling fleire stader gav Mæle altertavla til Forsand kommune og ho blei prøveoppsett i Lyse kapell, men folk i Lyse ville ikkje ha ho. Altertavla blei demonert og ligg nå lagra.

Den yngre Martin L. Helle (1913-2000) var rimelegvis inspirert av Leiv Mæle som var ein del av nærmiljøet der han vaks opp. Han fekk gå på sløydkurs og kom etter kvart til husflidsskulen på Hjerleid på Dovre. Etter å ha jobba på møbelfabrikk i Stavanger ei tid kom han heim til Forsand da krigen braut ut, og fekk seg eigen verkstad på Helle. Pryd- og brukskunst var satsingsområdet, det var stor rift etter det han laga og han fekk ein marknad langt ut over det lokale. Etter kvart tok han og til med å skjera figurar av kjende skikkelsar, og av troll.

I alder mellom desse var Martin Fossmark (1908-1974) frå Fossmork i Lysefjorden. Men i motsetning til dei to hine, kom ikkje Martin seg ut på utdanning medan han var ung. Han skulle overta garden, og blei verande i Fossmork. Han tok kurs hos Norsk korrespondanceskole (NKS), men henta inn tektar si frå garden og frå arbeid med linjebygging for Lyse kraft og utvikla seg for det meste som ein sjølvlærd kunstnar. Ikkje desto mindre blei han ein skattar kunstmålar, han dreiv det langt med treskjering og utvikla sin eigen stil som rose målar. Han var elles interessert i historie, slektsgransking og målsak. Arbeida hans heng mange stader, men ikkje minst er heimen i Fossmork prega av verksemda til Martin.

Produksjonen til desse tre bygdekunstnarane er spreidd kring om i bygdene i Forsand, og langt ut over det. Det er målarstykke, møblar og prydgjenstandar som har gledd mange, og som gjer det ennå, men noko samla presentasjon av kunsten finst ikkje, verken for den enkelte, eller for dei tre samla, bortsett frå ei mindre samling i eiga til kommunen, som det er muleg å sjå på kommunehuset.

Båtbyggaren

Under overskrifta treindustri hører og båtbygginga. Det er på Stein i Kolabygda det er minne etter denne verksemda. Båtbygginga på Stein starta med Syvert Kristian Olson, seinare Syvert Stein (1856-1941), frå Krokhølen på Jørpeland. Syvert hadde gått i lære hos den kjende båtbyggaren Aslak Notvik i Strand, og starta som båtbyggar då han fekk festekontrakt på Stein i 1891. Det var segl- og robåtar til fiske dei bygde. Dei var fem mann i arbeid, av desse to søner, Ola og Olai.



Ved starten på første verdskrig var det Edvart Kvalvåg (1889-1956) som overtok og dreiv båtbyggeriet vidare. Då starta også bygginga av fiskebåtar med motor. Sonen, Ingebret Stein (f. 1922), starta i båtbyggeriet då han var konfirmert i 1936, og heldt fram til dei siste trebåtane blei bygde i 1973-1974. Den første tida var det mest fiskebåtar til sildefiske dei bygde. Båtane var 32 – 34 fot, men blei seinare forlenga. Den aller siste båten bygde Ingebret i år 2000 på oppfordring frå Forsand kommune som eit tusenårsprosjekt. Det er ein vakker færing med ei lengde på 4,66 m.

Naustet som Ingebret arbeidde i står framleis på Stein, og i naustet ligg tusenårsbåten. Her er det og samla ein del reiskap som blei brukt i båtbygginga. Verksemda er på eit vis vidareført gjennom Stein Mek. Verksted AS som driv med opplag, reparasjon og vedlikehald av nordsjølektorar. Dei har og verkstadhall og slipp der dei kan ta opp mindre båtar for vedlikehald. Det er sonesonen til Ingebret, John Ingve Stein, som i dag driv verkstaden på Stein.⁶¹

STEIN OG SAND

Det var den gode kvaliteten på granitten og gneisen på sørsida av Lysefjorden som var grunnlaget for steinindustrien. Opptakten skjedde i 1897 då det blei inngått avtalar om å ta ut stein på Berge, Vika og Eiane. Det var Eiane som blei den viktigaste lokaliteten for uttak av stein, men det var steinbrot også andre stader. Stavanger Stenhuggeri blei skipa i 1899 og utvikla ei omfattande verksemd i åra kring 1900. Ved folketeljinga det året blei heile 75 personar oppførte med yrkestittel steinhoggar eller liknande. Mange kom frå nærliggande bygder og frå stader lenger borte, som i Hordaland og Sunnfjord, det var til og med fire svenskar i arbeid i steinhoggeriet.⁶²

I tillegg til dei opphavlege stadene, Berge, Vika og Eiane, gjorde selskapet avtalar om steinuttak også på Kallali, og på Kallastein og Songedal på nordsida av fjorden. Men gullalderen varte ikkje så lenge, og steinhogginga opplevde både bølgedalar og -toppar. Mykje av steinen gjekk som gatestein til Stavanger, men det blei også produsert store mengder byggstein, og ein treng ikkje reise langt før ein finn tørrmurar som må vera oppsette av svært kompetente folk. Rådhusa i Sauda og i Haugesund og gamle Stavanger sjukehus er alle bygde av stein frå Eiane.

Eiane var eit gardssamfunn då steinhogginga starta, så her måtte alt byggast opp frå grunnen. Først blei det laga kai ved sjøen, og veg og jernbanespør til nedre del av Eiavatnet, og det blei sett opp brakker og bustadhus, men lite av dette viser att i dag. I steinbrotet ved sjøen har Eidane Smolt AS etablert eit stort havbruksanlegg som dekker ein del av dei spora som er att etter steinhoggeriet.

Sandindustrien

Mykje meir omfangsrik og langvarig industriverksemd skulle det vise seg å vera grunnlag for da dei store sand- og grusforekomstene som isen hadde lagt att etter seg kunne utnyttast kommersielt. I åra etter 1900 kom det i gang sanduttak fleire stader i kommunen. Det første uttaket av noko omfang ser ut til å ha starta i Fossandhagen kring 1904 – 1905, men det var og sanduttak i Bergevik og i Espedalen (Helle). I 1920 var sandtaksdrift etablert som ein næringsveg i Forsand. Då gjekk det føre seg drift fleire ulike stader i kommunen og det var ei næring som etter kvart blei karakterisert som ein hjørnestein i næringslivet.⁶³

I 1964 blei Forsand Sandkompani etablert, og ein starta uttak frå Hestamoen og



Eiane blei den viktigaste lokaliteten for uttak av stein, men i dag er det stort sett kaien som vitnar om stortida for steinindustrien. Steinbrotet er gøymt bak eit fiskeoppdrettsanlegg.

Forsandmoen. Det blei etablert nytt utskipingsanlegg og anlegg for tørking av sand og produksjon av tørrmørtel. Samtidig var det sett i gang stor sandtaksdrift også i Espedalen og på Mæle. Sandindustrien var blitt storindustri med verksemde som viste godt att i terrenget, og med mange arbeidsplassar. Så langt opplyser Sandkompaniet, som nå er eigd av Ølen Betong, at det er tatt ut ca. 30 millionar tonn sand i Forsand. Frå Fossanmoen og ned mot sjøen, er det tatt ut eit 15 meter djupt lag med sand.

Sanduttaka viser godt att i terrenget, og endrar landskapet radikalt. Eitt kulturlandskap blir erstatt av eit anna, og det er det nye landskapet som framstår som det fysiske minnet om verksemda. Interessa for uttak av sand har fleire gonger kome i konflikt med ønskja om bevaring av fornminne.

VASSKRAFTA

Dei hadde fått seg kraftverk på Eiane i 1913, som ei av dei første bygdene i Forsand, men det var større ting på gang. Forsand skulle bli ein av dei store kraftkommunane i Norge. I dag har Forsand både eit av dei mest interessante minna om gullalderen i utbygginga av vasskrafta (Flørli), og det aller nyaste kraftverket etter at Lysebotn 2 blei opna i september 2018. Samtidig blei det andre kraftverket som var bygt i Lysefjorden (Lysebotn), eit nyskapande kraftverk da det sto ferdig på 1950-talet, fasa ut. Forsand har altså kraftstasjonar og kraftverkssamfunn frå fleire epokar innafor kommunegrensene, og har ei kraftproduksjonshistorie av nasjonal interesse å ta vare på.





Flørli er eit lite industrisamfunn med ein intakt bygningsmasse som ber på ei rik forteljing om da landet blei løfta inn i den moderne tida.

Dei fleste husa i Flørli har vore gjenstand for jamnt vedlikehald fram til nedlegginga på slutten av 1990-talet, men det manglar ein plan for systematisk vedlikehald og oppgradering til bruk for reiselivsformål.

Flørli

Den mest fantastiske, uventa og overveldande bygningsmassen finn ein i Flørli. Også her har SEFRAK-registratoren funne eit par bygningar frå før 1900, men det er ikkje dei som er interessante. Flørli er eit komplett kraftverkssamfunn i liten og overskodeleg målestokk.

Men det budde altså folk i Flørli før kraftutbyggjarane kom dit. Flørli var den inste garden på sørsida av Lysefjorden. Gardshusa sto eit stykke opp i lia, og våningshuset står der ennå, nå omgjort til turisthytte for Stavanger Turistforening. Nede ved fjorden var det ein plass under Flørli, kalla Holmen. Plassen låg på ein «holme» mellom Flørlielva og ein part av elva som rann i sjøen litt lenger ute. Også våningshuset på Holmen står ennå som ein del av bygningsarven i Flørli.

Alt i 1910 blei vassrettane i Flørli handgivne til kraftutbygging, men det var først nokre år seinare forretningsmannen Einar Meling frå Stavanger kjøpte heile garden med hei og utmark for 16 000 kroner.⁶⁴ Planen var å nytte krafta i eit smelteverk, som det også skulle ryddast plass til i Flørli. Nå gjekk det ikkje så bra med smelteverksplanane, men kraftverket sto ferdig i 1918. Det er skrive både tjukke bøker og tynne hefte om kraftutbygginga i Flørli - ei av dei mest interessante er heftet til Forsand sogelag om anleggssarbeidet⁶⁵ - så vi treng ikkje bruke så mye plass på den her, men i 2018 kunne ein tromme saman til jubileumsfest og store ord der Flørli blei utnemnt til den tredje store attraksjonen i Lysefjorden etter Preikestolen og Kjerag. Og korleis står det nå eigentleg til med dette store og viktige kulturminnet som både er kulturlandskap og nasjonal industrihistorie, og som er slik utforma at det har pedagogiske kvaliteter som overgår mange andre kraftverksamfunn?

Det er i alt eit tjuge-tal hus i Flørli. Det er losjihus, velferdsbygg, funksjonærbusadar, ingeniørmesse, maskinistbustad, skule, butikk, postkontor, kaihus, brannstasjon og eit lite kraftverk som blei brukt i anleggstida. Og så sjølvsagt den store kraftstasjonen. Husa ligg fint til oppetter frå sjøen, med tørrmura støttemurar, stiar og trapper i mellom. Losjihusa nedst, funksjonærbusadane i mellom og ingeniørmessa og maskinistbustaden øvst. Det er ein struktur vi kjenner godt att frå andre industrisamfunn, men om han er uttrykk for eit strengt hierarki veit vi ikkje så mykje om. Det vesle, isolerte samfunnet skapte og grunnlag for eit samhald som overskygga ei muleg klassedeling.⁶⁶

I 1999 var det slutt med kraftproduksjonen i den gamle kraftstasjonen og den siste fastbuande hadde alt flytta frå Flørli. Etter 81 års drift overtok eit moderne, fjernstyrkt kraftverk 775 meter inne i fjellet.

Ein del av husa er etter det selde til private, Stavanger Turistforening og Ryfylke friluftsråd eig kvart sitt hus, resten er i eiga til Stavanger kommune. Planen var at kraftstasjonen og den 1470 meter lange trappa, som tar oss 741 høgdemeter opp ved hjelp av 4444 trappetrinn skulle rivast. Men alle var ikkje samde om at det var ein god plan. Dessverre blei dei fleste av aggregata i kraftstasjonen demonterte før verneinteressene fekk gjennomslag.

Kari Thu i Rogaland reiselivsråd såg eit potensiale i Flørli, og bestilte ein mulighetsstudie av Hanne Thomsen som da også var styreleiar i Stavanger Turistforening. Dette førte nokså snart til praktisk handling, og Thomsen sette i gang med ulike aktivitetar der ho m.a. tok kraftstasjonen i bruk til utstillingar, konsertar og utelege. Det var mykje entusiasme og idealisme, og ikkje så mykje butikk, men Flørli hadde fått eit feste i medvitet til folk, og beslutningstakarar især, før Thomsen ga seg i 2007.

Lysefjorden Utvikling tok nå på seg eit engasjement, og dreiv kafé i kraftstasjonen 2007–2008. I 2009 blei det skipa ein venneforening som tok eit tak, og i perioden 2010–2014 blei drifta ivaretatt av private. Dette året var Hessel Haker frå Nederland





Enkelte av interiøra i husa er godt bevarte,
som her frå ingeniørmessan.





engasjert av Lysefjorden Utvikling og Reisemål Ryfylke som leiar for eit feriedugnadsprosjekt. Det var ein suksess. Det kom folk frå heile verda som ville vera med på dugnad for å drive med vedlikehald og utvikling av Flørli. Året etter starta han Flørli 4444 som ei turistbedrift. I 2016 kom vennen Oscar Zaalmink inn som partnar i bedrifta. Etter kvart fekk dei gang både på arbeidet med bygningane og på drifta. Saman med to innleigde og folk som framleis kjem og utfører frivillig arbeid, tar dei nå i mot kring 15 000 besøkande til overnatting og servering i ein sesong som varer frå 1. april til 30. september. Men det går ikkje i hop.

Det er Stavanger kommune som eig dei bygningane som blir brukte til overnatting. Stavanger kommune eig òg kraftstasjonen. Lysefjorden Utvikling disponerer og forvaltar bygningane til Stavanger kommune og har ein driftsavtale med Flørli 4444.

Bygningane har vore utbeta og tilpassa ulik bruk opp gjennom åra, men strukturen i busetnaden i Flørli, og hovudtrekka ved husa er godt bevarte. Nokre er i framifrå stand, som t.d. ingeniørmessia. Vedlikehaldet var rimelegvis også underordna eit system, så lenge det var behov for bygningane, men det begynner bli ei stund sidan, slitasje og manglande oppgradering, gjer at bygningane i dag har varierande grad av tiltaksbehov, og varierande grad av konsekvensar av mangelfullt vedlikehald. Drivarane, Flørli 4444, driv eit godt vedlikehald så langt dei rekk, men det er for små ressursar til å ta i ferde med ein så stor bygningsmasse attåt sesongdrifta. Det manglar ein tilstandsrapport og ein forvaltingsplan for Flørli, og det manglar ein organisasjon som kan sikre finansieringa av arbeida.

Verst er det med kraftstasjonen som har kritiske tiltaksbehov, og der konsekvensane av mangel på vedlikehald snart vil måtte bli alvorlege. Dette er ei problemstilling ein ser i fleire

Etterslep på vedlikehald og nødvendig rehabilitering av bygningane i Flørli overgår det økonomiske grunnlaget som drifta gir rom for. Skal utviklinga av Flørli til ein hovudattraksjon i Lysefjorden bli meir enn festalar må engasjementet til eigarane blir mykje større.

Gardshus og jordbruk blei erstatta av krafproduksjon og funkishus i Lysebotn på 1950-talet. Husa står der ennå, men det er svært få fastbuande att som bur i dei.

nedlagde kraftstasjonar, der bortfallet av den varmen som kraftproduksjonen skapte, fører til eit svært ugunstig miljø for bevaring av byggverket. Problemstillinga er dess meir kritisk i Flørli, fordi det har vore usikkert kva som skal skje med bygningen.

Flørli er peika ut som ein hovudattraksjon i utviklinga av reiselivet i Lysefjorden, og det er brei semje om at potensialet er stort. Utviklinga i dei åra som har gått etter at kraftproduksjonen blei fasa ut stadfestar at det her er grunnlag for eit optimistisk syn på potensialet. Men det er eit akutt behov for eit overordna perspektiv på bygningsmassen.

Dei kulturminnefaglege argumenta synest openbare. Her er ein bygningsmasse med sterkt kjelde- og formidlingsverdi i seg sjølv, og som dess meir er svært godt dokumentert. Få stader synest utvegen til verdiskaping med grunnlag i kulturminneverdiane større.

Lysebotn

Lysebotn er det andre kraftverkssamfunnet i Lysefjorden. Men også her er det i dag reiselivet som er den grunnleggande føresetnaden for aktiviteten i bygda, med tur til Kjerag og basehopping som dei viktigaste aktivitetane. Her blei ny kraftstasjon sett i drift hausten 2018, og den eldste av dei gamle fasa ut, men det har aldri vore særleg engasjement for kulturminneværn i Lysebotn, bortsett frå eit forsøk i 2013 – 2014 på å etablere eit samarbeid mellom fleire partar om dokumentasjon og formidling av krafthistoria i Lysefjorden.⁶⁷

Lyse kraftverk blei bygt ut rett etter krigen. Det var ein, etter si tid stor kraftstasjon, og han var mellom dei første som blei bygd inn i fjell. I januar 1953 var stasjonen klar for prøvedrift, men først i 1964 var anlegget ferdig utbygt med 6 straumaggregat i drift. Seinare har Lyse Energi AS bygd endå ein kraftstasjon i Lysebotn, Tjordan kraftverk, som blei sett i drift i 1984.

Også i Lysebotn var det behov for å etablere eit samfunn som kunne ta seg av drifta av kraftstasjonen. Her blei den første reguleringsplanen i Forsand si historie laga. Framleis låg det restar av paternalisme til grunn for utbygging av industrisamfunnet. Kraftverket engasjerte arkitekt til å utarbeide ein reguleringsplan «for å sikre en tiltalende og trivselsfremmende bebyggelse».⁶⁸ Det blei bygt bustadar, samfunnshus, skule og kapell, alt i alt eit tredve-tal hus nord på flata opp frå sjøen på Nedrebø. Men heller ikkje her var det behov for folk i alle hus så lenge. I dag bur det berre ei handfull menneske i Lysebotn. Mange av husa er selde som fritidsbustadar.

Kraftsamfunnet i Lysebotn er eit særegne samfunn, forma av det som var moderne byggeri på 1950- og -60-talet. Husa er velhaldne og det er truleg ikkje gjort store endringar på dei. Men vi veit lite om husa. Bustadbygginga har fått ein perifer plass i litteraturen om kraftutbygginga, og det er ikkje gjort noko form for registrering av såpass nye bygningar.

Dokumentasjon, vern og formidling av krafthistoria i Lysefjorden har vore drøfta som verdiskapingsprosjekt fleire gonger, men det har førebels ikkje lukkast å komma fram til ein sameint strategi for mål, strategiar og prioritering av tiltak. Vi har i denne planen vist at det hastar med å omsetta den gode viljen til praktisk handling i Flørli. Det hadde vore av stor verdi om dette arbeidet kunne settast inn i eit overordna perspektiv på kraftutbygginga og dei bidraga kraftproduksjonen har gitt til samfunnsformingen.

Kraftstasjonen i Lysebotn har krafthistorisk interesse, og han har eit potensiale for spektakulær formidling av krafthistoria, men det vil vera store utfordringar knytt til klimastyring, vedlikehald og sikring av stasjonen, i tillegg til dei kostnadane som vil følgje av eit mål om å skape ei oppleveling av kraftstasjonen der både lyd og lys ville vore viktige element i scencesettinga. Sonderingane som blei gjennomførte i 2013-2014 førte ikkje til reell interesse for å utvikle ideen vidare.



Stasjonshallen i den nå utfasa kraftstasjonen i Lysebotn har eit potensiale for spektakulær formidling av krafthistoria, men ingen har vist evne eller vilje til å vera med på å finne ut kva det ville koste.

Foto: Roy Høibo/Ryfylkemuseet.

ANDRE KULTURMINNE

Ettersom kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø» er det nesten ikkje grenser for kva ein ta med, men når formålet er å laga ein plan kan det vera tenleg å avgrense utvalet til kulturminne som det kan vera aktuelt å foreslå tiltak for å dokumentere, verne eller gjera kjent. Dessutan må vi bygge på oversyn som alt finst. Oppgåva blir for omfattande om vi skulle setta i gang med systematisk kartlegging og registrering av kulturminne som ikkje tidlegare er registrerte.

Bygningane til fellesskapet

Kulturminne vi veit noko om, utanom slike som er knytte til gardsdrift og industri, er det vi kan kalle bygningane til fellesskapet, d.v.s. bygningar som har samfunnsfunksjonar. Dei fremste mellom desse er kyrkjene. I Forsand er det to slike, kyrkja på Forsand og kapellet i Lysebotn.

Forsand var ein del av Høle anneksokn i Strand prestegjeld, og hadde kyrkje på Høle. Men dette var ei kyrkje som på 1800-talet ikkje lenger kunne stette behovet. Det gjekk fleire år før det kom ei løysing på behovet for større kyrkje. Det gjorde det ikkje enklare at det kom på tale å flytte kyrkja over fjorden til Forsand. Det var først etter at det blei fremja forslag om å dele soknet i to at ein lukkast med å komma i gang med kyrkjebygging på Forsand. I 1854 sto den nye kyrkja ferdig.

Forsand kyrkje er ei langkyrkje som er bygd etter typeteikningane til Linstow-kyrkjene⁶⁹. Byggmeister var Tollak Tollaksen Gudmestad fra Nærbo. Kyrkja fekk ei større restaurering i 1931, og så på nytt til 150 års-jubileumet i 2004. Det nye tilbygget på austsida av kyrkja blei tatt i bruk i 2016.

Kapellet i Lyse blei bygt i 1961, som ein del av utbygginga av Lysebotn som eit kraftverkssamfunn. Etter kvart som folketalet i Lyse har gått ned kome kapellet ut av bruk, og kring år 2000 kom det opp ein diskusjon om kapellet burde avviklast, men det var eit spørsmål som mobilerte for å behalde kapellet.

Forsand kyrkje er listeført hos Riksantikvaren (ikkje freda), det betyr at tiltak på eller i kyrkja må godkjennast av Biskopen etter rådføring med Riksantikvaren.

Det eldste, ståande bedehuset i kommunen er på Byrkjeland i Espedalen. Det blei bygt i 1908. I tida fram mot første verdskrig kom det fleire, og endå nokre til i mellomkrigstida. Brandal reknar opp i alt seks bedehus i bygdeboka, men berre tre av dei ser ut til å vera i aktiv bruk nå (Forsand, Meling og Byrkjeland). I tillegg kjem huset til pinsevennene i Songesand som blei sett opp midt på 1930-talet.

Fleire stader var det både bedehus og ungdomshus. På Forsand blei det bygt ungdomshus i 1903, ungdomshuset Heim. Det er både ombygt og modernisert, og er framleis i bruk som aktivitetshus.

Frå 1860-åra blei det arbeidd for å skaffe betre lokale for skulen, og det kom i gang bygging av skulehus i grendene. Forsand fekk sitt skulehus i 1869. I dag er det få att av desse gamle skulehusa, men det står eit par godt bevarte hus att som nå er tatt i bruk til nye formål.

Øvre Espedal fekk skulehus i 1901. Krinsen blei nedlagt i 1963, men skulehuset er overtatt av ein velforening som har gjennomført ei omfattande rehabilitering av huset, alt gjort på dugnad. Huset blir brukt til festar og aktivitetar i gronda, og blir leidt ut til lag og grupper. I tunet aust for skulehuset står uthuset som var ein del av skuleanlegget, og som er delt med lærarbustaden ved sida av.



Lyse kapell frå 1961.
Foto: Perly Berge.

Bedehuset på Byrkjeland.



Forsand kyrkje frå 1854 med nybygget
frå 2016 ved sida av.



Skulehuset i Øvre Espedal er overtatt
av ein velforening, er sett i stand på
dugnad, og blir brukt til ulike formål
som grendahus.

Kanskje det viktigaste samferdslehistoriske minnet i Forsand er Lysefjordbrua som blei opna i 1997.

Lenger nede i dalen, på Byrkjeland, rett nedanfor bedehuset, står skulehuset på Byrkjeland skule som blei bygt i 1902. Krinsen blei nedlagt i 1962 og huset er selt til ein privat eigar. Dette ser ikkje ut til å vera i aktiv bruk.

På Solheim, er Songesand skule, bygd i 1913, tatt i bruk til nytt formål. Svend Kjetil Fredheim har rehabilert huset og brukar det i si bedrift Songesand Camp til overnatting og som kafé.

Samferdslehistoriske minne

Utfordingane for samferdsla i fjord- og fjellbygdene har vore store, og dei har fått god plass i litteraturen. I kultursoga har strevet med å få til vegar, kaiar og rutetrafikk fått god plass i begge dei to binda⁷⁰, Jon Bergsåker har skrive soga om Høgsfjord Rutelag⁷¹, Svein Magne Olsen har skrive om bruer og brubygging⁷² og Njål Tjeltveit har skrive fleire bøker om kaiar og rutetrafikk, jfr. litteraturlista. Det lettast tilgjengelege oversynet er det likevel Tormod Rossavik som byr på i si jubileumsbok for Forsand kommune frå 1988.⁷³ Her har han spandert 18 av dei 70 sidene i boka på samferdsla.

Rossavik peikar på at det ikkje blei særlig fart i vegbygginga før formannskapslova kom i 1837. Før det var det vegar som hadde danna seg sjølv der folk ferdast. Ein av dei viktigaste vegane av dette slaget var den såkalla Skinnvegen mellom Lyse og Setesdalen. Skinnvegen var vegen der austmennene kom over fjellet med huder og skinn i bytte mot salt og mjøl og andre nyttige varer. Det var fleire slike vegar mellom Setesdal og Telemark i aust, og fjordbygdene i vest. Delar av desse vegane er neddemde, men ein av traseane frå Lyse er merka som turiststi.


Eit gammalt minne om tilrettelegging for lettare samferdsel er og gangsteinane som ligg i Espedalselva mellom Løland og Nedre Espedal. Kor gamle dei er veit vi ikkje. Sigleif Engen kallar dei fornminne i gards- og ættesoga.

Den første bygdevegen i Forsand var vegen mellom Helle og Espedal som var ferdig bygd i 1894. Det hadde nok vore eit vegfar frå Helle til Espedalsvatnet før, men nå kom det kjøreveg med grus og stabbesteinlar. Sjølv om både grusen og stabbesteinane er borte, ligg vegen stort sett på same måten i terrenget i dag som han gjorde den gongen.

I 1899 blei det løyvd pengar til bygging av veg frå Nedrebø, Lysebotn til Lyse. Det var fleire vegprosjekt under drøfting kvar for seg, men i 1899 blei det sett ned ein vegkomite som kom med framlegg om fire prioriterte veganlegg. Det var veg i Kolabygda frå Bergsvik til Oanes, vegen Helle – Forsand med sidearm til Rettedal, veg frå sjøen til Brådland i Frafjord og det var veg frå Byrkjedal til Maudal. I 1913-14 kom det òg veg til Haukali etter den tragiske drukningsulukka på Hauklivatnet i 1909. Oppsittarane i Songesand måtte vente på veg opp til Kåsen til 1927. På same tida blei det starta med vegbygging frå Eiane mot Øvre Eiane og Fossmork, men først i 1963 var vegen heilt ferdig. Hundre år etter at det kommunale sjølvstyret blei innført hadde dei fleste i Forsand veg heimanfrå til sjøen, og det var også tillaup til landverts samband mellom bygdene.

Vegsamband ut av kommunen var det verre med. Det var fleire rundar med argumentasjon for eit austlandssamband som føresette båt til Lysebotn og så veg derifrå. Men dette var ei løysing som tida gjekk frå før ideen blei realisert. Likevel kom det veg frå Lysebotn i samband med Tjodanutbygginga. 23. oktober 1984 var vegen til Sirdal ferdig og Forsand hadde landverts samband med austlandet. Vegen opp frå Lysebotn er i dag ein attraksjon som trekker til seg både turistar og atletar.

Men dette var ikkje den første vegen ut av kommunen. Alt i 1932 hadde ordføraren i Forsand, Torgeir Espedal, kalla saman til eit møte for å drøfte planar om ein sambindingsveg



I perioden 1906-1909 blei det bygt veg mellom Helle og Forsandøyren. Det blei feira 100 års jubileum for den fine steinbrua på Fossandmoen i 2007.



Vegen til Øvre Espedal var ferdig i 1893.

gjennom Ryfylke. Det var eit initiativ som var om lag like vanskeleg å samle seg om som andre idear om samarbeid i Ryfylke, og det skulle gå både vinter og vår og ein heil verdkrig før vegen var ferdig. Først i 1965 var vegen klar med vegar og bruer og ferjesamband like frå Forsand til Sand.⁷⁴

Spørsmålet var om han var god nok. Det tykte dei ikkje i nord, og heller ikkje i sør. Det var for lågt akseltrykk, for låge tunnellar, for liten kapasitet på ferjene, for låg vegstandard og for lang reisetid. Tida var i ferd med å gå forbi sjøen som ferdselsåre. Folk ville heller ha god veg. I 1984 var det sett i gang arbeid med ein transportplan for Ryfylke. Her skulle det bli veg i vellinga. Då arbeidet var ferdig i 1987 var resultatet ein plan som Stavanger Aftenblad meinte ville føre til den største endringa av Rogaland-kartet sidan istida.

Rennfast var det store, men i Forsand var planane om bru over Lysefjorden og røyrbru over Høgsfjorden enda større, og først av alt kom Lysefjordbrua. Den blei opna av ordførar Fridtjov Thorsen Norland 18. desember 1997. Optimismen var stor, og snart skulle forsandbuen kjøre gjennom røyrbru til Nord-Jæren og vera i byen på ein snipp, snipp, snare. Slik gjekk det ikkje, og hausten 2018 er det til og med uvisse om ferjesambandet over Høgsfjorden.

Det var kaiane, rutebåtane og ferjene som blei løysinga i over 150 år, frå «Oscar», som den første rutebåten, la til i Forsand i 1866 og til denne dag. Vi skal ikkje dra heile rutebåt- og ferjehistoria her, men minne om at det står att ei rekke kaiar etter denne trafikken.

Den første offentlege brygga i Forsand var brygga på Forsand som blei bygt i 1888, men brygga i Bergevik kunne og ta i mot rutebåtar. I 1962 fekk Forsand-kaien ferjestøda det blei opna ferjesamband mellom Lauvvik, Oanes og Forsand. Andre viktige båtstoppestader i Forsand var Meling, Skeivik, Helle, Eiane, Songesand og Lysebotn. Få av desse kaiene framstår i dag med særleg av den historiske autentisiteten i behald. Dei som har vore i bruk er blitt utbetra og utbygde ettersom båt- og ferjetrafikken kravde det, andre har forfalla. Ein av dei meir interessante kan vera kaien i Eiane, som samtidig er ein demonstrasjon av dugande steinhoggarkompetanse.

Gjenstandssamlingar

Forsand bygdemuseum rår over ei gjenstandssamling frå Bakken gard som blei gitt til kommunen gjennom eit gavebrev frå Johannes Bakken i 1973. Denne samlinga blir oppbevart i underetasjen i kommunehuset og omfattar 650-700 nummer. Gjenstandane blei registrerte i 1983-1988 og fotograferte i 2015. I tillegg til Bakken-samlinga har museet fått tilført materiale etter kvart, og har lager 4-5 stader i kommunen. Ein del av dette materialet er ikkje registrert.

I sjøhuset i Bergevik (sjå omtale av dette under Forsand/Bergevik) er det ei utstilling med materiale om fiske og sjøbruk. Ein del av gjenstandane tilhører bygdemuseet, ein del er lånta frå privatpersonar i bygda. I eit rom i første høgda i sjøhuset var det tatt inn komplett inventar og utstyr frå skomakarverkstaden til Adolf Berge i Bergevik. Samlinga er ikkje registrert. Etter ei tilstandsvurdering av museumssamlingar i Rogaland som blei gjennomført i samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og ABM-utvikling i 2007 blei det skrive ein nokså kritisk rapport om sikrings- og klimaforholda for samlinga og ho er etter dette flytta til kommunehuset.

Bygdemuseet rår og over bandopptak med temaintervju av eldre folk.

Forsand bygdemuseum inngår i den regionale museumseininga for Ryfylke, Ryfylke-museet. Hausten 2018 blir det forhandla om ei revidering av samarbeidsavtalen.



Forsand bygdemuseum rår over ei fin samling av inventar, reiskap og utstyr, vesentleg frå Bakken i Lysefjorden.

Privatarkivmateriale

Privatarkivet etter Sigleif Engen, som var bygdebokskrivar i Forsand, er etter opplysningar frå Forsand kommune det største privatarkivet i Rogaland. Det omfattar kring 250 arkivboksar og er oppbevart ved Interkommunalt Arkiv i Stavanger (IKA).

I kommunearkivet er det og ei boksamling og eit arkiv etter Johannes Bakken. Materiale etter ein tredje bygdehistorikar, Guttom Mikkelsen, er i privat eige. Det same er den omfattande fotosamlinga til Kristian Berge.

Det er eit ønske om å få fram eit samla oversyn over privatarkivmateriale frå Forsand. Eit oversyn frå IKA viser at følgjande arkiv frå Forsand finst der:

- Nordre Espedals kraftlag*
- Høgsfjord Totalavholdsforening*
- Forsand husmorlag*
- Lærer Torstein Espedal*
- Forsand orienteringslag*
- Forsand bygdeungdomslag*
- Forsand folkeakademi*
- IOGT-losje Espedalen, Helle*
- Sigleif Engen*

Ein skomakarverkstad frå Bergevik inngår i samlingane til Forsand bygdemuseum, nå delvis utstilt på Forsand kommunehus.

Fotosamlingar

Forsand kommune rår over ei fotosamling med om lag 1000 registrerte foto og ein del uregistrerte. Dei registrerte bilda er arkiverte delvis på kommunehuset, delvis i Statsarkivet. Mesteparten av bilda er frå Bakken gard eller innsamla i samband med utarbeiding av gards- og ættesogene til Sigleif Engen. Også utstillingar som formannskapsutstillinga i 1987 gav mange fine innsamla bilde, i tillegg til innsamling av foto til kultursoga Fjordafolk.

Det finst og samlingar av historiske foto frå Forsand i Statsarkivet i Stavanger, i Nasjonalbiblioteket og i fotosamlinga til Ryfylkemuseet. Ein del av desse er tilgjengelege på DigitaltMuseum.⁷⁵

Folkemusikk

Ryfylkemuseet har materiale etter fleire utøvarar av song og musikk frå Forsand⁷⁶. Leiv Mæle fekk særleg merksemd i eit temaskrift om folkemusikken i Ryfylke i 2002.⁷⁷

Det skal også vera materiale etter lærar Sigve Lauvaas som har samla rim og regler frå barndomen sin. Dette, og anna materiale, er gitt ut i eit hefte i Forsandserien 1998⁷⁸, men utan originalt notemateriale eller kjeldetilvisingar. Det er såleis ei viktig oppgåve å sikre originalmaterialet, eventuelt gjera nye opptak med informantar for å dokumentere materiale som ikkje er tatt vare på.

Namnegransking

Stadnamn er ei kjelde til kunnskap om tidlegare tiders bruk av kulturlandskapet, men etter kvart som ein ikkje lenger treng utnytte naturressursane på same måten for å overleve, går også stadnamna tapt. Det har derfor vore gjennomført ein del aksjonar for å samle inn stadnamn frå eldre folk som ennå hugsar dei.

I Forsand blei det gjennomført ei stadnamninnsamling tidleg på 1980-talet. Materialet ligg arkivert på Universitetet i Stavanger, og er tilgjengeleg for studentar der. Materialet frå Forsand ligg i hovudsak føre som store kart der informantane har sett på stadnamn. I tillegg er det ein del materiale på lause ark. Materialet frå Forsand blei i 2018 skanna og ligg nå føre i kopi i Forsand kommune.

Universitetet har ein praksis for å tillate at lokale historielag får avfotografere eller skanne materiale som måtte vera av interesse.⁷⁹

Det har vore diskutert om stadnamna burde fått ein større plass i kulturminneplanen, men konklusjonen blei at materialet er for lite bearbeidd til at det er praktisk muleg nå. I staden er det tatt initiativ til eit særskilt prosjekt for å løfte fram materialet om stadnamna i Forsand. Dette arbeidet kjem i gang i 2020.





DEL II
HANDLINGSDELEN

Viktige kulturminne i Forsand



Lysefjorden har eit stort potensiale for kulturminnebasert verdiskaping.

Når ein skal prioritere tiltak vil det vera nyttig å vita kva som er viktig og kva som er mindre viktig. Men det er ikkje eit enkelt spørsmål, for kva er eit kulturminne viktig i forhold til?

Riksantikvaren lista opp tre grupper av verdiar i vurderinga av kulturminne: Kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Alle desse verdiene kan knytast til dei fleste av dei kulturminna vi har løfta fram her, men somme meir enn andre.

Kunnskapen om og opplevinga av fornminna sit ofte langt inne, fordi dei er vanskeleg tilgjengelege og ikkje så lett å sjå eller forstå utan kunnig assistanse. Med eit par unnatak, og der Landa er det viktigaste. Landa er eit fornminnefunn av nasjonal og internasjonal interesse. Landa må vera eit kulturminne med høg prioritet, på linje med fornminne som andre stader i landet, t.d. på Karmøy, er gjort til gjenstand for omfattande formidlingstiltak og grunnlag for verdiskaping i området.

Frå nyare tid har primærnæringane etterlate ei stor mengde hus som både fortel oss om bruken av landskapet, byggeskikken og den sosiale strukturen i det gamle samfunnet. Det er velhaldne hus både på Forsand, i Kolabygda, Rossavik, Helle, Espedalen og i Lysefjorden. Det er hus som alt tiltrekker seg merksemend frå turistar av ulike slag, og det er hus som har stor bruksverdi etter å ha vore haldne ved like gjennom lang tid. Innimellom finst her enkelt-hus som har større autentisitet, har bevart meir av dei opphavlege karakteristika eller som framstår som gode representantar for den tidsperioden dei er i frå. Nokre miljø har likevel større utsagnskraft, eller kjeldeverdi, enn andre. Både på Forsand, og særleg i Espedalen er det restar av bygningsmiljø som framleis lar oss oppleve det gamle klyngetunet. Dette er unikt i ei tid der dei aller fleste klyngetuna er borte.

Utfordringa er at forvaltinga av bygningane på desse stadene, og dermed vedlikehaldet og den nåverande tilstanden er svært varierande. Det er ei blanding av godt vedlikehaldne hus og hus der forfallet kan vera såpass tydeleg at det virkar forstyrrende. For dei dårlegaste husa er såleis bruksverdien svekka. Men så lenge heilskapen er nokolunde intakt, vil det vera gode grunnar til å prioritere restane av klyngetuna, og særleg dei i Nedre og Øvre Espedal høgt.

Busetnaden i Lysefjorden må kunne tilleggast høg kunnskapsverdi gjennom å vise oss korleis folk har tilpassa seg til dels ekstreme føresetndar. Opplevinga av busettinga gir ein sterk tilleggsverdi for dei som besøker fjorden, og bruksverdien, forstått som lekk i verdiskaping, må vera stor ut frå det potensiale ein ser for utvikling av reiselivet i fjorden. Men også er her det urovekkande forfall somme stader, som, viss ingenting blir gjort, snart vil redusere dei nemnte verdiene.

I tillegg til den tradisjonelle busetnaden kan Lysefjorden by fram to kraftverksamfunn, av desse Flørli som alt er under utvikling som ein stad for bevaring og formidling av kulturminna som ein del av historieforteljinga på staden.

Lysefjorden er alt eit verdskjent turistmål. Fleire hundre tusen besøker fjorden kvart år for å sjå naturfenomena Prekestolen og Kjerag. Legg ein minna etter den tradisjonelle busetnaden og kraftverkssamfunnet i Flørli oppå dette, får ein eit område som både byr på eit svært stort potensiale for verdiskaping, men som også byr på store utfordringar av både organisatorisk og økonomisk karakter.

Samla sette kan det ikkje vera tvil om at Forsand er ein kommune som er rik på kulturminne, men der vernet og utnytting av potensialet i kulturminna, byr på mange og store utfordringar.

Kva trugar kulturminna?

Dersom vi er samde om at Forsand forvaltar kulturminne av stor verdi, og at det er eit mål å redusere tapet av desse kulturminna til eit minimum, vil første delen av ein handlingsplan vera å analysere kva som trugar kulturminna. Kva slag hendingar er det som fører til tap av kulturminne, kva er årsaken til desse hendingane, kor stor sjanse er det for at hendingane vil inntrefje, og kva vil konsekvensane av uønska hendingar vera. Har vi svar på slike spørsmål, vil vi også kunne planlegge tiltak for å unngå tap av kulturminne.

ALMINNELEG FORFALL

I arbeidet med denne planen har vi søkt å etterga dei registreringane av kulturminne som er gjort tidlegare. Mellom desse har SEFRAK-registreringane vore dei viktigaste. Søket etter SEFRAK-registrerte bygningar har avdekkat at Forsand har tapt, eller er i ferd med å tape, eit stort tal slike bygningar, utan at vi har godt nok grunnlag til å talfeste tapet. Det er mange grunnar til dette, som vi skal komma inn på etter kvart, men det vi kan kalle alminneleg forfall er ein slik grunn, eller helst ei knippe av grunnar som på eit vis har naturlege årsakar, men som også kviler på korleis bygninga blir forvalta.

Vi bur i eit område av landet der klimaet skaper utfordringar for bygningsvernet. Fuktige somrar og milde vintrar gir grobotn for rask nedbryting av materialar som ikkje blir godt vedlikehaldne. Mikroorganismar, planter og dyr svekkar raskt overflater og konstruksjonar. Sopp, mugg, bakteriar, lav, mose og insekt har alle gode levekår i eit fuktig og mildt klima. Frostsprenging, saltkristallisering og mekaniske skader følgjer av stråling, varme, vatn, vind og luftureining. Hyppigare veksling mellom eit mildt og fuktig verlag og frostperiodar om vinteren er særleg utfordrande for murverk av alle slag. Rust og annan korrosjon er følgjer av dei same forholda, men metall blir også påvirkta av salt og forsuringe ureining. Ekstremvêr fører til fleire tilfelle av brå skader.

Forsand er utsett for alt dette, og det blir verre. Klimaendringane starta alt på 1980-talet. Vi har sidan hatt ein tydeleg temperaturauke, men også nedbören har auka. Same kva scenario ein ser for seg i arbeidet med å redusere den globale oppvarminga, ser det ut til at vi må rekne med eit varmare klima, meir nedbør, og auke i hendingar



Så gale kan det gå. Dette er frå Kallastein, men varierande grad av forfall finn ein over alt i Forsand.

med ekstremver. Dette vil få konsekvensar for bygningsvernet. Det vil føre til eit veksande vedlikehaldsbehov, behov for større kompetanse i bygningsvernet og evne til strengare prioritering.⁸⁰

Behovet for eit bygningsvern som bygger på planar og systematikk er påtrengjande. Klimaet er ein bakanforliggende årsak til eit akselererande forfall, men det er forvaltinga av bygningane som fører til eventuelle konsekvensar av forholda. Det er eit mangelfullt og ukunnig vedlikehald som gjer at bygningar blir brotne ned.

Det alminnelege forfallet er det største trugsmålet mot kulturminne i Forsand.

BYGGEARBEID

Byggearbeid kan sjå ut til å vera det nest største trugsmålet. I arbeidet med å ettergå SEFRAK-materialet har vi sett at mange bygningar har gått tapt fordi dei er rivne eller ombygde, anten fordi dei ikkje kunne brukast lengre slik dei var, eller fordi det skulle byggast noko anna i staden. I landbruket er det endringar i driftsopplegget, eller behov for modernisering av driftsbygningar som fører til slike endringar.

Vi bur i eit velstandssamfunn, der dei som ser syn på slikt, har god råd til å stelle godt med husa sine. Men kompetansen i arbeidet med oppussing, modernisering, rehabilitering eller restaurering eller kva ein kallar det, strekkjer ikkje alltid til oppgåva, verken hos byggherren, handverkarken eller i byggvarebutikken. Resultatet kan bli eit dårlegare bygg, redusert autentisitet og fallande verdi.

Kunnskapen om dei materialane og dei byggemetodane som blei brukte tidlegare har i stor grad gått tapt, og vi er tilbøyelige til å tru at det nyaste er det beste. Slik er det ikkje alltid når nytt skal koplast til gammalt, då kan nytt gjera vondt verre. Vi skal gi eit par døme.

Skifte av glas⁸¹ står ofte høgt på agendaen når ein ser behov for oppussing. Dei gamle er gisne, stygge og målingsslitte. I dag brukar vi isolerglas som både er tette og lette å halde ved like. Problemet er at det er vanskeleg å forme inndelinga av glaset på same måten som det gamle når eit isolerglas skal erstatter enkeltruter. Omramminga og sprossene blir ofte overdimensjonerte, og uttrykket i glaset, og dermed heile fasaden blir endra. Så prøver somme å løyse utfordringa med å lime tynne sprosser på eit stort isolerglas. Resultatet blir ei kulisje som gjer huset mindre ekte. Ei mellomløysing kan vera å bruke kopla glas, der det ytre glaset er delt opp med gjennomgående sprosser, medan det er ei heil rute på innsida.

Det beste er å bruke om att det gamle glaset. Gamle glas er som regel produsert i nøye utvald treverk som toler ei restaurering. Med litt øving kan dei fleste greie å ta ut rutene i eit glas, gjera ramma og sprossene reine for kitt og måling, preparere det på nytt, og setta inn att rutene med nytt kitt. Om ein ikkje kan det, tilbyr m.a. Fortidsminneforeininga kurs i restaurering av glas. Så er det eit spørsmål om ein treng dobbelt glas. Finn ein at det er nødvendig, kan det vera ei god løysing å setta eit varaglas på innsida om vinteren.

Og så er det kledningen og overflatebehandlinga. Det som ein får kjøpt som handelsware til kledning i dag er ikkje utvald materiale. Mange brukar dessutan trykkimpregnerte materialar, som har vist seg å ha ei god evne til å leie fukt. Trykkimpregnerte materialar inntil materialar og konstruksjonar som ikkje er trykkimpregnerte, kan såleis føre til eit dårleg resultat. I Ryfylke er det likevel mange utvegar til å få bestilt spesialtilpassa materiale på gards- og bygdesager. Då kan ein få materialar med den utforminga som er frå før, og ein kan få kledningsmaterialar som er høvla på utsida, og som dermed vil vera mindre utsett for forureining og rotesopp.

Fram til 1950-talet var all måling basert på lin- eller tranolje. Dette var ei diffusjonsopen



Våningshuset på Forsandgarden har fine detaljer av rokokko i andre etasje. Kanskje har det vore glas med doble ruter i parvise rammer i første etasje. Kanskje har bestillinga vore nye glas som liknar på dei i andre etasje. Men leverandøren har ikkje lukkast med oppgåva, og huset har fått glas som er heilt ute av proporsjonar, som ikkje tar opp att dei opphavlege detaljane, og som reduserer den arkitektoniske kvaliteten til huset.
Foto: Roy Høibo/Ryfylkemuseet.

måling som altså tillet fukt å koma både inn i og gå ut av materialane. Så kom den ferdig-blanda alkydoljemålinga, og etter kvart enda verre ting ein kunne kline på veggen. Dette er mykje tettare målingstyper, og dersom det likevel kjem fukt på innsida, som det alltid gjer, og materialane ikkje er av første sort, vil fukten bli verande der over lengre tid, og vi får rote i veggen. Moderne måling på gammal linoljemåling gir dessutan ofte eit dårlig resultat, med bløring og avlassing som følgje.

Det er og ei overdriven tru på behovet for omfattande isolasjon. For komforten sin del kan det vera gode grunnar til å isolere golv og tak, men eit hus som har litt av pusteevna intakt, kan vera eit vel så sunt hus både for sin eigen del og for dei som bur i det, enn eit pottetett hus med fuktspærre og tjukke lag av isolasjon i alle retningar.

Poenget er at dei gamle husa er gamle fordi dei blei bygde på ein måte og med slike materialar at dei skulle vere ei stund og vera gode å bu i. Ved oppussing og vedlikehald av slike hus bør vi spele på lag med huset, og vidareføre den materialebruken og den forståinga av konstruksjonen som ligg til grunn for bygginga av huset.

ANDRE TRUGSMÅL

Brå hendingar

Veret kan føre til brå hendingar som følge av flaum, ras, stormflo og vindfall. Ettersom ein del av auken i nedbøren ser ut til å komma i form av store nedbørsmengder over stutt tid, må vi rekne med meir av dette slaget. I kombinasjon med snøsmelting kan det få fatale konsekvensar. Brå hendingar kan også råke bygningar som følge av ulukker, brann og skadeverk.

Framandelement

Ein variant av byggearbeid er nye element som blir tilført eit bygningsmiljø, og som blir plassert på ein slik måte, har ei slik utforming, eller har ein funksjon som forstyrrar bygningsmiljøet, og av og til fører til ei forsøpling, jfr. plassering av varmepumper, parabolantener og brannstiger, plassering av utstyr for sortering og levering av avfall, og til plassering og utforming av postkassestativ.

HMS-arbeidet er ei omseggripande verksemld som gjer at faren for skader og ulukker i arbeidslivet minkar, og at tilgjenger til bygningar og areal blir lettare for dei som er rørslehemma. Men det fører og til endringar i og kring bygningar som kan vera i konflikt med ønske om vern av heilskap og detaljar. Som i mange andre tilfelle der ulike omsyn må vegast opp mot kvarandre, vil det også ved gjennomføring av HMS-tiltak vera nødvendig å vurdere alternative løysingar for, om muleg, å unngå å forringe verdien til bygningar som kulturminne.

Tilgroing

Tilgroing har vore eit trugsmål mot kulturminne lenge, men tilgroinga aukar med eit fuktigare og mildare klima, og med lengre vekstseson. Dette ser vi både i det rurale landskapet, og i sentrale strok. Tilgroing skaper ugunstige lokalklima kring bygningar, og hindrar innsikt og utsyn. Det veks alle stader, og berre ein aktiv innsats mot tilveksten kan hindre attgroing.



Virkemiddel i kulturminnevernet

Avhengig av utgangspunkt og mål for kulturminnevernet, rår kommunane over ei rekke virkemiddel for å fremje kulturminnevernet. Vi skal nå gjera greie for kva strategiar og tiltak som kan vera mest aktuelle i Forsand, men skal først peike på nokre generelle virkemiddel.

LEGALE VIRKEMIDDEL

I kommuneplanen kan kulturminne, kulturmiljø og landskap sikrast gjennom omsynssoner, føresegner til arealformål eller generelle føresegner. Omsynssoner (bokmål: hensynssoner) er det viktigaste virkemiddelet. Ei omsynssone, med tilhøyrande føresegner og retningslinjer, kan vise omsyn og restriksjonar som er viktige for bruken av arealet. Omsynssona skal vise kva omsyn ein skal ivareta innanfor sona, uavhengig av kva arealbruk det blir planlagd for.

Reguleringsplanar kan brukast som formings- og styringsverktøy der kulturminneinteressene er premiss for det som kan gjerast i planområdet. Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan også sikrast gjennom arealformål LNFR med underformål vern av kulturminne og kulturmiljø, gjennom omsynssoner med tilhørende føresegner, og føresegner til arealformål. Føresegnene i ein reguleringsplan er heilt vesentleg for ei god forvalting av område med kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsinteresser. Erfaringane er at føresegnene må vera presise og konkrete.

Kulturminneplanen for Forsand er utarbeidd som forslag til ein kommunedelplan etter Plan- og bygningslova, der den første delen gir eit oversyn over kunnskapsgrunnlaget og den andre delen foreslår tiltak for å ivareta kulturminnevernet. Det følgjer av dette at det blir utarbeidd ein handlingsdel for dei nærmaste fire åra, del 2 av kulturminneplanen, og at han gjennomgår ei årleg revidering. Tiltak som kan ha konsekvensar for arealdisponering blir vist i kart som følgjer som vedlegg til planen.

Utanom dei virkemidla kommunen har gjennom sitt planarbeid, er det strengaste virkemiddelet i kulturminnevernet freding. Ein del kulturminne er automatisk freda. Dette gjeld faste kulturminne frå før reformasjonen (1536) og ståande byggverk med opphav frå perioden 1536–1649.⁸² I Forsand er det ei stor mengde automatisk freda fornminne, men ingen ståande bygg frå perioden før 1650.

Eit vedtak om freding av nyare kulturminne (frå etter 1650) skjer etter kulturminne-lova og fører til at det er forbode å gjennomføre endringar av kulturminnet utan løyve frå kulturminnestyresmaktene. Initiativet kan springe ut av allmenne interesser, ønske frå eigar, eller ha utgangspunkt i kommunen eller fylkeskommunen. Dei fleste fredingsakene blir førebudde av fylkeskommunen, medan Riksantikvaren er delegert vedtaksmyndighet. Eigaren, kommunen og andre skal bli høyrde i arbeidet med ei fredingssak. Det er ingen freda bygg frå nyare tid i Forsand.

Større område kan vernast gjennom etablering av landskapsvernombord, naturreservat eller nasjonalparkar etter naturvernlova. Forsand kommune er kjent med slike vernearbeid gjennom verneplanen for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord. I denne er det også vist til kulturminne i området.

Planlegging, regulering og freding er legale virkemiddel som legg avgrensingar og restriksjonar på tiltak knytt til enkeltobjekt eller område. Det finst ei rekke andre virkemiddel som kan ha til formål å styrke kunnskapen og interessa for kulturminne eller støtte arbeidet med vern av kulturminna.

Retningslinjer

I byggesaksforskrifta⁸³ er det meir presise retningslinjer både for kva som er å rekne som verneverdige bygningar og korleis kommunen kan agere for å sikre at slike bygningar ikkje går tapt.

I kulturminneplanen for Sandnes⁸⁴ er det utarbeidd detaljerte retningslinjer i 13 punkt for område som blir foreslått til spesialområde bevaring og for enkeltobjekt som ein føreset at ikkje blir regulert. Vi har tatt retningslinjene med som vedlegg bakarst i planforslaget.

I Forsand kommune er det førebels berre eitt slikt område, det er delar av Bergevik. Det er ikkje utarbeidd detaljerte retningslinjer for behandling av byggesaker i området.

ANDRE VIRKEMIDDEL I KULTURMINNEVERNEN

Tilrettelegging, oppmuntring og formidling

Skilting, rydding og tilrettelegging, publikasjonar, utstillingar, arrangement og nettbaserte formidlingstiltak er døme på tiltak som kan bidra til å gjera kulturminna kjende, attraktive og tilgjengelege.

Rettleiingar, konsulenthjelp, premiering og tilskott er døme på tiltak som oppmuntrar til og støttar arbeidet med å ta vare på bygningar som har kulturhistorisk interesse. Fortidsminneforeningen i Rogaland delar kvart år ut ein vernepris for førebileteleg bevaring av bygningsarven.

Tilskottsordningar

Det finst nasjonale og regionale tilskottsordningar som kan vera ei støtte i arbeidet med å ta vare på verneverdige bygningar. I delar av landet der ein har lagt stor vekt på rettleiing og hjelp med skriving av søknadar, har dette vore viktige kjelder til finansiering av bygningsvernet. Rogaland er ikkje mellom dei fylka som har greidd å hente ut den største delen av tilskotta frå t.d. Norsk kulturminnefond.



Det er mange støtteordningar for kulturminnevernet, men fortidslandsbyen Landa ser ut til å falle mellom alle stolar, og må basere seg på idealisme og frivillig arbeid. Her er drivarane Bernd Kühne og Jeanette Schrage, med besøk av dei frivillige hjelparane Stephan Beycher og Raphaela Bernard.

Dei største tilskotta til bygningsvernet kjem frå Norsk Kulturmingefond. Kulturmingefondet blei etablert i 2003 og har sidan delt ut fleire hundre millionar i støtte til eit stort tal tiltak. Fondet kallar tilskottssordninga eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten dei eig kulturminna sjølv eller forvaltar dei på vegner av andre, kan søke.

Kulturmingefondet støtter tiltak på alle typar faste kulturminne, t.d.: Buplassar, bygningar, båtar, hageanlegg og kulturlandskap.⁸⁵

Kulturmingefondet har sjølv peika på at det er ei utfordring at ein etter måten liten del av midlane blir delt ut til tiltak på Vestlandet. Det kan skuldast at rettleiingstenesta her er dårlig, eller heilt fråverande, og at det blir skrive få søknadar. I fylkeskommunar og kommunar der dei har satsa på ei rettleiingsteneste oppnår dei årleg store tilskott frå Kulturmingefondet. Her, som i forhold til andre støtteordningar, vil det vera ein fordel at dei kulturminna det blir søkt om tilskott til er omfatta av eit vernetiltak.

Eigarar av kulturminne som er berettig produksjonstilskott i landbruket kan søke om SMIL-midlar. SMIL er ei offentleg tilskottssordning som blir forvalta lokalt av kommunane. SMILs kulturlandskapstiltak kan brukast til istandsetting og skjøtsel av jordbrukets kulturminne. I 2017 var det sett av 95 mill. kroner til bevaring av verneverdige bygningar. Dette er midlar som blir administrerte av dei lokale landbrukskontora.⁸⁶

Norsk Kulturarv er ei stifting som har til formål å sikre kulturarven gjennom berekraftig bruk. Norsk Kulturarv har ei rekke aktivitetar, men tilbyr også støtte gjennom målretta aksjonar. «Ta et tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar som har kulturhistorisk verdi. Det er ein fordel å legge med uttale frå antikvarisk styresmakt

eller dokumentasjon på registrering i SEFRAK når ein søker. «Rydd et kulturminne» er ein aksjon som gir støtte til aktivitetar der barn og unge blir engasjerte til å ta del i det lokale kulturminnevernet. Les meir om desse aksjonane på heimesida til Norsk Kulturarv.⁸⁷

Stiftelsen UNI er ein allmennytig stiftelse som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminner. For søknadar om støtte til kulturminnevern krev stiftelsen dokumentasjon av verneverdien. Søknadar blir behandla fortløpende, som regel seks gonger i året. Sjå nærmare om krav til søknad heimesida til stiftelsen.⁸⁸

Fortidsminneforeningen har to støtteordningar, ein lokal og ein nasjonal. Den lokale er Antikvarisk vernefond Rogaland og Konrad Foldoys fond som blir forvalta av Fortidsminneforeningen avd. Rogaland. Målet med tilskott frå fonda er «å heve den antikvariske kvaliteten ved forvaltningen av tilskuddsobjektene». Det blir knytt klare vilkår til tilskotta, og Fortidsminneforeningen deltar også i mange tilfelle med antikvarisk konsulenthjelp på byggeplassen. Søknadar blir behandla 15. april og 15. oktober kvart år. For nærmare informasjon om utvegen til støtte frå fonda, kontakt Fortidsminneforeningen.⁸⁹

Nasjonalt forvaltar Fortidsminneforeningen relativt store midlar frå Sparebankstiftelsen DNB som blir kanaliserte gjennom prosjektet Kulturminner for alle. Hovudmåla for prosjektet er å styrke og ivareta dei gamle handverka og sikre kulturminne som er allment tilgjengelege. Eigarar av kulturminne som står i fare for å gå tapt kan søke om midlar frå prosjektet. Tiltak som har fokus på kompetanseoverføring blir prioritert. Bygningar det blir søkt om støtte til må dessutan vera tilgjengelege for alle, og ha ein plan for vidare bruk. Les meir om prosjektet på heimesida til Fortidsminneforeningen.⁹⁰

Gjennom fylkeskommunen er det råd å søke om tilskott til freda bygg og anlegg. Men det er ikkje til så stor hjelp for Forsand, som førebels ikkje har slike freda bygg og anlegg frå nyare tid. Men så er det også ei ordning for tilskott til verneverdige bygg og anlegg som blir vurdert til å ha «særleg kultur- og/eller arkitekturhistorisk lokal og regional verdi». Tilskottsordninga er meint å dekke ein del av meirkostnadane ved vedlikehald og istandsetting etter antikvariske prinsipp. Fylkeskommunen prioriterer bygningar som er registrerte i klasse A eller B i SEFRAK, og bygningar som er regulerte til spesialområde eller omsynssone. Søknadsfristen er 1. november kvart år.⁹¹

Eigarar av landbruksbygningar kan i tillegg søke om tilskott frå det som blir kalla Regionalt miljøprogram.

Strategiar og tiltak

Ettersom Forsand ikkje tidlegare har hatt ein kulturminneplan, og det kan sjå ut til at medvitet om og engasjementet for kulturminnevern er nokså varierande, kan det vera ein nærliggande strategi å setta i verk tiltak som kan bidra til å styrke kunnskapen om og ønskja om å ta vare på kulturminna. Aktuelle tiltak er utgiving av publikasjonar, skilting, arrangement, utstillingar og nettbaserte informasjonstiltak.

Dernest kan det sjå ut til å vera eit allment behov for å styrke kompetansen i arbeidet med å ta vare på bygningar som kulturminne. Tiltak som kan styrke slik kompetanse bør derfor vera høgt prioritert. Aktuelle tiltak er tilbod om kurs, utarbeiding av rettleiingar, og eventuelt konsulenthjelp. Ein kan også vurdere utvegen til å etablere ein byggeskikkpris for å løfte fram gode døme på vern av kulturminne.

På eit par område ser det ut til å vera nødvendig å etablere betre samarbeidstiltak. Ein god strategi kan såleis vera å ta initiativ til ei betre organisering av arbeidet med vern, formidling og verdiskaping. Det er mange aktørar som har interesser knytt opp mot kulturminnevernet. Gjennom betre kommunikasjon og større samhandlinga kunne ein håpe på større synergiar.

Endeleg er det eit par område der ein bør vurdere bruk av legale virkemiddel, i første rekke gjennom etablering av omsynssoner i arealdelen av kommuneplanen.

På lengre sikt vil det vera nødvendig å styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom ein systematisk revisjon av SEFRÅK-registeret, og nyregistrering i tidsperiodar og i område som er mangelfullt registrerte.

Ut frå desse føresetnadane foreslår vi følgjande strategiar med tilordna tiltak:

1.0 ALLMENNE TILTAK

1.1 Styrke medvitet om bygningsarven

Forsand kommune vil styrke medvitet om bygningsarven som grunnlag for kunnskap, opplevelingar og verdiskaping.

1.1.1 Publikasjonar

Etter arbeidet med kulturminneplanen ligg det føre eit oversyn og eit bildemateriale som kan danne grunnlag for ei praktbok om kulturminne i Forsand. Det er rimeleg å tru at ei slik bok ville kunne styrke både stoltheita over kulturminna, kunnskapen om dei, og ønskja om å ta vare på dei. Vi foreslår at det blir sett i gang produksjon av ei praktbok med grunnlag i materialet frå arbeidet med kulturminneplanen. Tiltaket vil ha kostnad knytt til redigering, lay-out og produksjon.

Forsand kommune har frå før fleire mindre publikasjonar (hefte og brosjyrar) om utvalde kulturminne. Det kan vera aktuelt å bygge vidare på praksisen med å gi ut slike publikasjonar. Det kan vera ein fordel om dei får ei form som gjer dei attraktive som publikasjonar i ein serie om kulturminne i Forsand.

1.1.2 Skilting

Skilting – retningskilt og opplysningskilt – vil vera eit enkelt og relativt rimeleg tiltak for å gjera publikum merksame på kulturminna, og hjelpe dei til å finne fram og forstå kva dei ser.

Skilting er aktuelt både for fornminne og kulturminne frå nyare tid. Fleire stader bør det ligge til rette for fornying av konseptet «kultursti».

Aktuelle skilt kan vera retningsvisande skilt, opplysningsstavler ved kulturminnet, og skilt/plakettar plassert direkte på bygningar.

Det bør utarbeidast ein skiltplan i samarbeid med grunneigarar og faginstitusjonar (Arkeologisk museum, Ryfylkemuseet, Fortidsminneforeininga avd. Ryfylke).

Ein skiltplan vil ha kostnad knytt til planlegging, produksjon og montering av skilt.

1.1.3 Skjøtsel

I nær tilknyting til ein skiltplan vil det i ein del tilfelle vera nødvendig å rydde både tilkomsten og sjølv kulturminnet for vegetasjon.

1.1.4 Utstillingar

Det har vore fleire utgreiingar om historiske utstillingar i Forsand. I 1998 blei det laga ei utgreiing om museumsbygg. Utvalet som laga utgreiinga peika på to alternative løysingar. Den eine var å bygge rom for utstillinga av gjenstandssamlinga til Forsand bygdemuseum i tilknyting til Fortidslandsbyen Landa. Den andre var eit meir omfattande alternativ der det skulle vera rom for både faste og temporære utstillingar.⁹²

Ti år etter blei det, i samarbeid mellom kulturtkontoret og Ryfylkemuseet, stelt til ein museumsplan for Forsand. I denne planen blei det lista opp fleire tiltak knytt til fotosamlinga, Sisselhuset, Pilt-Ola, sjøhuset i Bergevik, folkemusikk, digitale forteljingar, utstilling om dei tre kunstnarane og eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om steinindustrien. Mulege formidlingsarenaer var sjøhuset i Bergevik, kommunehuset, kulturhuset, Forsandheimen, Lysefjordsenteret, Sisselhuset, Bakken gard, Flørli og Prekestolen fjellstove.⁹³

Endeleg blei det i 2014 utarbeidd eit forprosjekt om formidling av krafthistoria i Lysefjorden. Dette var eit ambisiøst prosjekt som omfatta både Flørli og Lysebotn.⁹⁴

Kraftstasjonen i Flørli tilbyr areal og volum som ligg til rette for utstillinger både om kraftproduksjonen og det tradisjonelle livet i fjorden.

Ein bør vurdere å produsere ei ny og robust utstilling i sjøhuset i Bergevik.

Ingen av desse utgreiingane er følgt opp slik som tenkt, men kulturkontoret har drive ei utstillingsverksemeld i sjøhuset i Bergevik og i kommunehuset på Forsand. Ryfylkemuseet har stelt til ei enkel plakatutstilling på Prekestolen fjellstove.

Formålet med historiske utstillinger kan vera å fungere som appetittvekkjar, gi utfyllande informasjon, skape orden i og oversyn over historia eller gi ei tilleggsoppleveling ved besök på kulturminnet.

Utstillinger kan vera mindre punktutstillinger, jfr. utstillingane på kommunehuset, eller utstillinger som set staden inn i ein større samanheng, jfr. utstillinga på sjøhuset.

Utfordringa er mangelen på eigna lokale for attraktive utstillinger, men det bør ikke vera til hinder for at ein arbeider vidare med planar for utstillinger i dei lokala som finst.

Sjøhuset i Bergevik har eit klima som krev robuste løysingar. I dag finst slike løysingar, og det er fullt muleg å produsere ei utstilling i sjøhuset som både er opplysende og som kan vera ei oppleveling å få med seg. Det kan vera gode grunnar til å bygge vidare på og utvikle det vernearbeidet ein har prøvd å få til i Bergevik.

Så kunne det gitt mening å få til ei utstilling om forhistoria i Forsand i tilknyting til Fortidslandsbyen på Landa. Men dette bør gå inn i ein eventuell større plan for utvikling av Landa. Sjå meir om dette nedanfor.

Likewise bør ein arbeide vidare for å få til ei utstilling om kraftkommunen Forsand i Flørli. Også dette kjem vi tilbake til nedanfor.

I tilknyting til Prekestolen har Lysefjorden Utvikling lansert ambisiøse planar for ein informasjonssenter. Det har ikkje lukkast å finansiere eit slikt senter, men skulle dette bli ein realitet vil det vera naturleg å tilby informasjon om Forsand her.

Gode utstillinger krev engasjement av fagfolk både for innhaltsproduksjon og utforming. Om ein vel å prioritere arbeidet med utstillinger vil det vera fornuftig å gå vegen om eit forprosjekt som kan gi grunnlag for søknadar om prosjektfinansiering. Vi vil rá til at ein set arbeid med utstillinger om den generelle historia (Bergevik), førhistoria (Landa) og kraftproduksjonen (Flørli) inn i eit handlingsprogram.

1.1.5 Arrangement

Forsand kommune har tradisjon for arrangement og vandringer i tilknyting til kulturminne, gjerne i samarbeid med andre (Sogelaget, Turistforeninga, Fortidsminneforeningen). Vi ser også i andre bygder at turar, vandringer og andre arrangement trekker til seg eit interessert publikum. Dette er ein aktivitet som bør halde fram.

Det bør vera eit særlig grunnlag for å arrangere guida turar i dei enkelte bygdene der ein, etter avtale med grunneigarane, kan gå «gardimellom» og bli kjent med bygningar og landskap, og kanskje koma inn og få seg kaffe og ein smak av noko attå der det måtte ligga til rette for det.

Målgruppa for slike tiltak vil gjerne vera eigne innbyggjarar eller folk frå dei nærmaste bygdene, og leiarane vil ofte vera kommunalt tilsette eller frivillige. Med aukande turisme og større etterspurnad etter innhaltsopplevelingar, ser vi og at det fleire stader oppstår grunnlag for kvalifisert guiding. Dette bør det etter kvart vera grunnlag for også i Forsand.

1.1.6 Nettbaserte formidlingstiltak

Internett er den viktigaste kjelda til kunnskap om attraksjonar og reisemål. Samtidig er dei nettbaserte tenestene i så rask utvikling at det er nødvendig å gjera gode prioriteringar for å få utteljing for eventuelle investeringar i nettet.

I dag er dei kulturbaserte reisemåla i Forsand svakt representerte på nettsidene. Det vil vera naturleg å sjå ei styrking av representasjonen på nettet i tilknyting til arbeidet med utvikling av nye attraksjonar, utstillinger og eventuelle tilbod om omvisingar.





Da Fortidsminneforeningen, avd. Ryfylke, arrangerte tur til Håheller i juni 2018 meldte det seg mange interesserte deltakarar.

1.2 Kvalitet

For å sikre god kvalitet på vernearbeidet vil Forsand kommune styrke kompetansen i alle ledd av byggeprosessen.

1.2.1 Kurs, seminar og foredrag

I alle ledd av bygningsvernet, hos Riksantikvaren, i musea og i Fortidsminneforeningen, er det dei siste åra blitt lagt stor vekt på auka kunnskap og styrka kompetanse. Dette er ei følge av ei sannkjennung av at store deler av den tradisjonelle handverkskompetansen har gått tapt gjennom industrialiseringa av byggeindustrien. Det blir drive eit systematisk arbeid for å hente fram, dokumentere og vidareføre tradisjonskunnskap om materialar, verktøy og arbeidsmetodar. Berre på denne måten er det muleg å drive eit truverdig arbeid med pleie, vedlikehald og restaurering av gamle bygningar.

Riksantikvaren, musea og Fortidsminneforeningen legg strengare krav til grunn for sitt arbeid enn ein alminneleg huseigar treng å gjera, men i møte med eit tøffare klima ser vi at tradisjonshandverket kan vera svaret på dei utfordringane som møter oss i strevet med å ta vare på bygningar.

Dette er kunnskap som ikkje berre huseigaren som byggjer treng å ha, men også handverkaren, ekspeditøren hos byggvarerforretninga og saksbehandlarane i kommunane og fylkeskommunane.

I Ryfylke har Ryfylkemuseet og Fortidsminneforeningen, avd. Ryfylke, invitert til fleire slike kurs, foredrag og møte dei siste åra. Det har vore samlingar både av teoretisk og praktisk art, og over stuttare og lengre tid.

Som ein del av eit arrangementsprogram, sjå ovanfor, vil vi rá til at det blir invitert til kurs, foredrag og seminar om ulike emne knytt til kulturminnevernet, gjerne i samarbeid med aktuelle institusjonar og foreiningar.

*Eit truverdig
bygningsvern må bygge
på god kunnskap om
materialar, verktøy og
bygningsteknikk.*

1.2.2 Byggeskikkpris

Ei rekke kommunar har oppretta prisar for godt bygningsvern og for god byggeskikk. Gjennom tildeling av slike prisar løftar ein fram det gode dømet, og ein oppmunstrar til val av gode løysingar.

Arbeidet med prisutdelinga blir gjerne delegert til eit utval som har med eksterne fagfolk frå arkitektkontor og museum.

Prisen har gjerne form av diplom, plakett og ein mindre pengesum.

Forsand kommune bør vurdere oppretting av ein pris for godt bygningsvern.

1.2.3 Hjelp og rettleiing

Rettleiinga til huseigarar er gjennomgåande svak i mange kommunar, men nokon har utarbeidd byggeskikkrettleiarar, t.d. Suldal kommune⁹⁵, andre har i avgrensa periodar tilbydd huseigarar praktisk hjelp med planlegging og søknad om tilskott, t.d. Sauda kommune.⁹⁶

Ei rettleiingsteneste vil vera til stor hjelp for den enkelte, og vil vera eit godt tiltak for å kvalitetssikre forvaltinga av dei verneverdige bygningane i kommunen. Det vil og kunne tilføre bygningsvernet større ressursar gjennom utarbeiding av kvalifiserte søknadar. Vi vil foreslå at Forsand kommune vurderer etablering av ei rettleiingsteneste for eigalar av verneverdige bygningar.

1.3 Økonomisk støtte

Forsand kommune vil støtte huseigarar som vil legge gode, antikvariske prinsipp til grunn for arbeidet med vedlikehald, restaurering og rehabilitering av verneverdige bygningar.

1.3.1 Eksterne tilskott

Vi har nå gjort greie for eksterne støtteordningar for vern av gamle hus. Det kan vera behov for hjelp og rettleiing for å få utarbeidd søknadar som fører til resultat i form av tilskott. Som ein del av ei rettleiingsteneste (sjå ovanfor) bør Forsand kommune legge til rette for at tiltakshavarar kan få hjelp til å fremje søknadar til eksterne tilskottsytarar.

1.3.2 Kommunale tilskott

Ein del kommunar set av midlar som støtte til kulturminnevernet i kommunen. Den enkelte utdelinga er ofte ikkje så stor, men det er ei oppmuntring, og kan vera ei hjelp til å ta meirkostnadene som kan følgje av å velja antikvarisk gode løysingar.

Forsand kommune bør vurdere å setta av midlar til støtte for kulturminnetiltak.

2.0 TILTAK FOR PRIORITERTE KULTURMINNE

Det går fram av omtalen ovanfor at nokre kulturmiljø peikar seg ut som særleg viktige både for kunnskapar om det gamle Forsand, for opplevinga av bygdene og som grunnlag for verdiskaping. For desse gjeld alle dei tiltaka ein allment måtte finne det føremålstenleg å setta i verk, men det kan og vera nødvendig å vurdere andre tiltak i tillegg.

Vi vil foreslå at Lysefjorden, inklusive Bergevik og Landa, og Espedalen blir gjort til satsingsområde i kulturminnevernet i Forsand.

*Det er behov for
betre samordning, ein
omforeint forvaltingsplan
og ei ny utstilling i Flørli.*

2.1 Lysefjorden

Eit løft for kulturminnevernet i Lysefjorden vil måtte føre til at ein tar alle tilgjengelege virkemiddel i bruk, og får til samarbeid mellom alle berørte partar. På Sunnmøre har ein lukkast med eit slik initiativ for å ta vare på kulturminne kring Storfjorden med fjordarmane Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Sidan starten i 1975 har Storfjordens venner restaurert meir enn 130 bygg på fjordgardane langs fjorden.⁹⁷

I Lysefjorden er det alt fleire interesser som bør vera potensielle samarbeidspartar. Særleg bør det vera interessant å utvikle samarbeidet med Stavanger Turistforening om utvikling av ei historisk vandrerute rundt Lysefjorden.

